


FOLK i Ryfylke 2000



Tema: Framtida



FOLK 2000 i Ryfylke

Årbok for Ryfylkemuseet

Redaktør: Olaug Nybø

Utgitt av Ryfylkemuseet

FOLK i Ryfylke

Årbok for Ryfylkemuseet

Redaktør: Olaug Nybø

Redaksjonsråd: Ernst Berge Drange,

Ruth Anne Moen,

Gaute Berge Nilsen

Foto: Forfattarane og Gaute Berge Nilsen

Utgivar: Ryfylkemuseet

4230 Sand

Telefon 52 79 29 50

Telefax 52 79 29 51

E-post: ryfymus@robin.no

ABONNEMENT:

FOLK i Ryfylke kjem ut ein gong i året.

Abonnementsprisen for 2000 er kr. 150,-

- og inkluderer medlemskap i Ryfylkemuseet og
eventuelt lokalt museumslag på heimstaden.

Medlemmane får i tillegg tilsendt nyhendebrev frå
museet og har fritt tilgjenge til alle avdelingar i

Ryfylkemuseet.

Postgirokonto 0808 5662911

Bankgirokonto 3202 07 01527

Sats, repro, trykk og innbinding: Allservice a.s.,

Stavanger

ISSN 0800-4692

*Framsida: Framtida er deira. Ulrik f.
desember -99 og Øyunn f. januar -00.*

Foto: Gry Heggli.

Innhald

- 3 Innhald
- 4 Forord
- 5 Ryfylke i fylket?
Av Anders M. Andersen
- 12 Måter å overleve på i Ryfylke
Av Otto Lagarhus
- 17 Båt- og ferjereisene reiste bygda sin sosiale kapital
Av Erik Fossåskaret
- 27 Ryfylkelandbruket og framtida
Av Øyvind Bergøy
- 29 Gardar og «landsteder» på bygdene
Av Tormod Skeie
- 31 Banketablering på Finnøy
Av Erik Rørtveit
- 34 Som en pensjonist ser det
Av Elvira Ekholt
- 35 Folkemusikk i framandt land
Av Tove Solheim
- 39 Folkemusikkarkivet – for fortida eller framtida?
Av Ruth Anne Moen
- 49 Museet som allmenning i bygdeutviklinga
Av Roy Høibo
- 70 Årsmelding 1999
- 79 Rekneskap 1999

Forord

Ved eit tusenårsskifte er det naturlig at ein stansar og summerer opp, samtidig som ein tenkjer meir enn ved andre årsskifte på kva framtida kan komme til å bringe.

Å sjå bakover er kvardagen til alle museumsfolk. Å sjå framover, det er det ikkje like opplagt for alle at vi gjør. Dette årsskriftet vil vise deg at Ryfylkemuseet er opptatt av framtida. Vi er også villige til å vere med og forme framtida, om vi får høve til det. Dei som kjenner oss veit at vi til og med har fått prisar for engasjementet vårt i samtida og med samfunnsferminga. Roy Høibo sin artikkel fortel om alt dette og meir til.

Det er nokre utvalde deler av tilværet som blir trekte fram i skriftet vårt, og forfattarane har ikkje skrive science fiction. Dei tar utgangspunkt i den nære fortida, skriv om kva som er verdt å ta vare på og åtvarar mot det dei ser som negative tendensar i tida.

Dette er ikkje konservativisme og «alt var betre før» – haldningar. Sjå bare Anders M. Andersen sine radikale tankar om fylkesinndelinga! Erik Rørtveit argumenterer for nyetablering, tvert imot rådande, opplest og vedtatte trendar i bankkrinsar. Og Otto Lagarhus råder politikarar og andre samfunnsplanleggjarar til å legge til rette for vekst og busetting, ikkje hemme dette ved reguleringar og stengsler.

Kom ikkje og sei at Ryfylke ikkje har ei framtid!

Ryfylke i fylket?

AV ANDERS M. ANDERSEN

Ryfylke er ikkje fylke, og Rogaland er ikkje land. Fylket er to, stundom tri byar som kranglar og slåst; stundom ope, oftare med hjelp av stråmenn, om utbyggingsplanar, marknader og bruk av milliardar. Det meste av planlegging, av politikk går føre seg i ei lita gruppe. Ikkje alle desse er politikarar. Det er toppane i fylkestinget, og så er det dei øvste i fylkesadministrasjonen, sjølv sagt. Men så er det og private banksjefar og entreprenørar og ikkje minst vegsjefen, som representerer og er staten, men og er stat i staten.

Gruppa er dels formelt, dels uformelt samansett. Noko av det gruppa driv med er hemmeleg, noko er offentleg. Kanskje er det rettast å seia at det meste er halvhemmeleg. Det er sjølv sagt ikkje demokratisk. Og inne i denne gruppa går det visst hardt føre seg. Fiendskapane er så djupe og gamle at mistrua sit i vegene, har me kunna lesa i avisene. Og dei leiande politikarane pressa ein medarbeidar til å lova å brenna opp papir der han hadde skrive ned kva desse politikarane hadde sagt. Ein må undrast på kva dei har føre seg.

Noko veit me. Me veit dei har direkte liner til maktorgana i Oslo. Der sit stortingspolitikarane frå fylket og syter for, på tvers av partigrenser, at kommunane og fylkeskommunen får stadig mindre å rutta med. Og me veit at det likevel flyt miliardar rundt i samfunnet, at statsinntektene er ufatteleg høge og at Stortinget styrer landet liksom det skulle mangla pengar. Det er jobbetid og sparetid på ein gong. Det er offentleg svelteforing og ei utruleg privat sløsing. Staten forsømer viktige oppgåver og pøser ut enorme summar på andre

område. Den sentrale maktrgruppa i Rogaland spelar sterkt med i dette spelet.

Planane dei har for Ryfylke er nedlegging. Dei seier ikkje rett ut at i Ryfylke vil me legga ned. Dei berre let det skje og legg sjølv ned. Den talen er klar nok. Ikkje alt blir lagt ned i fyrste omgang. Nedleggingar kan koma brått eller kan gå over fleire år. Det er berre det eine. Det andre er manglande planar for utbygging. Private eller offentlege investeringar på ein milliard eller to, eller om så berre hundre milionar; har nokon høyrt om det? Kvifor ikkje? Nordal Grieg spurde presist då Håkon Meyer hadde gjort planar om folke-teater om inkje: Hvad er det som driver denne mann; er det kun sløv likegyldighet eller er det aktiv ødeleggelseslyst? Dette er begge delar.


At dette er å ta hardt i? Dei ville legga ned sjukhuset i Sauda og sa dei måtte. Så måtte dei ikkje likevel då protestane blei sterke nok. Men dei ville. Dei ville ta ut ei av ferjene i det som er att av midtsambandet mellom Finnøy og dei andre øyane og Nedstrand. Der hadde dei fyrst laga forbod mot ferjer til Stavanger då dei knytte desse ferjene til Rennfastsambandet. Det meste av ferjeinntektene var så gått over til Rennfast, som var gjort til eige selskap. Men der var og brorparten av samferdslemillionane gått med, dei som etter Norsk Vegplan var etla til riksvegferjer for øyar utan fastlandssamband. Straks det kom ny ordning og samferdslemillionane ikkje lenger var øyremerkte, var planen klar. Å ha Rennfastinntektene i eigen kasse var lurt; slik somme gjer ved å laga eigne firma for det

eine og det andre. Inn i dette firmaet får dei og betala fulle bompengar som nyttar Skudeneshavna og ikkje fer gjennom tunnelane, ei skammeleg ordning som tek trafikk og inntekter frå Skudenessambandet og fører til at det sambandet og kjem i fare. Dermed var det slått fast at ferjer, til og med utan samband med Rennfast, skulle vera med og betala gildet. Derimot prøvde fylkeskommunen seg med at dei ikkje hadde råd til å halda oppe eit samband som er knytt til Rennfast og der pengane flyt rikeleg som resultat av monopolordninga fylket har laga. Det blei for grovt og ferja blei berga då denne samanhengen kom fram. Men dei prøvde seg og ville ha det til at fylkeskommunen ikkje hadde ansvar for både Rennfast og underskotet på ferjedrifta.

Så legg dei ned Tveit vidaregåande skule, den gamle jordbrukskulen på Nedstrand. Det og i året 2000. Ved

andre vidaregåande skular er det noko dei kallar kompetansesenter som driv kursverksemd av ymse profesjonelt slag. På Tveit skulle det vere minst like aktuelt, slik stoda er i jordbruket, der det trengst nysatsing og næringsutvikling. Den ideen blei stoppa. Skulen er i dag på mange vis forelda, men er ein flott eigedom ein kunne gjera mykje ut av. Og skulen har konsesjon og eige anlegg for fiskeoppdrett. Dette vil fylkesskulestyret leiga ut, i strid med avtale som gjeld fram til 2007 om opplæring i ei næringsgrein typisk for Ryfylke. I lang tid har fylkesadministrasjonen lagt opp til at denne jordbrukskulen skal leggast ned.

Ein skulle kanskje ikkje tru at jordbruksfylket Rogaland hadde jordbruksfiendslege politikarar av Oslo-typen. Kan henda er det ikkje det dei er heller. Kan henda er dei berre veike og perspektivlause så dei godtek det administrasjonen kjem med utan å kunna sjå ein



Kvite rundballar
skakar opp landska-
pet i Ryfylke også.
Her på Halsnøy.
Foto: Øystein/
Anna Kirsten
Hellevang

større samanheng. Krav til dei som skal driva jordbruk er i dag store, og vil bli større. Alt ser ikkje lyst ut. Å då legga ned jordbrukskulen vil få store skadeverknader.

I dag er det viktig å utvikla næringer knytte til jordbruket som kan gje breiare fagleg miljø, gje kvinnearbeidsplassar og få kvinner til å satsa på bygda og den garden ein del av dei har odselsrett til. Tveit har og hatt høg prosent kvinnelege elevar. Ein skal kanskje ikkje venta at skulebyråkratar har forståing for dette, men då skulle dei heller ikkje hatt noko med denne skulen å gjera. Politikarar som vil gje opp å satsa på jordbruk og jordbruksutdanning i Rogaland kan forståast og tilgjevast dersom dei trur dei sit i EU-kommisjonen. Ei sak som denne har den tunge maktgruppa i fylket ikkje vist interesse for. Det hadde nok ingen heller venta.

Så ligg Ryfylke der, litt bakanfor og utanfor; skilt ut så ingen skulle tru det er del av det mest ekspansive fylket i landet. Det er littlebroren og den fattige fetteren. Ikkje ein gong vegane er haldne ved like i Ryfylkebygden, heilt ulikt resten av fylket og uttrykk for konsekvent forsøming og likesæle.

Slik har det ikkje alltid vore, og Ryfylke er heller ikkje i dag noko fråflyttingsområde i nedgang og forfall slik ein kan møta i andre delar av landet og i størsteparten av Sverige. Folk arbeider og er fjåge; dei produserer tomat og agurk for heile landet, ein kultur unge finnøybuar tok til med då krisa herja jordbruket i 1930-åra. Her er småindustri og noko større, store uttak stein til eksport, fiskerinæringa er fornya. Her er lite ungdom og ein del ungkarar, men ikkje ungkarsbygder. Skuleunger fer med buss og båt og lagar liv, her er unge koner, driftige og trivelege folk slik her alltid har vore.


Så fort går det heller ikkje å riva ned aktivt næringsliv og moderne kultur. Jordbruket er heilt moderne og effektivt. Det er ikkje mange tiåra sidan bøndene på Ryfylkeøyane låg på topp i landet i inntekt, og jordbruket her har aldri stått til atters for det på Jæren. Ikkje

noko fjordområde i landet hadde så gode båtsamband med ferjer og snøggbåtar; her var Ryfylkefjordane fyrst og best etter revolusjonen med Fjorddrott i 1939 og den kvite flåten i etterkrigstida.


I politikk og kultur var Ryfylke tyngdepunktet fram til 1960-åra, hadde jamt fire-fem av dei ti stortingsrepresentantane frå fylket, og nokre av desse var dei mest framståande i si tid; slike som Kjell Bondevik og Lars Ramndal. Framståande intellektuelle gjorde seg gjeldande på riksplanet, slike som Asgaut Steinnes, Eirik Vandvik og Svale Solheim, framifrå forfattarar som ein har hatt før og sidan i Løland og Fløgstad hadde ein i dei åra i Alfred Hauge. Går me lenger tilbake, til 1814 og Eidsvoll, så var det i Eidsvollforsamlinga to frå Rogaland; begge desse kom frå Ryfylke, ein frå Bru og ein frå Finnøy. Det treng vel ikkje nemnast at det i dag og finst dugande, til dels framståande folk frå Ryfylke på ulike område slik som før. Om dei fleste av desse og ei rad andre er det vel rett å seia at dei kom frå eit kulturmiljø og ved det gjorde landet rikare utan å spela fargerike rollar lokalt.

Kva er det så som har ført Ryfylke i bakleksa? Det var fylke ein gong, i mellomalderen, og det var politisk makt fram til for berre nokre tiår sidan. I fylkestinget fram til 1960-åra, der ordførarane møtte, hadde Ryfylke ei stor gruppe. Då var det meir enn tjue Ryfylkekommunar. Med den nye fylkeskommunen kom ny inndeling i regionar, og då blei Ryfylke mykje mindre, redusert i fleire endar. Noko gjekk til Gjesdal og Sandnes, heile resten blei kløyvt og redusert til to tredjepartar eller så av det som før var Ryfylke. Ryfylkerådet er så få og så små at det dei driv med og får til blir smått, kor godt og vel det elles kan vera. Dette er eit punkt, og kanskje ikkje det viktigaste.

Men viktig nok. Oppdelinga i regionar og oppkløyvinga av Ryfylke fører til delplanar og stadig skeivare utvikling. Å dra Ryfylke inn i ei felles planlegging



Tunnel gjennom sjøen i Høgsfjorden. Tekning Statens vegvesen Rogaland



kunne gje løysingar på problem med areal til jordbruk, anna næringsverksemد og bustader. Stavangerpolitikarane og den sentrale maktgruppa ser pressproblema på Nord-Jæren som eit gode. Stadig større auke i folketallet, vanvittige husprisar og tettare trafikk vil dei ha, men helst ikkje kollektivtrafikk. Politikk er for dei forlenging av næringsverksemد om ikkje først og framst si eiga, så den og. Pressa på for meir profitt og meir press er oppskrifta, i politikk som i forretning. Så blir tenkinga der etter.

Store tunnelar og bruprosjekt skal knyta og binda ytre Ryfylkebygder til Stavanger utan at det dreg Ryfylke inn i planar for utbygging. Her står anna på spel, der perspektiva kan vera korte og interessene små, for ikkje å seja smålege. Plangrupper og utreknarar lagar tal som passar og let vera å laga andre planar, så slike løysingar står der utan tal. Og tenkte tal er realitar i denne verda. Når dei skyt hol på det prosjektet dei ikkje likar, som skal gå over Høgsfjord og er feil fordi

det fører inn i Sandnes, er det sjølv sagt ikkje for å koma med eit betre Høgsfjordprosjekt. Er eitt Høgsfjordprosjekt lite brukande, provar det at alle tenkelege Høgsfjordprosjekt er feil. Det er retorikken.

I ein samla plan for utbygging på Nord-Jæren og Ryfylke ville det vera enkelt å bygga ut bustadområde nær bystroka utan å øydelegga dyrka jord. Bru over Gandsfjorden og vidare over Høgsfjorden eller Idsal/Idse til Jørpelandsområdet ville gje det beste sambandet for store område som kan bli aktive og folkerike i framtida. Det er vel dette som er lytet. Tvers over Hidlefjorden og rett inn i eksisterande bustadområde i Stavanger med trafikken, det har dei tal for. Dei er truleg rette nok på den måten at kostnaden blir noko lågare, men får ein då noko som er verdt å ha? Ein spør ikkje slik.

Rennfast skulle vera så viktig, skulle vera starten på ferjefritt samband nordover. Men det blei ikkje raskare enn ferja som gjekk frå Randaberg til Bokn, berre mykje dyrare. Dei som tente på det var entreprenør-

kapitalen. Og det var godt for Rennesøybuen, velsigne han. Men så kjem det fram etter nokre år at Rennfast var ikkje fyrste steget for den ferjefrie kyststamvegen likevel. Det var framleis ferje, og no heiter det at Boknafjorden er for djup frå Rennesøy til Bokn. Det er ikkje nytt. Boknafjorden er ikkje blitt dupare på ti år, dei har visst kva dei gjorde. Og no vil dei ha ein til tunnel, mykje større og mykje lengre, ut til Kvitsøy og derifrå til Bokn. Og vegsjefen lokkar oss med at me skal kunna kjøra mellom Stavanger og Haugesund på så og så kort tid. Ein fartsdemagog som gjer stort nummer av nokre minutt som er med og aukar fartshysteriet med dei verknadane det har.

Dei er så sôte når dei kjem med grunnane og tankane sine. Ein høgropolitikar frå Stavanger, ein klok mann på mange måtar, skreiv i avisat at me måtte få Rennfast for å få slutt på den urennet det var at austlendingar kjørte fleire timer i bil enn oss vestlendingar. Men då det skulle byggast bruer mellom nokre av Sjernøyane, laga Stavangerborgarane med hytter på desse øyane protestaksjon.

Tenkemåten, den politiske filosofien som rår i dag blir gjerne kalla nyliberalisme. Liberalismen var i si tid ein fridomsfilosofi som skulle gjera menneska frie frå maktauthoritarar. Nyliberalismen i dag er ideologi, det vil seja falskt medvit, det økonomiske og politiske samfunnssystemet me no har er slett ikkje liberalt. Kapitalen er fri, slik han i grunnen alltid har vore, men me har heller ikkje eit liberalistisk økonomisk system, der den einskilde borgaren handlar fritt på marknaden. Tvert om.

Me har eit system av monopol der staten og private interesser går i hop så det er uråd å sjå kva tid og kor det statlege sluttar og det private tek over. Det dei før kalla privat initiativ er vekke både som realitet og slagord. Statlege investeringar sikrar privat profitt i tiltak som både er offentlege og private, eller ingen av

delane. Private investeringar, som i dag blir kalla risikovillig kapital, går då i staden til spekulative investeringar med gevinstar i hundremillionar- og milliardklassen. I dette systemet kjøper kapitalgruppene kvarandre og eig kvarandre. På børsen driv offentlege på same måten og spekulerer. Såleis er Stavanger Energi, for berre å ta eit tilfeldig døme, aktør på aksjemarknaden og kapitalist.

I dette systemet er mykje hemmeleg og endå meir uggjennomtrengeleg for innsikt utanfrå. Det politikarane seier i valkampar og debattar har i regelen lite samanheng med det dei gjer. Den synlege politikken er blitt mykje därleg og tomt snakk der symbol er realitetar og omvendt. I det privatstatlege systemet er politikarane fiksarar.

Dette har ikkje gagna Ryfylke. Ryfylke er heller ikkje staden for slike politikarar, har ikkje kultur for slikt. Fjordbuen og øybuen har skam i livet. Og meir enn det; Ola og Kari Ryfylking slår ikkje om seg med skrøyt og store planar, har ikkje noko ønske om å koma på verdskartet. Dei kan prøva nytt, setja i gang ikkje alt for stort i starten, og fyrst når det er i gjenge seier dei kva dei er i gang med, om einkvan spør.

Når eg, som er frå Stavanger interesserer meg for Ryfylke, er det fordi eg har kjent fjordfolk og øybuar frå eg var liten. Eg er vaksen opp på fjordabåtar i etterkrigsåra og har sett typane i den tida då livet utanfor kvar dagen var synleg og spela seg ut på dekket og i salongane på fjordbussane som rutebåtane blei kalla då. Det var dei som borda rutebåten i Sandsfjorden og Vindafjorden, ei svartkledd kone med sjal og med tine i handa og han i færingen som nikka så vidt då han rodde frå. Det var gutungar i skulehuva og småjenter i sommarkjole som kjøpte is av trisa som stod ved rekka dei sekunda båten var oppom kaien på Hebnes sundags ettermiddag. Og det var Saudakarane i øvresalongen i stinn røyk med Export Beer i flaskene som slo om seg

med dryge kraftuttrykk og sterke poeng. Han i gabardinfrakke og hatt som kom om bord lenger ute i fjorden snudde i døra og gjekk ned i damesalongen der han kunne ha kvinnene og verda frå ein annan synsvinkel enn dei ukjurne typane som ikkje høyrd heime nokon stad og skulle ut i ei farleg verd. Sjøgutane på reis heim i lysesblå eller grøn dress og gult slips med naken dame, amerikanske sigarettar og brennevinsflaska på baklommen; ein liten slåst Kamp på akterdekket kanskje – eller dans til musikk frå trekkspellet i kveldinga. Det som Kjartan Fløgstad med utsøkt kunst har gjort til litteratur har eg vore med på og sett, om ikkje innanfrå så frå orkesterplass.

Humoren, ironien, tonen er mykje godt den same om mangt elles er forandra. Eg stod i utsalet Tou hadde ved Børevigå i Stavanger der ein ung verdensfrelsar la ut nokre idear til andre kundar. Eg fekk ikkje tak i kva det var, han selde visst eitkvart. Så kjem det inn ein arbeidskledd fjordakar, fartymann eller lastebilsjåfør, ikkje så godt å seia. Ungdomen går på han med nærgåande åndelege spørsmål i vår tid. Fjordakaren – høyrer på og spør, ikkje uvenleg:

- Ken e du då, så spør'e?
- Eg er filosof, kjem det heller høgtidsamt.
- Det e nå eg og, kjem det fort.

Brått er det smått pinlege vekke, motspørsmåla er passeleg presise.

Vit og løye. Ein liten flir. Ikkje så lett å imponera, der har du han. Dei tek grueleg feil som trur han er godtruen eller naiv. Og det er det eg trur dei gjer dei som no trur dei kan legga ned både han og Ryfylke. Rett nok kjem dei fleste frå små bygder og grender som har vore skilde frå andre av fjordar og fjell, og samarbeid mellom bygdene har ikkje nett vore sermerket for fjordbu og øybu. Somme har aldri vore på dei nærmaste øyane.

Me gjentar suksessen frå i fjor . .

UNGKARS FESTIVALEN

Alle frå 18-95 år er velkomne!

Jentenes paradis . . .

**3.- 5. JULI
1998
LSU-PAL**

Program:

FREDAG 3. JULI
Velkommen fra kl. 18.00
KL 21.00: Oppningsshow
og dans med Dusty Cowgirl
og E76

LAURDAG 4. JULI
Det vert framført
aktivitetar med:

- Musikk
- Tautrekking
- Tandem sekkohopping
- Kvinnfolkübering
- Gjennemstrying

SUNDAG 5. JULI

- Sandmønster m.m.
- KL 19.00: Underhaldning
- KL 21.00 dans med Di-Derre
og Førsgå & kjendisane

RESTUBBEN
Jentefest
Tongcir

Billettpris: Kan kjøpes direkte på postkontor med terminal, hjå Billetservice AS
på Ul 615 33 133 eller internett: www.intersport.no/bts
Oppgjør kode ved bestilling: SUA 1998
Prislag: Jenter kr 330,- / Gutter kr 400,- (Dans ein kveld kr 200,-)
(Innen inkl. entr. og bilparkering, underhaldning og dans) Det vert sel av frukt, grønnsaker,
(Innen inkl. entr. og bilparkering, underhaldning og dans) Det vert sel av frukt, grønnsaker,

Foto: Kjetil Nærheim, www.ungkarsfestivalen.com

Ungkarsfestivalen tek mål av seg til å skaffa kvinnfolk til bygdene.
Foto: Trestubben/Kjetil Nærheim www.ungkarsfestivalen.com

Men mangt vender seg og snur på dette viset og. Det kjem ei tid etter den tåpelege jappetida me framleis er i, då kvantitet er det einaste, då husa aldri blir store nok, bilane aldri dyre nok og jáleriet ingen ende vil ta. Når det atter blir spørsmål om kvalitet, om miljøverdiar, natur og kultur, er det tida for Ryfylkefjordane og øyane.

I mellomtida må ikkje fiksarane få fritt spel, dei som tykkjer det er så unormalt og europeisk gale at her lever og arbeider folk i alle delar og strok av landet. Me arbeider eit par minutt for å tena til eit brød og likevel skrik dei om høge matprisar og vil inn i EU for å legga ned bygdene eller omvendt.

Det som trengst er enkelt. Ungkarsfestivalen kan no vera eit aparte påfunn, men peikar på oppgåva. Det trengst meir folk, og då i fyrste omgang kvinnfolk. Så ordnar resten seg. Altså trengst det større satsing så det blir mange kvinnearbeidsplassar serleg, og innanfor eit breitt yrkesspekter. Ein større plan med investeringar på eit par hundre milionar; ein promille av det staten sopar inn frå Nordsjøen på eitt einaste år. Det er ikkje meir som skal til.

Vil nokon instans i Rogaland fylke hjelpe til med dette? Det trur eg snautt, og ikkje før eg ser det. I styrringsverket er det arbeid i gang for færre og større fylke. Fylket er for stort og ikkje for lite, det me bur i og slits med. Når dei vil reisa nytt Stavanger Amt, kan tida vera inne for Ryfylke til å seia takk for seg og gå i lag med Haugalandet og Sunnhordland. Dei må berre slå saman Haugesund og Karmøy først, så kan det gå bra. Rogaland fylke er for dumt. Eit Storrogaland vil bli verre.

Anders M. Andersen (f 1940) er amanuensis i nordisk litteratur ved Høgskolen i Stavanger

Måter å overleve på i Ryfylke

AV OTTO LAGARHUS

ER DET EN FRAMTID I RYFYLKE?

På dette spørsmålet får en ofte skeptiske svar, med argument som «langt inne i fjorden», dårlig kommunikasjon, dårlige kulturtildelinger. Folk som bor i byene har spesielt negative argumenter, til tross for at de innerst ikke lengter etter frisk luft, god plass og fin natur.

Når det samme spørsmålet blir rettet til folk utenfor Norge, f.eks. i et sentral-europeisk land, blir man møtt av forundrede blikk, idet debatten rundt sentralisering, globalisering, utkanter og fraflytting ofte benevner Norge som «utenforlandet», og storbyer som Oslo og Bergen blir regnet som rene utposter, langt oppe mot nord, der det på sikt vil være vanskelig å konkurrere i et stadig mer internasjonalt miljø.

Slike synspunkter er basert på sentraliserings-tanker fra 1970 og utover, og på det som i dag benevnes som «den gamle økonomien». Men mye har skjedd de siste årene som faktisk gjør at et sted som Ryfylke lettere kan bli med i konkurranse om bosetting, aktiviteter og arbeidsplasser.

I denne artikkelen vil jeg prøve å foreta en enkel forretningsmessig analyse av Ryfylke som et fremtidig sted å bo og arbeide i. Uten gode muligheter for å bo og å arbeide er veien ikke lang til fraflytting og nedgangstider.

SWOT

Som struktur vil jeg benytte en «SWOT-analyse». Denne er vanlig i forretningslivet for å analysere kon-




Fra produksjonen på Hydro Seafood Rogaland i Hjelmeland.
Foto: BygdaPosten/Kåre Lunde

kurransekraft og fremtidsmuligheter for et firma eller et bestemt produkt. Så hvorfor ikke analysere Ryfylkes framtidsmuligheter på samme måte? «SWOT» står for Strengths, Weaknesses, Opportunities og Threats, eller på godt norsk: Styrker, svakheter, muligheter og trusler. Resultatet av en slik analyse skal brukes til å legge utviklingsplaner, som da skal bygge på styrker og muligheter, og i den grad det er mulig eliminere svakheter og truslene.

LA OSS SÅ BEGYNNE MED DET JEG SER SOM RYFYLKES STERKE SIDER – STYRKER

Det første som slår meg er natur. Her er fjord og fjell, ren luft og rent vann. Med andre ord, her kan folk bo



Lysefjordsbrua over til Forsand. Foto: Statens vegvesen Rogaland

og arbeide i et naturmiljø uten forurensing, støy og andre miljøplager.

I tillegg finnes *plass*. Folk behøver ikke trenges sammen i tette sentra og høye boligblokker. Klimaet i Ryfylke er faktisk bra. Ikke for kalde vintrer, men allikevel nok til at det blir litt vinter. Ikke for langt ut mot havet, med blåst og vind til alle tider. Nei, her er det ofte lunt mellom fjord og fjell, og sommeren kan være fin og varm, selv om vi nok klager på været og på mange grå regnværsdager. Men de har jo også sin sjarm!

Geografien har lagt forholdene godt til rette for friluftsliv og turisme i Ryfylke, både til lands og vanns. Her er nok av fine fjorder, vann, heier og fjell, med muligheter for jakt og fiske for de som vil det. Og elver med fine stryk og sjærmerende fosser finnes det mange av.

Et annet viktig element er Ryfylkingen. Kjent som trofast og arbeidssom, litt av en sliter. Kanskje ikke verdens mest utad vendte og sosiale person, men en du kan stole på, og som en arbeidsgiver vet ikke stikker av ved den første fristelse.

En spesiell styrke er vel også de naturlige mulighetene for fiskeoppdrett, gjennom nettverket av fjorder som jo er Ryfylke.

Kommunikasjonen er en akilleshæl for alle samfunn med høye fjell og trange fjorder. Men også her er det blitt bedre, med gode veier og mange tunneller som sparer tid og unngår de mest utsatte områdene.

Utdannelse er et viktig element, og skolene i Ryfylke kommer godt ut av det, i alle fall opp til og med videregående. Gode og stabile lærekrefter, og bedre disiplin og innlæring enn det man ser i de større befolkningssentra, som for eksempel Oslo og Bergen.

MEN LA MEG NÅ IKKE GJØRE DET FOR ROSENRØDT, SÅ LA OSS BEVEGE OSS HURTIG TIL SVAKHETER

Hovedsvakheten er nok utfordringer og tilbud til unge mennesker, noe som gjør at mange velger å ta utdannelse ute, og derfor også velger å bosette seg på steder med tettere befolkning og flere tilbud innen arbeid, underholdning og kultur. Ryfylkes geografi tilskir at det blir spredt bosetting, og at kommunikasjonene blir vanskelige. Det tar tid å komme til «by'n», det tar tid å komme til en flyplass med gode kommunikasjoner. Her finnes et forholdsvis smalt tilbud på området underholdning og kultur, selv om de med spesielle interesser kan være heldige og finne det de vil ha.

En annen svakhet er nok også en form for konservativisme som gjør at «vi har det jo bra som vi har det». Ryfylkingen er nok litt for fornøyd, litt for konservativ, og litt for sein når det gjelder å følge med i utviklingen, og ikke minst når det gjelder å styre denne til Ryfylkes fordel.

Så her må man nok se opp: Ungdom som flytter ut, kombinert med tafatte og tradisjonelle ledere innen politikk og næringsliv er en farlig kombinasjon, som må unngås for enhver pris.

SÅ OVER TIL MULIGHETER

Mulighetene for å legge forholdene til rette for Ryfylke er mange, men de vil kreve innsatsvilje og mot, ikke minst av lokale politikere som må sørge for at man våger aktivt å utnytte Ryfylkes styrker. Det handler om å utnytte styrkene og mulighetene, og samtidig redusere truslene og svakhetene.

Det er viktig å innse at dette vil kreve forandringer. Det virkelig farlige er å gjøre som vi alltid har gjort. Man må være villig til å ta tak i ting, våge å være banebrytende og å ta noen risker.

La meg ta noen eksempler.

BOLIGBYGGING


Det å bo godt er viktig for de fleste, og de vil gjerne ha fine tomter med god plass, og med utsikt til sjøen. I tettbygde strøk er dette oftest umulig å få til, rett og slett på grunn av plass. På begge sider av Oslofjorden ligger tettsteder og byer tett i tett, med attraktive boliger og boligfelt ut mot fjorden. Her er det populært å bo og arbeide, og industri og handel blomstrar. Men her er det snart fullt, og i slike pressområder koster det en formue å få seg et hus med skikkelig beliggenhet. Tilgjengelige tomter er små og ligger ofte dårlig til. Har man krav til utsikt og plass er det nesten umulig for yngre mennesker å etablere seg.

Men i Ryfylke bør ikke dette være et problem. Her burde politikere sørge for at det legges ut boligtomter av god størrelse og med fin sjøutsikt. De burde lempa på restriksjoner på strandlinjer og tomtestørrelser, for her er det fremdeles god plass. Aktiv bruk av dispensasjoner fra sentrale retningslinjer angående tomtestørrelser og strandlinje krever mot og styrke, men det er hva som behøves. Gjør Ryfylke attraktivt!

INTERNETT OG DATA

Alle snakker om data og internett, og dette området vokser med stor hastighet. Stadig flere kan arbeide desentralisert gjennom hurtige nettverk, og på mange områder er det ikke nødvendig med lange reiser til arbeidsplasser i store kontorbygninger.

Men også her må forholdene aktivt legges til rette. Ryfylke behøver et bredbåndsnett til hurtig dataoverføring, og det behøves nå. Med mange kraftkommuner og tilhørende ledningsnett over hele området, burde dette allerede vært etablert, og småbedrifter innen data, ingeniørvirksomhet, design og konsulenttjenester burde finne det interessant å etablere seg i Ryfylke.



Fiberoptisk kabel må til for at høyhastighetsnett i Ryfylke skal bli en realitet. Foto: Norsk Telemuseum/Harald Jarl Runde

AKTIV TURISME

Turisme kan være så mangt. Det kan være passiv sightseeing, hvor Ryfylke er på utstilling, og blir vist frem til forbireisende i bil og båt. Dette gir få arbeidsplasser, og er sesongbetont.

Løsningen er «aktiv turisme», hvor besökende blir aktivisert gjennom ulike opplevelses-aktiviteter. Her er det kun fantasien og kreativiteten som er begrensende.



Aktiv turisme med innlagt spenning på Mo Laksegard i Sandsbygda. Foto: Suldal Reiselivslag

Men strategien må være klar: I stedet for at folk skal se, så skal folk være med! Være skipper på ei gammal Ryfylkes-jekte for en weekend.

Assistere på stolen ei uke: Frisk luft, god mat, og ikke dyrere enn en ukes opphold på Oslo Plaza...! Igjen er det kreativiteten og fantasien som skal til for å lage de ulike opplevelsestilbud. Og tilbudene må ose av kvalitet, og ikke være skrot på billigsalg.

REKLAME

Jeg kaller det reklame, eller PR. Alle Ryfylkes fordele, muligheter og eventuelle gode tilbud som arbeides fram må aktivt promoteres. Målet må være: Når avgjørelser tas av bedrifter og privatpersoner angående lokalisering/flytting, så må Ryfylke være et aktuelt og synlig alternativ. Her kreves ressurser og vilje, samt samarbeid over kommunegrensene slik at tilstedeværelsen og slagkraften blir stor nok.

Aktiv markedsføring av Ryfylke som et godt sted å bo og arbeide virker også inn på den eksisterende befolkning. De blir mer stolte over hvor de bor og hva de er. Hvorfor i alle dager skulle de flytte fra Ryfylke?

NÅ ER DET TID FOR Å SE PÅ TRUSLER

I mitt hode er truselbildet helt klart. Til tross for fin natur, god plass og dyktige innbyggere, kan Ryfylke lett ende opp som et «gammelmanns-samfunn». Ungdommen flytter ut og arbeider i større befolkningsentre i Norge eller i utlandet. Største arbeidsgiver er stat og kommune, gjennom trygdesystemet og aldershjem/sykehjem.

Turismen, som jo er nevnt under styrker, kan også slå veldig feil. Uten aktiv innsats slik som nevnt under «muligheter», blir turismen innskrenket til en passiv utstilling, hvor Ryfylke blir et bilde av «slik det var før». Bil- og båtturister reiser blide om på sjø og land og ser på gamle, koselige hus i skråningene, hvor gamlemor og gamlefar står i Rogalandsbunad og vinker

ved siden av blomstrende frukttrær. Kun til utstilling, og totalt sesongbetont.

Den aller største trusel blir derfor: Manglende kreativitet fra politikere, industri og fra folk flest. «Vi har det bra slik som vi har det» er et uttrykk som på noen tiår kan ødelegge Ryfylke. Utviklingen går stadig hurtigere, andre landsdeler arbeider aktivt – her er det konkurransen om folk, om arbeidsplasser og om gode ideer. Og ikke minst om å bli sett og hørt. Passivitet i markedsføringen av Ryfylke som et godt sted å bo og arbeide vil på sikt være destruktiv.

EN KONKLUSJON OG EN VISJON

Konklusjonen er grei nok, og kan oppsummeres slik:

Ryfylke er sin egen lykkes smed. Kun gjennom hardt, kreativt arbeid kan et Ryfylke som preges av aktivitet og utvikling sikres. Her nytter det ikke med halvhjertet innsats og gamle metoder. Det må våges å tenke nytt av folk som kan tenke nytt, og som har fulgt med og skjønner hvor utviklingen tar oss.

SÅ TIL VISJONEN: RYFYLKE I ÅR 2010

Rene fjorder, med liv til lands og vanns. Sjarmerende små tettsteder, boligfelt og boliger langs strandkantene og innover i dalene, men allikevel med store friarealer og strandsoner Ja, det har virkelig blitt populært å bosette seg i Ryfylke, spesielt etter den store kampanjen i fjernsyn og radio i 2004.

Et aktivt og ikke minst variert kulturtilbud eksisterer. Her er gode kommunikasjoner til lands og til vanns. Et stort antall mindre bedrifter har etablert seg over hele området. De er i stor grad avhengige av aktivt å

arbeide med data, og det superhurtige nettverket som er utbygd er prikken over i-en, og har også gjort sitt til å stimulere utviklingen av de mange og varierte utdannelsesstilbudene.

Turistene strømmer på fra innland og utland, og de mange og stimulerende aktivitetstilbud gjør at de kommer igjen år etter år.

Litt fra et annet sted – eller varsko om at «slik kan det gå»

13 august 2010. I Bakbygda i Innfjorden er det møte i Grendahuset, med det årlige temaet «Utviklingen i Nordfjord-området.» Åtte personer har møtt opp for å diskutere dette viktige temaet, syv menn og en kvinne. Gjennomsnittsalderen er over seksti år, og gammelordføreren fra 1999, som nå er godt over de sytti, er møteleder som vanlig. Diskusjonen går i vante spor, og alle er fornøyde, selv om de stadig blir færre år for år. «Me har det no bra slik som det er» er gjennomgangstonen på møtet. Forslaget fra yngstemann, Per, om en studietur til Ryfylke for på egen hånd å se det alle snakker om, blir nedstemt. Fornøyde rusler den aldrende forsamlingen hjem. I morgen er det lørdag og helg, da kommer det alltid noen tyske bilturister forbi. De stopper ofte ved kiosken og kjøper suvenirer. Det er bra om noen kan være der i bunad, det ser fint ut, og hjelper utviklingen av turisme i området..! Og barnebarn fra Bergen ventes også på besøk til helga. Ja, livet er herlig..!

Otto Lagarhus (f 1945) er flygar og har vore i SAS frå 1972 i ulike stillingar, sist som konserndirektør. Han driv no sitt eige konsulentfirma.

Båt- og ferjereisene reiste bygdene sin sosiale kapital

AV ERIK FOSSÅSKARET

For samfunnsvitaren gjeld det så mykje å gjere greie for kva ståstad han har, bakgrunnen for at ho eller han ser og seier det dei meiner. Min ståstad, der det heile tok til, er Sundvor, lengst søraust i Bjørnafjorden, med M/S «Midhordland» under kaien. Enten var vi sjølve på reise; halve dagen ventande på Osøyro, eitkvart å eta på «Vinsjansen kafé». Det gjaldt så mykje å finna ein kafé i dei dagar då båtrytmen var tidleg morgonen til byen og seine ettermiddagen frå byen. Eller vi var att heime. Kαιen og båten var i både høve mykje av margin i livet. Og kvar gong vi makta å laga oss eit ærend til Sundvors-kaien, var det like mykje høgtid å fara til båten. Sundvor låg endå slik til at me laut i småbåt for å koma til rutebåten. Motorar med ulik takt og tone – Marna, Union og Heimdal, men i min fjord meir Sabb og Rubb og Rapp – gav lyd or alle vikar og under alle brotalag. Karane kledde seg trutt til helg og reiste til båten: Johannes Solheim, Slåtte-Olaen og Kleiva-Jakopen, Haua-Hansen, Larsa-Hansen og Hansen i Grunnasundet, Gabrielen på Larsastykket, Gabrielen i Djupeviko og Gabrielen i Lambordsviko, Gjerten i Øyo, Knuten på Øyero og Knuten i Krabbavågen, Gerhard i Vågen, Bråt-Olaen og Torbjørnen i Morkevågen. I dag kling namna aleine som poetiske pulsslag frå ei nær, men ugjenalleleg tapt tid.

Somme kveldar var båten frå byen kraftig sein. Det gav meir tid til allslags lag og drøs. Vi ungane var trugne på plass innåt krambuveggen. I dei gamle dressjakkene og dei store skyggjehuene stod vi stemde til andakt. Mest sommarkveldane når byfolket steig i

land; bergensungdomen frå Kalfaret og Møhlenpris larmande over landgangen – med Cliff Richard og Pat Boone på full styrkje over kombispelarane – «Vi har land her, vi!»

KAIEN VAR LYD OG LUKT

Kaien var lydar og hendingar, men og lukter. Vi sanna Agnar Mykle sin stemning i novellen «Skjenselens korintar». Lukt av feitolje og fyringslampa, tjøre og blackvarnish, fiskekassar, sirupsfat og stablar av nyhøvla plank, tong og iskjerebollar. Hella'en var stert. Lente seg ut gjennom bysseventilen så godt som det var rom til for ein velfødd kar. Med han kom nye lukter; salt kjøt og erter, flesk i kvit saus, kokte poteter og bruna løk, hardkokt kaffi og nylaga sviskegraut.

Dei er borte. Båt og karar, lukt og lydar. M/S «Midhordland» cruisar rundt som veteranskip. Trefte han seinast sist seinsommars under oljemessa i Stavanger. Med barar på to dekk. Og coctailparties for passasjerar som tykkjест trenge meir smøring enn hylse og stempel trong nokon gong.

«Eg skjønar du er ein nostalgitar», seier folk til oss som snakkar båt og bryggje, lei og landgang, når temaet er samferdsle og reisemåtar. Eg meiner at vi skal lytte til nostalgitaren. Han med kjærleik til noko av det som var. Han hentar inn i nye tider kvalitetane i tidlegare røynsler; det ved soga vi kan halda fram som føredøme når tida har fått sålda bort gråt og grufs. Kjærleiken til noko av det som var er ei kjelde av

røynsler frå prøvd praksis å lære av. Elles er det gjævt å kunne vise bru- og tunnel-folket at ferja like fullt er eit dagsens tema. Hausten 1997 reiste eit heilt øyfolk i Hordaland seg fordi vegsjefen for mykje hadde gløymt at han også er ferjesjef, og fordi ordføraren for einsidig ville være på vegar og bruer. Reksteren i Tysnes kommune har veg og bru. Like fullt ville folket der framleis ha ferje. Øya sökte i avisene etter ny kommune: «Vi søker primært etter en veldrevet kommune med sterke samferdselstradisjoner, og som har ledig ferjemateriell. Bill. Mrk. Vi har lem hvis du har ferje.»

Endå eg kan sjå korleis M/S «Midhordland» i dag gjer best nytte for seg som veteranbåt på selskapsturar i sommarsol. Men det er på sin plass å minne om at reisene, slik folk eigentleg gjorde og levde desse, hadde så mange vesentlege dimensjonar utover dei som var tilskikta. Desse sideverknadene av reisemåtan vert lite påvørde i den samferdselsplanlegginga som med så stor flid får til avstands- og tids-effektive ordningar frå A til B.

Folk klagar over at når postkontoret vert lagd ned, taper bygda ein møteplass. Men, sa ein tidlegare samferdselsministeren, det er då ikkje noko oppgåve for posten å gi bygdene ein stad å møtast. Sosiale institusjonar har gjerne både tilskikta og utilsikta funksjonar. Dei utilsikta funksjonane kan vere både tenlege og utenlege. Både post, butikk, stasjon, fjordabåt, ferje og kai har hatt utilsikta møtestadefunksjonar. Og nettopp desse eigenskapane har vore til svært stor nytte også for ryfylkebygdene. Det var her bygdene sin sosiale kapital vaks fram. Det er sjølve samhandlinga som har skapt lokale samfunn og halde dei ved like. Utan møtestader forvitrar bygdene som fellesskap. Dei vert i beste fall ei samling av vegar og hus spreidde bortover i terrenget.


Eg vil tru vegsjefane kunne seie at det er då ikkje noko oppgåve for samferdsla å syte for at bygder ikkje forvitrar. Sektor-formelt tenkt er jo det greitt. Men praktisk-funksjonelt har nok reisellesskap vore ein av dei sentrale koordinerande dynamoane i norske byar og bygder. Planleggjaren og politikaren som vil telje også utilsikta og uuttalte verdiar, har mange fleire moment å ta omsyn til. Det gjer mangt meir komplisert. Men han får og mange fleire ressursar å spele på.

BÅTREISA GAV IDEAR TIL LIVBERGING

For enno ein gong å gjere greie for ein ståstad, eit utgangspunkt, hentar eg oss med attende til dei bygder og fjordar i denne verda som retteleg kjem lesarane av «Folk i Ryfylke» ved. Inspirert av ein artikkel redaktør Per Surnevik skrev i Stavanger Aftenblad i 1988, «Snu kofta etter veret»¹, går vi to-tre generasjonar attende i tida. Vi vil kunne sjå ryfylkingen sitje tolmodig med ei landnot, kanskje vekevis, på kastepplassen, og kika etter makrellsiget som etter alle røynsler skal kome den eine eller den andre dagen.

Men straks det spurdest, på byreisene, at Christian Bjelland hadde opna verdsmarknaden for ryfylkebrislingen, organiserte dei eit notalag for mest kvar ein gard. Haust og vinter gjekk somme av skøytena på Bergen med poteter. Lasta ein dag, lossa neste. 10 timars nattsigling imellom. To rundturar kvar veke. Heime var resten av brislingfiskarane potetbønder. I aktersalongen på gamle Dampskipet «Øybuen» diskuterte karane prisar og sortar. «Reine tyske» var mjølne og gode, men snare til å rotna. Skulle dei prøva desse nye «nummer potetene», «40-40» neste år tru? Under kvar kai kom nye karar ombord. Nye røynsler og fleire meininger.

Lenger inne i fjorden vart dei fyrste plomme- og



M/S Jøsenfjord på veg til kai i Hjelmelandsvågen midt på 1970-talet.

pærekkassane lempa over rekkja. Det spurdest kven det var som leverte mest og best frukt. Om sortar og skjeiring, og kor mange kroner ein hadde for arbeidet. Snautt hadde fyrste frukthagane kome i bering, frå Helgøy til Hålandsosen, så fløynde Torget i Stavanger reint over av plommer. «Endå han som skal leva av pæra og plomma i Ryfylke, ikkje kan leva kvart år», slik hjelmelandsbuene sa det uårs haustane.

Då kunne dei gjerne gå tidleg til båten. Og drøset gjekk langs etter benken på krumbua. Ein kveld kunne einkvan fortelje om Ola Mæhle som hadde vore i Sogn og fått meg seg reve-tisper. Sølvrev. På lokk av tobakksøskjer og på bitar av gråpapir frå den store rul-


len på disken, rissa karane opp korleis bura skulle spiskrast. Sundag alt føre middag gjekk dei flokkavis frå revegard til revegard. Eit vandrande fagseminar. Nettopp han Ola Mæhle var guruen. Dei retta fram ei tispe til han.

– No Ola, kva seier du om denne?

Det var så mykje om å gjera å treffa rette tida for pel sing. Ola blæs i pelsen, og sette timen.

– Du skal ikkje ta henne i dag, men i morgen føre middag.

Såleis utvikla dei spisskompetanse. Revefarmane vart å rekna som gullgruver, med forlokkande sjekkar frå Hudson Bay Company.



Lokalbåten kopla saman tider og gjeremål. M/S Hjelmelandsfjord lossar og lastar alt frå bilar til sauер i Hjelmelandsvågen i 1975.

DRØS OM NORM OG NÆRING

Pinsedag var stemnedag. Selskapa la om rutene så alle båtane gjekk til stemnestaden. Konene pakka niste og songbok. I salongar og på dekk gjekk drøsen om normer og næring. Med seg heim hadde dei nye idear og instruksar til mennene. Dermed kom det på få år opp 200 hønser hønsehus ved mest kvart eit bustadhus i Ryfylke.

Eit enno større tidsskifte introduserte Torstein Flesjå. På helgeturane heim til Finnøy frå Sandve Plante-skule var det nok av dei rundt han i salongen akter som lytta med interesse når han heldt fram at ein nettopp på deira øyar kunne dyrka tomater og agurkar av fremste sort.

På eit tiår eller to hadde brislingfiskarane kome i fremste gruppa av veksthusgartnarar. Næringskifte

ligg lag på lag. Delvis filtra inn i kvarandre, eller med armada imellom. «Du veit det er så gale du kunne le deg i hel,» seier dei på Talgje. Løysingane voks fram meir frå samhandling enn frå rik natur. «Du er betre hjelpen med ei god kona på ein därleg gard enn omvendt», heitte det i Suldal.

Alle høve der folk møttest gav skapande fellesskap. Basarar og minnesamver, misjonskonesamlingar og ungdomslagsfestar. By- og båtreisene var likevel heilt avgjerande. Mellom øyane og langs etter sund og fjordar. Dei samla grändene; på kaiane og i salongane. Dei formidla mellom bygder og mellom by og land. Reisene var rom og tid for idear og røynsler. Slik var det over mykje av landet. Alle dei møtestadene folk hadde i kvardag og helg, alle dei sosiale allmenningane, var sjølve motorkrafta i skifte i næring og levevis. Slik er det for ein del enno. Framleis gir båt- og ferjereisene i dette landet fleire tusen mil fagmøte kvar dag, morgon og kveld. Der byter vi informasjon. Om saker i formannskap og landbruksnemnd. Om godtkjøp av kjelledressar som er lettlege i barnehagen, og om nye fôringsmåtar i grisehuset.

Samfunnsvitarar ved Rogalandsforsking intervjuar familiar i fylket om levekår. I det ferjelause sørfylket seier kvinnene: «Nei, mannen hjelper det ikkje for deg å snakka med. Han køyrer bil til byen kvar dag, så han følgjer ikkje med på noko.» Over fjorden, på Strandalandet, er svaret: «Det må du snakka med mannen om. Han reiser med ferje til byen kvar dag, så han veit alt.» «Mest sit me som i ein buss,» seier ein av kvardagspendlarane med nye M/F «Folgefonn» frå Fusa til Os i Hordaland. «På fôrre ferja kunne me sitja åtte rundt bordet, andføttes. Eg gledde meg på ein annan måte kvar dag til det laget, endå om det varde berre 10 minuttar kvar morgon og kveld.» Dei vert så mykje

meir sambygdingar dei som reiser kollektivt – mest dei som reiser kollektivt på andføttes måte. Båten, ferja, kaien med krambua har for store delar av landet vore søyler i folk sitt sosiale liv og berebjelkar i lokal samhandling.

HALVE KAFFIKOPPAR

Begivenheter er situasjonar der vi er deltakarar og tilskodarar på ein gong. Der vi i samhandling gjer så mykje meir enn det vi møttet for å gjere. Der det skjer så mykje i tillegg til det som står på plakat og på dagsorden. Særleg på tidlegare reiser med båt skjedde det så svært mykje meir enn at folk flytta seg frå stad A til stad B. Båt- og ferjereisene var storhende, begivenheter. Næringsministeren, som har slik sut for småbedriftene, burde seie til tiltakssjefane: Er det nokon av dykk som kjem frå kommunar som ikkje har ferje, må de gjere kva de kan for å få eit slikt samband.


Der vi ikkje kjem til med bru eller tunnel, gjeld det så mykje å korta ferjestrekningane. Stolt flytta vegkontoret i Hordaland ferjestø frå grendasentrums Flateråker på øya Tysnes til audeplassen Hodnaneset. Turen over Langenuen frå Jektevik på Stord vart så stutt at restauratøren tok til å selja halve kaffikoppar. Skal tru korleis det skal gå med Tysnes når Reksteren sokjer seg over til Austevoll og mykje av det kommunen har att av sjøverts fellesskap er å rekna i ein halv kopp kaffi. Ved nye fjordkryssingsprosjekt gjeld det så mykje å ha høge trafikktal. Det snur vesentlege mål og verkemiddel i vår tid på hovudet. 2 500 bilar i døgeret meinte somme om Rennfast. Men dei «mest optimistiske», kunne vi lesa i avisar, reknar med 4 000 bilar i døgeret. Vegsjefane måler så mykje suksess etter personbilekvivalentar. I hovudplanane skulle dei meir rekna vinning og tap i kaffikoppekvivalentar.

Båtreisene fortener mest vår begeistring i samband der heile bygdelag slusar seg saman gjennom kai og stø. Der alle formål møtest ombord. Arbeidsreiser og pensjonisturar, mjølketransport og skuleunger, fritidspendling og alminneleg bying filtrar seg inn i kvarandre. Rundt bordet og kaffien. Der reisa er ei økt. Som gjev praten tid til introduksjon, innhald og avslutning.

I samferdselspolitikken har det lett for å kome i stand ein sterk allianse mellom ein teknisk/økonomisk fornuft og ein forvalningsfornuft. Denne alliansen har vorte særleg god på å utvikle det hensiktsmessige. I dét perspektivet får begivenheten lett karakter av å vere nostalgitisk heft. Også vi som reiser, er fanga inn av det hensiktsmessige. Den type fornuft formar sjølve opplevingane. Privatbilismen byggjer oss om til sin rasjonalitet. Han lærer oss til å skjøne livets lengde slik at det er mykje om å gjere å «spare» 15 minuttar. Som om tid let seg tape. Vi er lite flinke til å nytte mellomstundene. Endå rutebilen går beint 12, gjev det oss fridomskjensle å kunne køyre sjølve 5 på 12. Naboen kunne vente til 5 over. Hende gongen møtest vi nok likevel og er vel forlikte om at det mest er uråd å skjøne korleis vi kunne leve eit verdig liv utan privatbilen og tunnelane.

RANGEL ELLER REISE?

Båtane og kaiane har vore møterom. Men vi må få med at det er ikkje i alle tilfelle tale om skapande samhandling. Samspelet har og styrkje til å stengje. I boka om ruteferdsla i austre Ryfylke fortel Njål Tjeltveit om kai-karane på Fister som hadde berre kaldfliren til fyrste vassklosettet som kom i hivet mellom andre byvarer. Sonen frå modernitetsheimen som stolt ville ta imot, fekk helst berre spitord med seg heim den kvelden. «Så de skal skita fint no.»



Ryfylkevegen med ferjer og bruer la frå 1965 eit nytt band gjennom indre Ryfylke. Her legg ferja til i Tylandsvik.

For eigen del valde eg mykje for skuld fjord og ferje å busetje meg på Rennesøy. La meg til med dagviss rytime. Pynteteg og ryddig til byen kvar morgen. Heim att om kvelden. Så skjedde det likevel. Tidleg ein laurdag, vel halv åtte, spaserte eg morgon-mysen ombord i ferja i Stavanger. I feil retning og til urett tid. Eg visste at eg slépte etter meg ein heil klase av spørsmål. «Og så han? Frå by'n? Med fyrste ferja? Ein laurdag? Aleine? Berre med ei lita veske?» Med sin frodige snert av bygde-ironi gjer styrmannen seg til talerøyr

for mannskap og medpassasjerar: «Erik, på denne tida? I frå byen? Har du vore på rangel eller på reise? Det er ikkje det at eg har noko med det. Men det ville vore så gysla gildt å vita!»

Eg skjøna at dette var ei streng ferje. Lova at slike eskapader aldri meir skulle gjenta seg. Kor gildt eit lag, og kor stor ein fest det måtte vera, etter denne turen kara eg meg heim med kveldsbåten. Følgde fast til siste stopp, Viklevåg. År inn og år ut. Ein einaste gong hadde eg ærend på fyrste kaien, Bru. Igjen var styrmannen frampå då eg løyste billett – til stor moro for fullsett salong:

– «Til Bru? Skal du til Bru? Veit dei om at du kjem?»

– «Ja, eg trur då det,» prøvde eg meg, uviss på kva eg no hadde gjort meg skuld i.

– «Du skjønar,» heldt styrmannen fram, «her ombord skal me ikkje ha ord på oss for nokon stad å sleppa i land uønskede individer!»

For fjord- og øy-folket kunne det jamt vere ei plage at båten og ferja så ubønnhørleg rapporterer inn i bygda ikkje berre dei stolte, men og dei stolne sidene ved våre liv. Mange av dei viktige gjeremåla laut vi bera over den opne scenen som landgangen er. Det gjaldt det dramatiske ved fødsel og død, og det gjaldt dei små kvardagslege hendingane imellom.

Det å reisa har mange spørsmål i seg. Når? Frå kva? Kvifor? Til kva og kven? Endå ho var i byen så seint som på tysdag? I den nye kåpa? Før dagen er omme veit dei svara. Dei som ønskjer å kjenna dei. Langs kysten har det snautt vore ei einaste rotfylling eller ein einaste ultralydprøve som ein ikkje måtte rapportera på kai eller i ferjesalong. På jamnen er det rimeleg greitt at vi passar litt på kvarandre. Men så vil det alltid vera dei som kjenner seg for mykje påpassa.

HARPETONAR OG SPUTNIKFEST



Jamt spør framandfolk om Rennesøy har vorte mykje annleis etter Rennfast? Noko annleis har Rennesøy vorte siste åtte åra. Men minst grunna Rennfast. Det skjer ikkje allverdens mykje med øysamfunn som blir landfaste. I somme tilfelle er vi nær ved å tru at den nye tida står og stampar ved strandkanten på fastlands-sida. Dreg i taumane; utsolmodig etter å kaste seg over bortgøynde gardar og grender. Ved første brukopplinga eller tunnel-gjennomslaget strøymer nye verdiar og veremåtar utover haugar og nabbar. Snur på ende tun og teigar. Slik er det ikkje. Berre i det små endra tilhøva på Rennesøy seg ved at kommunen vart landfast. Nokre fleire buset seg i bygdene. Mest går vi til at tunnel og bruver bind øyane i kommunen i hop. Lettare let det seg gjere å samle alle fotball-ungane i kommunen til trening – med meir foreldrekjøring. I eitt og same møtet vedtok kommunestyret å leggje ned tre skular – eller var det fire. «Det var jo nettopp det me ville med Rennfast!» sa ein av representantane, «samla bygdene!»

Rennesøybuen tykkjест ha god evne og vilje til teknologiske og kulturelle skifte heilt uavhengig av Rennfast. I god tid før første salva røysta vi her i kommunen over spørsmålet om butikkane skulle få selje øl flaskevis over disk. Slik det vert referert, fortalte ein av karane dagen etter røystinga at han meinte «det er heilt for gale at folk skal kunne kjøpe alkohol i butikken på same vis som dei kjøper mjølk og brød. Det er eg heilt imot. Men me kan ikkje setje oss imot utviklinga, så eg røysta for.» Med slik ein otte for ikkje å vere fremst i modernitetssbylgja, er me opne for mangt.

Få år etter rennfastopninga melde bladet at folk I Rennesøy gjekk mann or huse på Sputnikfest med innlagd klinekonkurranse. På Mosterøy, der ungdomane

for hundre år sidan gjekk flokkevis etter vegane og song or songboka til Lars Oftedal, «Harpetonar og Basunrøyst». Slik eit svært skifte i desse bygdene som like til siste generasjonen var sjølve gullspennet i det sørvest-norske bibelbeltet, hadde kome – Rennfast eller ikkje Rennfast. Rennesøy endra seg i det store og heile som bygd og by elles endrar seg. Parabolantennar og internettkoplingar er lite vegavhengige.

Dei seinaste åra gjeld det så mykje å gjere det offentlege romet meir vakkert. Hausten 1997 møttest ei gruppe skandinaviske stedsforskjarar på Utstein Kloster. Det var mykje snakk om estetikk i offentleg rom. I fleire foredrag var det eit tema korleis det offentlege til alle tider – med keisarar, kyrkjer og kongar like frampå 1800-talet – feira Gud eller seg sjølve ved å kosta på offentlege bygningar, torg og plasser, gi tid og rom for form og ornamentikk. «På kva område har det offentlege i dag estetiske ambisjonar?» var eitt av spørsmåla. «Ikkje for idrettshallar og skular, men for trafikanlegga.» Vegkontora knyter til seg kulturninnefolk og landskapsarkitektar. Rekna etter ein teknisk-økonominisk rasjonalitet er det strengt tatt ikkje naudsynt. Vegen kan gi god trafikkavvikling om ein ikkje ryddar traséen med arkeolo-



Det stemmer til ettertanke når vi gjennom prospektkarta vi byr turistane, feirar mellomalder-kyrkjer og vegar i same ovale layout.

Foto: Inge Bruland



«Faraoane lødde seg minnesmerke i ørkenen,» seier rennesøybuen, Chester Danielsen i Mortavika.»

gen sine skeier og sold. Ås-kandidatar veit ikkje nemnande om pukk, subb og oljegrusblandingar. Men dei nye profesjonane syner att på ein god måte. Kor hendi tunnelane enn måtte vere, så er det på sin plass å sakne desse vakre, våre vår-dagane då baugen braut gry-still sjø i duse disen mellom holmane frå Askje til Bru.

VEGSJEFAR LØR STEIN

Med Rennfast tapte vi eit særleg vakkert ferjesamband. Men vi skal gle oss over at veganlegget har så sterke estetiske ambisjonar. Det stemmer til ettertanke når vi gjennom prospektkarta vi byr turistane, feirar mellomalder-kyrkjer og vegar i same ovale layout. Eg skjønar det slik at Brøyt-Åkermann-karane i dag lør steingardar til mindre kostnad enn betongfolket maktar å byggja dei. I Rennfast-prosjektet ser vi like fullt spor etter pur vilje til estetikk. Kva er det dei seier på Rennesøy? «Faraoane lødde seg minnesmerke i ørkenen – Chester Danielsen i Mortavika.» Ære vere faraoar og vegsjefar som let lø Stein etter estetikken sin eigen fornuft. Så var det rett nok den nye vegsjefen, Tor Geir Espedal, som var prosjektleiar. Æra er også hans. Så er det kommunane som rår over lokal arealdisponering og forvaltning av skjønnhetsparagrafen i plan- og bygningslov. Rennesøy fekk i oppgåve å teikne bordane langs den vakre vegen. Mellom Sokn og Mastrafjordtunnelen viser lokalpolitikarane sine estetiske løysingar.

Framfor alt er Rennfast også eit bussprosjekt. Rennfast er både litt feilslått og mykje storlått. Det mest eineståande ved det storlåtte er at det har fått Rennesøy til å praktisere i stort format eit tiltak som truleg er eit av dei beste svara på den svære globale utfordringa som bilismen er. Men korkje media eller styresmakter byr fram løysinga som den eineståande miljømodellen Rennfast er. Fleire hundre personar reiser dagleg fram og attende mellom den vesle kommunen Rennesøy og Stavanger. Dei har betre og meir romsleg veg inn mot byen enn noko anna bygd i tilsvarande avstand frå Stavanger har. Rennesøy-buen har same fridomen som alle andre vegfaste har til å køyre sjølve når det gjeld. Dei reiser like fullt kollektivt. For kvar



Rennesøy fekk i oppgave å teikne bordane langs den vakre vegen. Mellom Sokn og Mastrafjordtunnelen viser lokalpolitikarane korleis dei løyer sine estetiske utfordringar.

by-turen dei vel rutebil, sparar dei vel 100 kroner i bompengar. Bussbilletten kostar ikkje meir enn det dei alternativt ville betalt i bensin. Ikkje nokon stad elles i landet står det på tilsvarande måte personbilar parkerte langs ein busstrasé som det gjer i Rennesøy. Så er det

tilsvarande vanskeleg å finne nokon annan så liten kommune som på same vis i bruk forsvarar det kollektive rutetilbodet. Vel 25 bussavgangar er det mellom Rennesøy og Stavanger vanlege vekedagar. Bussen har få stopp. Køyrer beine strekningar. Som skulle han gå på skiner. I køyretid langs hovudvegen er det berre svært få minuttar å vinne på å bruke eigen bil.

Når Hjelmelands-buen skal rapportere om problem med offentlege tenester, kjem kollektivsambanda først. Etter klokka 9.00 om morgonen har innbyggjarane i Hjelmeland to bussar og ein båt mot Stavanger. Kommunen kunne kjøpe seg til time-faste båt- og bil-ruter til byen ved å setje opp ein 50-kroners bomstasjon på Stavanger-vegen, slik Rennesøy har gjort

Folk i andre tradisjonelt «landfaste» kommunar vil kanskje meine at bygdene deira skal bryte saman om det kjem ei ny avgift på 100 kroner dagen for kvar bilturen til nabokommunane. Look to Rennesøy! Denne kommunen klappar ikkje saman. Rennesøy-buen går ikkje på sparebluss, utan pust og puls, i venting på eit liv som skal ta til etter at Rennfast er betalt. Snarare tvert om. Blømande bygder. Buss til byen meir jamt enn ein gong i timen. Når tunnelar og asfalt er betalt, kan Rennesøy koste på seg by-buss tre gonger i timen. Kostnadsfritt for passasjerane; om rennesøybuen vil slå ring om bomstasjonen på Sogn.

Mykje av det eg har skrive om ferje- og båtreisene som møte og samhandling, kunne vi ha skrive om mjølkerampane. Der karane lempa spann og slo flokar i frost-eimen frå sveitte hestar. Som eg ikkje seier at vi skal storma dei moderne mjølketankane og spikra i hop dei gamle mjølkerampane, seier eg heller ikkje at vi skal skru ned bruene og støype igjen tunnelane. Men vi skal gjerne minne kvarandre meir om at kvar gong vi forlet eit ferjestø og let det stå til nedrusting, har vi gjort eit val som har i seg både vinning og tap.

Det er andre krefter enn by- og tunnelprosjekta som mest vil forme endringar i levekår og levemåte for ryfylkingen i åra framover. Datateknologi for sin del formar livet dag for dag meir enn bru- og tunnelteknologi vil gjøre det. Alle globaliseringstrekkja ser vi i Ryfylke på tilsvarande vis som vi ser dei på Randaberg og på Røa. Meir enn Renn-Rand, Funn-fast og Ry-fast er det norsk og global landbrukspolitikk som påverkar generasjonsskifte på bruken og dermed busetnad elles på Fogn og Finnøy.

Samferdslepolitikken styrer først og fremst reisemåtar. I denne artikkelen har eg hatt ynske om å vise korleis dei i vid forstand har vore vesentlege for bygdene. Vi vil ikkje få attende tre timars reiser kvar veg, og dei kveldslange venteøktene på krambu og kai. Så er det for fag og fellesskap om å gjøre at bygdene maktar å bygge opp nye møteplasser – for skuld næringsliv, lokalt sjølvstyre og for trivsel og hugnad sin del.

Og stadig bør like fullt det å reisa få form og innhald som gjev den reisande ei kjensle av å vera med på eit storhende. Filmen «Halvveis til Haugesund» viser ein scene der store amerikanske bilar køyrer rundt og rundt i rundkøyringa i Bø-gata i Telemark. Ein av sjåførane seier: «Vi skal ikkje nokon stad. Poenget er ikkje å koma nokon stad, men å nyta livet undervegs». Vi skulle ikkje heilt gløyme den haldninga vi fjord- og øyfolket som har vorte så reiseeffektive. At vi, når vi er på reise for å kome nokon stad, òg skal nyta livet undervegs. Det er berre då vi retteleg kan ynskje kvarandre: «Lukke på reisa!»

Erik Fossåskaret (f 1947) er førsteamansis i sosologi ved Høgskulen i Rogaland. Han har budd 25 år i Ryfylke, men bur no i Stavanger.

¹ Trykt i «Folk i Ryfylke» i 1993

Ryfylkelandbruket og framtida

AV ØYVIND BERGØY

Det har alltid vore vanskeleg å spå, spesielt om det som vil skje i framtida. For Ryfylke-landbruket sitt vedkomande er det i alle fall viktig å slå fast at utgangspunktet for å klara seg bra i den framtida som nå avteiknar seg, er relativt ganske så bra. Dette om ein samanliknar med tilsvarende distrikt elles i landet. Nå er det sjølv sagt eit spørsmål kor lang sikt ein snakkar om, i ei tid kor alt går så fort. Såleis hadde han vel mykje rett, mannen som klaga over nett dette, og sa at «overskuelig framtid» nå for tida berre er eit halvt år, og manns minne 3 månader !

Ryfylke-omgrepet er elles ikkje så veldefinert at det gjer noko. I denne samanheng tenker vi såleis på øy- og fjord-riket mellom Stavanger og Haugesund, avgrensa av Tysvær som den nordlegaste kommunen, Kvitsøy som den vestlegaste, Sauda som den nord-austlegaste og Forsand som den sør-austlegaste. Innan den fylkeskommunale regioninndelinga høyrer korkje Tysvær eller Vindafjord til Ryfylke i våre dagar, sjølv om fellestrekka er aldri så sterke. For landbruket sin del inneber dette relativt små jordvidder på den ein-skilde garden, spreidd busetnad, mykje utmark og gras som hovudprodukt.

Den relativt gode statusen for landbruket i Ryfylke baserer seg i stor grad på dei naturgitta vilkåra vi har fått tildelt, og som er mellom dei beste i landet. Dette gjeld nøkkelfaktorane klima, jordsmonn og nedbørtihøve. Fullt så bra står det ikkje til når det gjeld jordvidder og arrondering av desse, sjølv om dette betra seg monaleg etter mykje nydyrkning og forbetrings-

arbeid på 70- og 80-talet. Sjølv sagt finst det store interne variasjonar innan eit så stort og ueinsarta geografisk område som Ryfylke, – det er til dømes langt mellom Kvitsøy og Hellandsbygd i Sauda i meir enn ei tyding av ordet !

Det landbruket vi ser i Ryfylke i dag, har også ei rad synlege sær preg. Dei fleste av desse vil truleg syna seg positive med tanke på framtida. For det første er det ei utruleg breidde når det gjeld igangverande produksjonar. Med unntak for svært lita korndyrking, er det mest ikkje den ting det er råd å produsera på våre breiddegrader, som ikkje vert produsert i Ryfylke. Sjølv om dei ulike produsentgrupper ikkje alltid er så talrike, er og det faglege nivået utruleg høgt på dei fleste område. Dette er sjølv sagt avgjerande for ei framtid med stadig strengare krav til dette, og til kvalitet i alle led.

Eit anna særtrekk er at dei fleste gardsbruk oftast har fleire føter å stå på økonomisk. Såleis har gjerne dei som er att av heiltidsbruk både 2 og 3, kanskje opp til 4 produksjonar. Mest vanleg er ku/storfekjøt og sau, men og dei kraftforkrevjande produksjonane egg, fjørfekjøt og svinekjøt har stort omfang, og då oftast som tilleggsproduksjonar der jordgrunnlaget har vore for snautt for grasetarar aleine. Mange, spesielt i midtre og indre Ryfylke, har og skogen som ein stor og ofte därleg utnytta tilleggsressurs på garden. Andre alternative tilleggsproduksjonar er frukt og bær, pels-dyr, veksthus og nye satsingsområde som juletre, pynegrønt og gardsturisme. Fleire produksjonar på bruket gir større stabilitet og tryggleik økonomisk, men er

samstundes meir arbeidskrevjande og fagleg utfordrande enn høgt spesialisert drift. I ei tid kor nett høve til fritid og høgt fagleg nivå er viktige nøkkelfaktor i kvardagen, kan dette syna seg å bli ei stor utfordring nett i Ryfylke.

Ryfylkebonden har dei siste tiåra og markert seg ved å vera svært ivrig etter å satsa nytt. Dette finn vi dokumentert ved relativt stor pågang etter støttemidlar frå Bygdeutviklingsfondet og andre finansieringskjelder, og dei mange konkrete prosjekt som er realiserte. Mest synleg er dette innafør det som har med gardsturisme og utleigehytter å gjera, men og foredling av treyrke, nye plante- og skogbruks-produksjonar og nye ting elles syner fine resultat. Av unytta ressursar for framtidia er truleg skogen og utmarka, med jakt, fiske og friluftsliv som stikkord mellom dei viktigaste.

Dei fleste vil meina at norsk landbruk generelt er svært hardt pressa i våre dagar. I slike tider er det lokale produsentmiljøet ofte avgjerande for utviklinga som skjer. Til denne tid har ein observert lite som tyder på at det tradisjonelt sterke fagmiljøet innan ulike produksjonar i Ryfylke er i forfall. Einast er det i somme kommunar (Hjelmeland, Strand og Rennesøy) selt relativt fleire mjølkekvote enn andre stader. Dette kan kanskje skuldast at det og i desse kommunane er lettast å skaffa seg anna arbeid på staden, eller ved pendling.

Ved sida av det lokale produsentmiljøet, er sjølv sagt nasjonale og internasjonale rammeverkår svært viktige

faktorar for framtida. Landbruket er framleis ein nøkkelfaktor i ein målretta distriktpolitikk i Norge. Ryfylke høyrer tradisjonelt til innan nedslagsfeltet for denne politikken, og tiltaka denne inneber. Samstundes ligg regionen godt og nært opp til ein kjøpekraftig og folkerik lokalmarknad på Nord-Jæren. Dette inneber at ein til ei viss grad kan få både i pose og sekk, sjølv om marknad og marknadsnærleik for tida kan synast vel så framtidsretta som ein spesiell status innan distriktsstøttesystemet.

Som det vil framgå, ser ein relativt lyst på framtidsutsiktene for landbruket i Ryfylke. Ryfylkebonden er traust og uthaldande, og har synt seg å meistra store utfordringar før og. Vegen framover vil nok stilla krav til samarbeidsevne og nytenkjing, men mykje tyder på at det å ha is i magen, og syn for å utnytta lokale ressursar og tidlegare investeringar best mogleg, fort kan syna seg like viktig. Kanskje er nett det siste det sterke kortet for landbruket i Ryfylke: Bonden her spring ikkje frå det eine til det andre over natta. Han har oftast tid til å tenkja seg om både ein og to gonger, før han gjer sine disposisjonar. Dette avgrensar risikoene for ei uønska utvikling i eit distrikt der landbruket alltid har vore sentralt med sikte på aktivitet og busetting, og framleis vil vera det.

Øyvind Bergøy (f 1947) er redaktør i Bondevennen og bonde på Randøy. Tidligare har han arbeidd med næringsutvikling i Ryfylke, og han har vore rådmann i Stand i 4 år.

Gardar og «landsteder» på bygdene

AV TORMOD SKEIE

Når dette vert lest ligg sommaren balla i plast. Som perlekjeder ligg dei kvite grasballane langs etter vegen og viser at i det minste to gonger i sommar var det liv på jordet, dieselduft og motorstøy. Pent? Det er effektivt og hensiktsmessig å balle graset. Ein får kulturlandskapstilskot for slikt. Hesjene som i kilometervis markerte landskaps- og verdrag har teknologi, diesel og plast gjort til baller. Hender vert ledige. Angen av høy er vekk.

Veit dei korleis det er – dei i Næringsdepartementet og Stortingssalen, å vera bonde eller småbrukar? Du tar over bruket, dyrkar, byggjer, drøymer og sveittar. Ting skal bli bra, garden større og betre. Og det skjer!!! Dekar vert lagt til dekar. Avlinga veks. Men ikkje avkastninga. Raskare enn garden veks minker forteesta. Når hovudet kjem for dypt, sluker du vatn. For tjue år sidan slutta 3 bønder kvar dag; no sluttar det sju! Fleirtalet meinar det er ein naturleg og naudsynt utvikling. Bonden opplever utviklinga som avvikling. Fleirtalet vil ha landsbygda og kulturlandskapet, men dei vil ikkje betale for det. Den er ikkje konkurransedyktig den maten bonden leverer. Ola Nordmann får det billegare annan plass. Kriseberedskap? Kriseforståinga er annleis i år 2000 enn i EU-året 1972; påverka av oljeoverskot og mangel på andre ytre fiendar enn sjølvélivet.

Fleirtalet har alltid rett? Kva gjer me når fleirtalet bestemmer? Me snur på tenkje- og handlemåte. Me finn ein ny strategi.

Me kan ikkje betale rekningar med «levekårsforde-

ler»; men me kan utnytta dei til å få færre rekningar. Småbruket opnar for eit annleis liv, livet på sida av forbrukarsamfunnet. Mange unge vil det, mange kan det; landbruket må gje dei plass. Sett utanfrå har Noreg berre småbruk. Noreg har ikkje to Bondelag, men to Småbrukarlag. Det eine av dei har ikkje skjøna den nye landbruksmatematikken: Eit lite bruk pluss eit lite bruk er lik eit lite bruk. Framleis trur mange bønder at eit lite bruk pluss eit lite bruk er eit stort bruk. På Vestlandet og i Nord-Noreg er svaret sikkert feil, ja knappast nokon plass i landet kan ein slå bruk saman og få Toppen Bech på herregardsvitjing.

Ryfylke som Noreg har tradisjon for yrkeskombinasjonar. Fiskarbonden er mest kjent. Før var det oftast mannen som var vekke på arbeid, og kona som tok det daglege arbeidet på bruket. No har dette bilete mykje snudd. Barnehageutbygging og teknifisering av landbruket har mange plassar ført til at kvinnen er den som hentar pengar utanom garden. Jenter no for tida gifter seg med mannen og ikkje med garden. Snakket om familiebruket er tona ned. Nå er det snakk om det robuste bruket. No er det slik at eit lite bruk som har godt med arbeidskraft til overs til å nytta i andre næringer, er meir robust enn familiebruket som heile tida er avhengig av stadig därlegare jordbruksoppgjer og stagnerande produktpriser. Sjølvsagt gitt ein god arbeidsmarknad.

Store deler av Ryfylke har svært gode føresetnader for kombinasjon mellom småbruk og anna yrke, det er da og svært utbreidd. Sjølv om ein ikkje likar det, må

ein finna seg i å tona ned produksjon som viktigaste grunnlag for å vera i jordbruksbygda. Når byfolk skal kjøpe bunad, må dei leita etter opphav. Dei finn oftast ein plass, eit småbruk eller ein gard einkvan plass i landet. Slik er garden for langt fleire enn gardbrukaren, eit utgangspunkt og feste for folk si kjensle av å «høyra til» og «vera frå». Ein fjerner meir enn det synlege når ein riv husa, pløyer opp tunet og legg jorda inn under nabobruk. Trivnad, bumiljø, bygdemiljø og kulturlandskap vert viktigare og viktigare. Å vere med på tradisjonsbæring og verdiformidling er ofte like viktig for dei som vil inn i næringa som sjølve produksjonen. For mange handlar det om «det gode liv», eit liv som gjev tilhørighet og meiningsfullhet.

Sjølv sagt er det betre at ein gard vert nytta som hytte enn at den ligg øyde, men: Ein gard er ein gard og eit landsted eit landsted. Det er tap når gardar vert lagde ned. Det bør lysa i alle gardshus – heile året. Å nytta gardar som ferieplass er eit misbruk av langt slit, tradisjon og potensiale. For utkantkommunar er garden viktig som buplass som knyter brukaren fast til grenda, gjev skulen elevar, Bondelaget medlemmer, butikken kundar og næringslivet arbeidskraft. Folk med gard og identiteten knytt til bygda er sjølve renninga i den verden som er bygda.

Garden er for dei som trivest, eit «landsted» heile året. Garden er eit univers; ein heilskap der arbeid og fritid grip i einannan. Garden er ein plass der mange «ssmå» gjerningar får noko stort ved seg av di arbeidet på garden kjem så tett på det som er liv, død og vokster.

Det vert ofte sagt om folk at «dei har det i hovudet» eller «dei har det i beina». Den jobben folk har, utfordrar oftast berre ein av delene; hovudet eller beina. Garden treng heile deg, og ikkje berre deg. Den trong slekta før deg og vil ha borna etter deg. Garden gjer deg til lekk i ein kjede og gjev deg ein plass i verda. Slike er det mange som vil ha!!! Slike er det få som leverer!!!

Fleire og fleire bur i byar. Det er godt å bu i by. Dei har sitt. Færre og færre bur på landet. Det er godt å bu på landet. Dei har sitt. Men i kvar ein oljerik nordmann bur no ein Ole Brum og seier: «Ja takk, begge deler.» Hyttene brer seg stadig større og flottare ut over landet; og i Suldal bur det ein bonde som har «hytte» i Gamle Stavanger. «Det gode liv på landet» er eit omgrep. Det går an å leggja til rette for at uttrykket skal få innhald. Kvifor, når by og land har så forskjellige kvalitetar, skal ein bu i bygda slik ein bur i byen? Bygda har plass til større mangfald i bustadbygginga si. Store tomter med rom for «kolonihage» og kaniner er draumen for mange som flyttar frå byen. Som det no er, går dei finaste areala til hyttefelt og ikkje til fastbuande.


Det er ein dramatisk snunad i landbrukspolitikken me ser med Ap sin landbruksminister Bjarne Håkon Hansen. Han vil ta frå dei små og gje til dei store. Han vil hogge verneskogen for at dei store trea skal få meir av næringa. Han går inn for eit tilskotssystem som fremjar einsidig stordrift og svekkjer mangfaldet i norsk landbruk. Han vil heva konsesjonsgrensa slik at dei minste brukarane vert fri for bu- og driveplikt. Småbruk kan verta luksushytter som folk i bygda ikkje har råd til å sitte med som buplass. Ser ikkje regjeringa dei distriktpolitiske verknadene av slike tiltak?

Det bygda og landbruksbygda treng no er trassige optimistar. Heldigvis veks graset, sym fisken og mjølkene kua heilt uavhengig av jordbruksoppgjeret. I livsstils samanheng vert landbruksbygda relativt meir og meir spesielt og meir og meir umistleg. Det er der me kjem frå, «der det gror».

Tormod Skeie (f 1946) er biblioteksjef i Suldal kommune og småbrukar. Han er formann i Suldal Bonde- og Småbrukarlag.

Banketablering på Finnøy

AV ERIK RØRTVEIT



Ny bank i Ryfylke, på Finnøy? Jon Gunnhildsøyen til høgre orienterer Kristian Spanne og initiativtakar til ny bank, Erik Rørtveit i midten, om IT-løysingar. Frå eit folkomøte på Judaberg hausten 2000. Foto: Stavanger Aftenblad/Jan Soppeland

Etablering av ein ny lokal sparebank vil føra til verdiskaping i distriktet. Verdiskapinga vil komma i form av auka kompetanse/kunnskap og pengar. Me i distrikta har dei siste tiåra gitt frå oss mykje av dette i form av den sentraliseringsbølga som har vore. Det startar med at me skal vera effektive. Og då har det alltid vore slik at det er dei minste som er minst effektive, og ved å slå mindre einingar saman så vert ein meir effektiv. Eg har jobba i bank/forsikring og sett på dette gjennom mine arbeidsplassar. Arbeidsoppgåver etter oppgåve, som internt rekneskap, edb-oppgåver og markedsoppgåver blir sentraliserte fordi det er mykje meir lønsamt å samla dei.

Med å etablere ei «bedrift» som ein bank er så vil mange folk bli involverte i etableringa. Desse personane vil lære mykje gjennom denne prosessen. Dette er kunnskap, og kunnskap er inga tung bør. Ennå er det lang veg å gå før me kan opna dørene til ein ny bank, men heile vegen lærer me nye ting på fleire felt. Og skulle me lukkast så vil kunnskapsbasen påfyllast med meir viten. Me skal velje eit forstandarskap, me skal ha på plass eit styre og me må ha ansatte. Alle posisjonane vil vera viktige og alle vil kunna påverka beslut-

ningar og det vil for alle, også for kundane, vera kort veg til beslutningsorgana. Me vil altså få nye viktige organ i kommunen som verkeleg betyr noko. Kor mange supperåd er det ikkje rundt om i distrikta? Eg kunne nemnt mange, men eg skal ikkje gjera det i respekt for dei som sit i dei. Desse supperåda var ein gong viktige organ som hadde hand om mykje i form av både pengar og kunnskap. Men så vert det ein «regel» om at det var lurast å slå seg saman. Dette skjedde med mange sparebankar;brannkassar/samvirkelag.

Kva var det eigentleg ein sa ja til når ein slo seg saman? Jo, det var ikkje det som det er blitt til i dag. For det er skjedd mykje i ettertid som ikkje var på tapeten då dette skjedde. Og eg har forståelse for at dei sa ja til samarbeid, ja til å løysa dei problema ein hadde! Men det har gått for langt, etter mi meinings. Sjå på Hjelmeland, dei har ein «liten» og ein stor bank, til saman har dei ca. 15 årsverk i bank, mens me her i vår kommune har ca. 5 årsverk. Og kommunane er mest like store i folkemengd. I tillegg så har dei styring på sin «little» bank som i tillegg er kåra til landets beste bank på visse felt. Nå har eg inga tru på at me vil bli landets «billigaste» bank. Men er det så viktig? Er det ikkje viktigare å skapa verdiar, få noko igjen for pengane? I Hjelmeland har dei alt dette.

I Enebakk starta dei bank i 1995. Dette har ikkje gått knirkefritt, og dei er i følgje same undersøkinga som Hjelmeland vart kåra best i, kåra som den «dårlegaste». Men folk i Enebakk er strålande nøgde med det dei har fått til. Ikkje ein kunde har klaga til banken at dei var litt dyrare enn andre dette året. Kvifor klaga dei ikkje? Og i siste barometer i Romerikes Blad så låg dei godt an på målinga om billige lån. Ordførar og rådmann i Enebakk kommune lovprisar etableringa av

banken. Den førte til mykje gratis marknadsføring av kommunen i tillegg til nye arbeidsplassar; 5, faktisk.

Tilbake til dette med pengar, kvart år går bankar med gode overskudd og det skal dei gjera. Men i store bankar går dette overskuddet til «hovudkommunen». Dette gjer at dei små kommunane blir tappa for betydelege midlar, mens der ein har vore så smart å halda på lokalbanken har ein styring av pengesekken sjølv. Med å starte ein ny bank så vil ikkje denne sekken vera stor dei første åra, men ein vil leggja eit grunnlag. Og kven veit, kanskje vil me kunna fylla denne godt om nokre år? Eg har mange tankar om kva ein kan bruke deler av overskottet til, men det som har skjedd i dei små kommunane no, er at dei er med å subsidiere dei store. Kva interesse har vår kommune av å ha marknadsføring av banken på riksfernsyn? Av draktreklame på Viking sine drakter? Me må ha lov til å styre over våre eigne midlar. Me får smular tilbake av det me leverer frå oss no. Men det som var mest dramatisk då me sa ja til samanslåing var at me gav frå oss lommeboka utan å få eit øre tilbake. Sel du eit aksjeselskap så får du jo betalt for aksjane, men i eit samvirkeforetak gir du lommeboka frå deg. Korleis ville det vore å gitt frå seg lommeboka til naboen, og for kvar gong du trøng pengar så måtte du gå å spørje om det var greit at du fekk 500 kr, av dine eigne pengar?

Ja, dette er lokalpatriotisme og det grensar kanskje opp til egoisme, men skal me overleve i distrikta så må me styra butikken sjølv. Men ingen skal sei at ryfylkingen ikkje kan samarbeida, ikkje kan gi.

Samarbeid vil vere viktig for ein ny lokal sparebank. Med å samarbeide så vil ein kunne dele på kompetanse. Me har alt fått mykje hjelp av andre. Skal me klare oss så må me samarbeide, og det var eit av hovudargumenta for å slå seg saman i si tid. Men det

må kunne gå an å samarbeide utan at ein treng gje frå seg lommeboka. Ein liten ny bank vil sjølvsgart ha sine manglar, men eg trur at fordelene vil vera fleire enn ulempene. For det skulle vera nok av store bankar å velje mellom viss det viser seg at me vert for små. Alle bedrifter som startar opp er som regel små og veks litt etter litt.

Framtida vil vise om me lukkast, men skulle me lukkast så er det samfunnet her som har laga banken, for det er eit stort spleiselandet det å lage bank. Til saman så vil det dreie seg om ca. 600 «eigarar».

Erik Rørteit (f 1965) er bonde, men har utdanning og praksis frå arbeid i bank og forsikring



SR-Bank trua av ny bank? Banksjef Reimund Flesjå på avdelingsbanken på Finnøy ser ut til å ta hendinga med stor ro.
Foto: Øystein/Anna Kirsten Hellevang

Som en pensjonist ser det

AV ELVIRA EKHOLDT

Indre Ryfylke er en meget viktig del av Rogaland.

Det er ikke bare skiheiser og meldinger om vinterføre som er viktig.

Vi glemmer ofte de store anleggene som er grunnlaget for det meste av bosetningen i det forrige hundreåret. Her har småbrukere og fiskere tatt seg arbeid for å oppnå en bedre tilværelse. I tillegg kom folk fra alle kanter av landet og fant sitt arbeid her. Dette gjelder både Suldal og Sauda.

Her er bygget sykehus, skoler og idrettsanlegg for å ivareta den unge slekt. Fjellvannene er utbygd til kraftanlegg som er med på å forsyne hele distriktet med strøm.

I dag er dette et glemt kapittel hos de fleste politikere. Det virker i alle fall slik, og spesielt når det gjelder fylkespolitikerne. Det har vi jo fått bevis for når de vil legge ned sykehusplassene, opplæringsvirksomheter og båtanløp. De glemmer all den unge arbeidskraften som disse stedene har utdannet og oppdradd, men som de mister på grunn av for lite arbeidsplasser.

Hva skjer så videre? Det er tredje generasjon som nå skal overta det arbeidet som ble grunnlagt i anleggstiden. Har vi som er eldre vært flinke nok til å fortelle historien på den rette måten? Her har Ryfylkemuseet

gjort en god jobb, for det de unge slekter får se, det glemmer de aldri. Og Sauda skole har vært flink til å besøke museet.

Her er hundretalls av foreninger som på hver sin måte yter sitt beste for å skape trivsel i fylket.

Hvorfor kan vi ikke samarbeide bedre i fylket? I steinet for å **utvikle** samarbeid, prøver man å legge ned for å spare. Sånnne samfunn mister sin kultur ganske snart.

I de fleste tilfeller er det idrett, sang og musikk, som er så viktige faktorer i våre liv, det går ut over.

Ingen av oss vet vel hvordan fylket vil utvikle seg. Vi får lite på de yngre kreftene, som skal overta. Men vi skal ikke glemme at vi eldre også har et ansvar her.

Nå er jeg 80 år, og jeg har hatt et fantastisk liv her i fylket. Jeg har opplevd oppgang og nedganger. Til eldre en blir, forstår en hvor viktig det er å ha et fast og trygt bosted. Og hva er det som skaper et bosted? Jo, det er arbeidsplasser. Derfor er det viktig at de som prøver å skape ny virksomhet får støtte til dette. Det er mange her i Ryfylke som har bevist at det går an.

Dette var i korte trekk det jeg mener er viktig å ha i bakhodet når planene videre skal legges i Ryfylke.

Elvira Ekholdt (f 1919) har arbeidd med saum, butikkarbeid og vask, ved sida av å vere heimearbeidande

Folkemusikk i framandt land

AV TOVE SOLHEIM

Abdullah Chalak Karim er frå kurdisk Irak, og han kom til Norge for godt og vel eit år sidan. Han har vore på Sand mottakssenter frå juli – 99.

Tidleg på hausten kom Chalak til musikkskulen med eit sterkt ynskje om å spela violin, som han hadde gjort i mange år heime i Kurdistan. Han har vore heimlaus sidan -95, først med lang flukt over fjella til Tyrkia, der han gøynde seg for korrupt tyrkisk politi før han endelig fekk seg flybillett til Tyskland. Der hadde fleire av slektingane slått seg ned tidlegare. Etter å ha venta på svar i to år fekk han avslag på søknaden om å få bli, og bad vidare om opphold i Norge.

Du kan gløyma mykje vondt og godt før du gløymer dei tonane som har vore viktige i livet ditt. Chalak hadde korkje gløymt smertene eller gledene frå heimlandet, og slett ikkje musikken som var ein del av det heile. Då Chalak fekk låna ein violin, gjekk det ikkje lang tid før fingrane hadde funne tilbake til dei kjende løypene og retningane på gripebrettet. Snart kom det melodiar i haugevis ut av instrumentet; Klagande folkesongar, klassiske «highlights» og drivande dansemusikk, i god blanding.

Sidan var det ofte felemusikk å høyra frå mottaksenteret, det merka både dei som passerte no og då, og dei som av ein eller annan grunn våga seg innom dørene. Chalak spelte villig for alle som ville høyra, av og til deltok det fleire med tromme og saz, fleire dansa, og det vart lett til eit heilt mannskor dersom nokon fyrst vart med og song til melodiane. Det var tydeleg at denne musikken var velkjend for kurdarane, dei blå eller «skeive» tonane var der hjå dei alle, og det var også krullane – forsiringane – på songane.

«Lær meg noko norsk,» var det fyrste Chalak ba meg om, «noko som alle kan». Nasjonalsongen hadde han alt lært. Dette var for ti månader sidan, og eg lurer endå på kva eg skulle ha lært han. Viss ein utelet «Bæ bæ lille lam» og eit par tilsvarande songar, sit ikkje me nordmenn att med imponerande stort fellesrepertoar lenger.

Chalak sin musikk er ukjend for norske øyre, men det gjer inntrykk å høyra på han, og dei norske øyrene



har ynskt seg meir av dette ukjende. Chalak har blitt bedd om å delta på mange slags tilstellingar, han rammar opp kvar han har spelt; Nesflaten, Suldalsosen, Sauda, Sand, Stavanger, Klepp, Gulling... Han for-

tel stolt at han blei gjenkjent på gata i Stavanger etter at han vart portrettert i Stavanger Aftenblad.
Eg har invitert han til intervju for å få høyra historia hans ein gong til. Dei andre på mottaket vart urolege

då han fortalte kva han skulle – ordet intervju har ingen positiv klang hjå dei. Han har med seg milkshake og pistasjnøtter til oss begge to, han har som regel eit eller anna å by på. – Kan du kanskje litt sakte snakke? smiler han, han har dårleg erfaring med hurtig jærsk.

Eg ber han fortelja om musikken i heimlandet, og dermed trengst ikkje jærsk meir. Han snakkar engasjert om musikklivet i Kurdistan, nasjonalmusikken som er folkemusikk og popmusikk på ein gong, musikk til dans, fest og bryllaup og allemannseige for alle generasjonar. Han fortel om musikken sin enormt viktige politiske funksjon og om forbod mot andre grupper enn dei Saddam Hussein har sett sitt godkjenningsmerke på. Då han var 17 år gjekk han i studio saman med fire medmusikarar, og spelte inn tre songar med politisk innhald som blei kringkasta på illegal radio. For det fekk han åtte månader fengselsstraff, to av dei andre musikarane vart hengde.

– Den kurdiske musikken er gammal, men endrar seg stadig, fortel han. Melodiane kan vera omrent dei same som for hundre år sidan, men dei blir stadig forandra litt her og der. Til det betre, meiner han. Musikken har også vore offer for politisk undertrykking, noko som gjer kurdarane endå meir medvitne om at han er viktig. Bagdad fortel oss at Gud ikkje likar musikk, seier han, men me veit at det ikkje er sant.

Chalak vart medlem av det demokratiske partiet.

– Far bad meg om å ikkje driva med slikt, seier han.

– Berre jobb i butikken og ver gullsmed, slik at Saddam let oss vera i fred. – Eg likar å vera gullsmed, seier Chalak, men for meg var det gale å ikkje jobba for Kurdistan. Eg kunne ikkje la vera.

Chalak fortel at han vart sendt i krigen mot Kuwait 1990. Sidan har han kriga mot Irakiske angrep mot

Kurdistan i dei kurdiske fjella i nord-Irak. Han har sete i fengsel i Bagdad fleire gonger, noko han har fysiske og psykiske spor etter for resten av livet. – Eg vart veldig sliten av krig. Mykje blod. Mange folk, mange vener, er døde. Eg er glad for å vera i Norge...

I 1996 starta flukta frå Irak. Ei gruppe på 20 reiste til grensa, gjennom Iran til Tyrkia. Far sa: Vær så snill: Gå! Reis til utlandet! Du kan ikkje vera i Kurdistan. I -97 kom han seg til Tyskland, etter nokre månader i skjul i Istanbul og Ankara.

– Fram til eg var 16 år hadde eg det veldig bra i Kurdistan. Eg var mykje saman med far min, og lærte å jobba som gullsmed. Eg har to yngre brør, dei arbeider på gullsmedbutikken og har det bra; dei bryr seg ikkje om politikk, høyrer ikkje på Saddam Hussein...Far sa alltid at eg var eit problem.

Chalak takkar nei til pause: Dette er ikkje som å vera i intervju hjå politiet, smiler han, og vil gjerne fortelja meir.

Hausten -99 og fram til jul var det hyggjeleg på mottaket, minnest han. Han spelte mykje fiolin og folk dansa og song. På laurdagar og sundagar kom det alltid nokon og sa: – Chalak! – Spel! Alle syntest det var hyggjeleg, også dei som kom frå andre land. Av og til dansa dei dansar frå Syria òg. Det var veldig fint. Det var god stemning, og det var hyggjeleg å spela, fortel han. Fleire nordmenn kom til mottaket, dei prata, av og til fekk dei servert mat, og dei høyrdes musikk og såg dans frå Kurdistan.

Så hende det at det kom ei ny og strengare lov om opphaldsløyve for kurdarar i januar. Etter det endra stemninga seg på mottaket, folk var blitt redde for framtida igjen. No er det sjeldan folk på mottaket ber meg om å spela, seier han. Alle leitar etter noko anna, etter arbeid, etter ein annan stad å vera. Situasjonen er

heilt annleis enn før. For meg er det likevel bra at eg er oppteken med musikken, og blir beden om å spela rundt omkring.

Chalak har blitt kjent med mange folk via musikk, han er glad i å høyra på andre, og han svarar alltid ja når han blir beden om å spela sjølv. Han er forundra over at det er så lite folkemusikk i Norge, og spør om det er berre eg som likar norsk folkemusikk. Eg svarar nei, men innrømmer ein viss kontrast...

– Kvifor spelar du musikk som er så ulovleg at du kan bli drepen for det? spør eg.

– Kvifor? Eg veit ikkje... eg likar musikk, eg likar Partiet, eg likar Kurdistan. Eg likar alle ting... flagget til Kurdistan... eg drøymer alltid. Eit problem for meg!

Chalak er den einaste av kurdarane på mottaket som enno ikkje har fått svar på søknaden om å få bli i Norge. No ventar han på Sand, og håpar at den sjuande far i huset skal seia: Velkommen!

Tove Solheim (f 1971) er distriktsmusikar i Suldal

Folkemusikkarkivet – for fortida eller framtida?

AV RUTH ANNE MOEN



Knut Lekvam spelar på dideridoo på folkemusikkhelg på Lindum, 1997.

FRÅ LOKAL TRADERING TIL GLOBALISERING

«Vi hadde ikkje anna musikk enn den vi lagde sjølv», sa ein informant på nokre og 80 år. Spør vi dei gamle kven dei lærte av, svarar dei som regel mor, far, bestemor, bestefar, eldre søskjen eller jamaldringar i nærmiljøet. I dag skjer spreiainga av musikk og dans på radikalt andre måter. Det starta med radioen. Så kom grammofonen. I dag kan musikken vandre tvers over jordkloden på ein augneblink. I tillegg flytter folk meir på seg. Næraste nabo kan vere bosnier eller somalier. Og vi har fått dei internasjonale festivalane der ein kan høre alt frå sigøynermusikk til mongolsk strupesong. Slik kan det etter kvart opplevast meir naturleg for oss å spele musikkinstrument som afrikansk djembe eller australsk direridoo enn hardingfele eller langeleik. Stadig fleire utøvarar leiker seg med å blande både genre og musikktradisjonar til s.k. «world music» som er blitt ein samleboks for eit ganske vidt spekter av musikalske uttrykk. Vi får ein slags «musikalsk symbiose». Er det slik framtidas folkemusikk vil vere?

Samstundes med denne sökinga ut i verda, har vi og ei söking etter «røtene», ei söking etter lokal forankring og identitet. Kven er vi midt i alt dette? Vi opplever at dei framande som kjem til landet vårt har med seg sin kultur som dei gjerne vil ta vare på. Og så vil dei bli kjende med vår kultur. Men kva er vår kultur?

NORSK FOLKEMUSIKK

Folkemusikk blir ofte framstilt som noko «folk» dreiv med før. I dag tek vi vare på restane berre fordi ein

eller annan nasjonalromantikar definerte folkemusikken som del av «den norske kulturarven» og hardingfela som Norges nasjonalinstrument. Når vi skal presentere denne musikken for folk i dag, kan han liksom ikkje stå aleine. Det må vere med ein passeleg dose norsk natur – gjerne eit fossefall, litt lusekofte og kanskje ein bunad. Rømmegraut og fenalår er heller ikkje av vegen. Då kan det passe med ein feleslått framført på tradisjonelt vis. Spelemannen sit på ein kubbestol framføre ei gammal tømmerkoje, eit stykke oppe i åsen står ei budeie i full festbunad og lokkar på kyrne.

Ikkje rart då, at fleirtalet av Norges innbyggjarar ikkje kjenner seg heilt heime i denne musikken – .

FOLKEMUSIKKEN I DET TRADISJONELLE MEDIABILDET

Norske folkemusikkarar har vore lite framme i media, og er dei det, har det ofte vore i ei innpakning som ovanføre. I dag ser vi og ein ny trend. Folkemusikkarar som får mediamerksemde er dei som eksperimenterar med ulike former for samspel, gjerne kombinerer ulike stilartar, t.d. folkemusikk og jazz eller folkemusikk og rock, eller går inn i eit musikalsk samarbeid med folkemusikkarar frå andre land. Det kan sjølv sagt bli mykje spennande musikk ut av dette. Men kva med dei meir tradisjonelle utøvarane?

Det skal vere eksperimenterande samspel, ikkje tradisjonelle soloframføringer. Dette er medias forståing av levande og framtidsretta folkemusikk. Det er altså «bakstreversk» å framføre folkemusikken på tradisjonelt vis, og det fortener i alle høve ikkje mediaomtale. (Men ein pianist som framfører verk av J.S. Bach treng nok ikkje legge på irsk bodhran eller gresk bouzouki for å få konserten omtala i avis – .)

Her er altså noko særskilt med oppfatninga vår av

den norske folkemusikken. Den er ikkje som annan musikk. Ikkje som den irske heller. Den irske folkemusikken er «kul», den kan spelast på pub, og «riverdance» er blitt ei farsott blant unge jenter. Men få veit at Norge har ein eigen riltradisjon.

Her i Norge har vi vore helst konservative i omgangen med folkemusikktradisjonane våre, difor har vi nok og stengt ein del folk ute. Samstundes har vi i Norge klart å bevare mykje gammal musikk som kanskje hadde blitt borte i ein moderniseringsprosess. Denne alderdomlege og tildels rytmisk kompliserte musikken blir lagt merke til langt utanføre Norges grenser. Amerikanske forskrarar kjem til Norge for å studere denne musikken, og felespelaren Knut Buen sel t.d. godt med cd-ar i Tyrkia.

Så er det kanskje noko med denne musikken? Men har han noko å seie for «folk flest»?

KULTURELLE SYMBOL

Kulturelle symbol er samlande og viktige for eit folks identitet. I krig vil ein ofte prøve å øydeleggje viktige kulturelle symbol hos fienden. Det er og vanleg å bruke kulturell undertrykking for å halde eit folk nede. Vi treng ikkje gå lengre enn til korleis vi tidlegare behandla samane i vårt eige land. Så ser vi da og mange døme på korleis ei folkegruppe i ein trua situasjon aktivt bruker eigne kulturelle uttrykk både for å etablere samhald og som ei markering og ein protest utad. Når det gjeld samane, såg vi korleis joiken og samisk handverk blomstra opp og fekk ny anerkjening under Alta-aksjonen for ein del år sidan.

Sist det norske folket strødde om seg med nasjonale symbol var under OL på Lillehammer. Då var ein stolt av det meste som kunne knytast til norsk kultur. Men dette var eit blaff – vi skulle syne oss fram for heile verda, men det var viktig berre desse dagane.

Meir alvorleg var det i tida kring 1905 då Norge skulle byggast opp som eigen sjølvstendig nasjon. Då var «nasjonaldrakta» (ein variant av hardangerbunaden) eit viktig symbol og Hulda Garborg reiste til Færøyane for å «hente heim» den gamle balladedansen, ein mellomaldertradisjon som har halde seg levande på Færøyane heilt fram til i dag.

I Norge i dag har vi ikkje særleg bruk for slike nasjonale symbol. Folkemusikken blir rekna for å vere for nasjonalromantikarane – ja, det er til og med dei som meiner det tenderar mot nasjonalisme når ein er oppteken av den norske folkemusikken. I dag må vi vere «globale», må vite!

Men folkemusikken og -dansen lever, også blant ungdomen – ikkje som symbol for noko anna, men som musikk og dans som blir dyrka for sine eigne kvalitetars skuld.

Så er det kanskje ordet «folke» det er noko gale med? Er omgrepet «folkemusikk» rett og slett provoserande? Kven er folket? Bøndene på 1800-talet?

KVA ER DA EIGENTLEG «FOLKEMUSIKK»?

Vi er ute etter musikk og dans som har levd «sitt eige liv» blant folk, uavhengig av offentlege institusjonar og media. I sekken der vi finn det vi i dag kallar «folkemusikk» er musikk spelt på hardingfele, vanleg fele, munnharpe, diverse fløyter, tromme, trekkspel, munnspele m.m. Vi finn barnesullar, salmetonar, kjærleiksviser, rallarviser, sjantier og spenstige stev. Og vi finn musikk og dans som historisk sett spenner fra mellomaldaren og fram til i alle fall første halvdel av 1900-talet.

Musikken har vandra frå generasjon til generasjon gjennom munnleg tradering, musikk som kvar utøvar får sette sitt personlege preg på før han blir sendt vidare i straumen. Om noko av den musikken som blir

laga i dag kan bli rekna som folkemusikk, veit vi altså ikkje før det har gått fleire generasjoner.

Slik er det ikkje først og fremst genremessige kjenntekn som gjer noko til folkemusikk, men meir måten stoffet har levd og blitt tradert på. Musikalske uttrykk som kjem inn under omgrepet kan difor vere svært ulike. Felles utgangspunkt er likevel musikken slik han levde i det førindustrielle samfunnet, og da helst på bygdene som var minst påvirkta av trender utanfrå. Kvar bygd hadde si musikalske «dialekt». Men folkemusikken vandra då som no. Nytt stoff tilpassa seg det lokale tonespråket og ein fekk slik eit mangfald av variantar av same visa eller feleslåtten. I tillegg til dette ligg det og i tradisjonen eit element av improvisasjon og rom for personleg utforming. Difor bruker ein i folkemusikkmiljøa gjerne uttrykket «i form etter» – altså: Denne visa har eg i form etter N.N.

PRODUKTET OG PROSESSEN

For å ta vare på dette særeigne ved folkemusikken og -dansen er det viktig at ikkje berre formene blir tekne vare på, men og framføringspraksis og sjølve traderringsprosessen. Difor foregår framleis all undervisning innan folkemusikk på gamlemåten, altså på gehør.

Nytt er likevel kursverksemda – kvar lærar har ofte ei stor gruppe elevar samstundes. Ei særleg radikal endring er dette blitt for dansepplæringa, der ein før lærte av å danse med ein som kan. Slik fekk ein dermed ei direkte overføring av rytmien. I dag lærer mange ved å sjå på ein instruktør midt på golvet, og så prøve å gjere det same som han/ho. Det tek sjølvsagt lengre tid å bli ein god dansar på denne måten. Vi får og lett ei einsretting, då ein no berre har instruktøren som førebilete – før kunne ein velje førebilete mellom alle dei gode dansarane på dansegolvet – .

For å ta vare på mangfaldet, blir det i feltarbeidet viktig å dokumentere fleire framføringer av same visa, slåtten eller dansen, både av same utøvar og av ulike utøvarar. Særskilt interesserte kan då og utifrå dette studere variasjonsprinsippa. Velger ein i staden å ta vare på berre eit opptak av kvar, står ein i fare for å sitje att med nokre få «standardformer» som då blir det ein i ettertida ser på som «rett».

I tillegg til opptak av sjølve visa/slåtten/dansen, blir det i dag gjort ein grundig dokumentasjon kring bruken av stoffet og korleis utøvaren har lært dette – altså ein lokalhistorisk dokumentasjon. Dette ikkje berre fordi lokalhistoria i seg sjølv er interessant, men og fordi konteksten kan gi nyttig informasjon i samband med framføringspraksis.

Det blir altså viktig å foreta ein brei dokumentasjon av kva folk har sunge, spelt og dansa i tidlegare tider. Særleg viktig blir det å dokumentere slikt som ikkje har vore mykje fokusert på i media eller vore gitt ut på fonogram. Det er også viktig at innsamlaren ikkje er for selektiv - det er ikkje opp til dagens innsamlarar å velje ut kva neste generasjons utøvarar og forskrarar skal finne interessant.

TIDLEGARE FELTARBEID I ROGALAND

Sjølv om ikkje Rogaland var det mest interessante området for dei tidlegaste samlarane, finst det materiale alt frå tidleg på 1900-talet. I dette materialet finst ein god del tekstar utan noter, dessutan noter der berre 1. verset av dei lengre visene er teke med. Men kombinerer vi dette materialet, utgjer det til saman eit spennande tilfang. Av desse tidlegaste innsamlarane kan vi nemne Olav Sande med nærmare 200 melodiar nedteikna frå Rogaland, Rikard Berge med stoff frå Suldal og Torleiv Hannaas med stoff m.a. frå Bjerkreim. Frå

20- og 30-talet kjem Torkel Maudal og Teodor Dahl med tekstdtekninger, og Holger Barkved frå Bjørheimsbygd kjem i gang med eit innsamlingsarbeid som skal gå over fleire tiår, først ved hjelp av noter, seinare med bandopptakar. Den kjende folkemusikk-samlaren Arne Bjørndal gjorde og ei vitjing til Rogaland på denne tida, m.a. var han i Bjerkreim og på Jelsa. På 40-talet samlar Klara Johannessen og Gunnar Arneson salmetonar på Karmøy. Det har og dukka opp andre private samlingar, då særleg tekstar, men og noter og opptak, dei siste ofte gjort på 50- og 60-talet. Alt dette materialet har det vore viktig å få samla, slik at ettertida kan nyte godt av desse samlarane sin innsats. NRK gjorde sine første opptak i Rogaland i Suldal 1948 med det etterkvart så omtala «liksong»-opptaket der tre eldre karar syng gravferdssalmer slik dei sjølv hadde vore med på å synge dei i gravferder.

Kring 1960 tok det første meir organiserte innsamlingsarbeidet til i Rogaland. Rachel Thomassen frå VestAgder reiste på oppdrag frå Universitetet i Oslo og gjorde opptak både i Bjerkreim, på Karmøy, i Vindafjord, Sauda og Suldal. Rolf Myklebust reiste på oppdrag for NRK og gjorde mest opptak i Suldal og Sauda. Egil Bakka, no professor i folkedans ved universitetet i Trondheim, reiste på 60-70-talet omkring med filmutstyr for å dokumentere korleis folk hadde dansa etter gamalt. Han gjorde opptak i Bjerkreim og noko seinare i Suldal der han m.a. filma gamle folk som dansa springar. Dette arbeidet blei vidareført, då som eit samarbeid mellom Rådet for folkemusikk og folkedans og Rogaland Ungdomslag tidleg på 80-talet, og ein fekk dokumentert dansetradisjonane i store deler av fylket. Fleire av dansane ein har funne på desse feltarbeida er no i bruk i det organiserte folkedansarbeidet. Under same feltarbeidet blei det også dokumentert ein god del dansespel og song.

På 70- og 80-talet har det vore gjort feltarbeid fleire stader i fylket i samband med høgskule- og universitetsstudier. Eit døme på desse er Velle Espeland si magistergradsoppgåve frå 1974 om folkesongen i Bjerkreim.

I 1971 blei Vibå Spelemannslag stifta. Dei spelte hardingfeleslåttar frå ulike kantar av Vestlandet, men blei snart klar over at det fanst eigne tradisjonar i Rogaland. Det var då først og fremst eldre spelemenn i Bjerkreim dei var i kontakt med. Frå tidleg på 70-talet til rundt 1980 blei det gjort atskillige amatøropptak av desse spelemennene. Det var også i dette miljøet at tanken om eit eige folkemusikkarkiv vaks fram. Det måtte likevel ein utflytta Rogalending til – Harald Olsen som arbeida på Høgskulen i Agder og dermed hadde ein «posisjon» – for at det skulle skje noko konkret i saka.

FOLKEMUSIKKARKIVET FOR ROGALAND

Det var i 1981 at det, etter Harald Olsen sitt initiativ, blei kalla inn til eit møte med fylkeskultursjefen. Men det skulle gå heile 11 år med tildels frivillig arbeid, tildels arbeid på engasjement frå Rogaland fylke og Suldal kommune før Folkemusikkarkivet for Rogaland blei offisielt oppretta i 1992, då med berre 1/2 stilling. Før det var det gjort vedtak om at «eit eventuelt framtidig folkemusikkarkiv» skulle ligge på Ryfylkemuseet. I dag har Folkemusikkarkivet for Rogaland ei heil konservatorstilling og er etter kvart blitt godt etablert.

FRÅ FELT TIL FORMIDLING

Kvífor eit folkemusikkarkiv? For å fange opp det stoffet som ikkje overlever i kraft av seg sjølv. Så kan ein spørje seg om dette stoffet er verdt å ta vare på når det ikkje overlever av eiga kraft. Er det ikkje slik innan




Etter det vi veit, var det ingen som lærte spel av Jørgen T. Viken Hovda (f 1890) frå Kvildal i Suldal. Men takka vera gamle arkivopp tak er slåttane hans nå i bruk att.

folkeleg tradisjon at det stoffet som har kvalitetar til å overleve gjer det i kraft av seg sjølv? Stoff som forsvinn ut av tradisjonen gjer dette fordi det ikkje held mål.

Dette kan nok vere riktig i det førindustrielle samfunnet, samfunnet før massemedia. I dag er det heilt andre faktorar som gjer om kulturelle uttrykk skal overleve. Det blir difor naudsynt med «kunstig åndedrett». I arkiva tek vi vare på stoff som fell ut av tradisjonen. Slik kan stoffet «kvile» i fleire generasjonar før nye brukarar kjem og tek det i bruk att.

Stoff som berre ligg i arkivet er ikkje levande musikk. Det er eit mål å få stoffet ut til nye brukarar. Formidling har difor vore ein viktig del av arbeidet ved Folkemusikkarkivet for Rogaland. Det har vore drive



Jorunn Osland og Vidar S.B. Skrede på kurs i Suddalsspringar, Lindum 1997. Vidar er dessutan ein lovande spelemann på hardingfele og er ein av ungdommane som gjerne brukar Folkemusikk-arkivet.

kursverksemd og anna undervisning, det er blitt halde foredrag og kåseri, det har vore arrangert konsertar, det er skrive artiklar og bøker og det er gitt ut fonogram. I tillegg har ein køyrt ein til dels aktiv profil i høve til media.

Korleis er så interessa for folkemusikken i Rogaland i dag? Det er faktisk ei merkbar endring. For, la oss seie 20 år sidan var det t.d. knapt nokon som dreiv med det ein kallar «kveding» her. I så fall song ein telemarksviser og setesdalsstev. No er det ikkje lenger ukjent at Rogaland har ein eigensongtradisjon, og kvedarkursa som blir arrangerte frå tid til anna, har så å seie alltid god deltaking. Det er og blitt ei sterk fokusering på lokal felemusikk, og denne er blitt lagt merke til for sitt sær preg også andre stader i landet. Cd-en «Fela i ura» med folkemusikk frå Bjerkreim kom ut no i juni og har fått mykje merksemd og god ord. Ein god del lærarar og forskulelærarar frå ulike kantar av fylket har vore på kurs opp igjennom åra, og bruker nok stoffet dei har lært vidare. I tillegg har ein nådd fram i media, særleg NRK-Rogaland – både radio og tv-avdelinga har gripe fatt i emne knytta til den lokale folkemusikken i fleire høve. Slik når ein og ut til nye brukarar.

RESTER AV EI FORTID?

Det er slik at hovudvekta av informantane til Folkemusikkarkivet er i aldersgruppa 80-95 år. Det har sjølv sagt å gjere med det faktum at skal ein dokumentere desse kjeldene, må ein gjere det no. Men slik blir og arkivet fylt opp med dokumentasjon av «rester av ei fortid». Kva med dei utøvarane som er i sin beste alder? Bør vi ikkje dokumentere unge folkemusikkutøvarar no mens dei er på høgda? Dette er sjølv sagt ønskeleg, men med begrensa ressurser må ein priori-

tere. Eit anna spørsmål er om dei unge utøvarane ønsker å bli dokumenterte på denne måten? Dei er trass alt i utvikling, og vil kanskje vere endå betre om nokre år? Ikkje dermed sagt at ein skal vente til dei blir 90 –.

Bør ein og dokumentere korleis det blir undervist i folkemusikk og -dans i dag? Dette ville kunne fortelje framtida noko om korleis musikken eller dansen har utvikla seg. Her finst i det heile mange spennande vinklinger på samtidsdokumentasjon.

SAMTIDSDOKUMENTASJON?

Og kva med samtida, sett i eit utvida perspektiv? Eg meiner då musikk og dans som ein kanskje i dag ikkje umiddelbart ville definert inn under begrepa folkemusikk og -dans. Kva spelar, syng og dansar ungdomen i dag? Kunne vi tenke oss eit dokumentasjonsprosjekt som gjekk på dette? Ville ungdomen i så fall sjå verdien av dette og samarbeide? Ville vi få vere «fluge på veggen» eller ville dei velje ut kva vi skulle få dokumentere? Ville dei vere like ærlege no som når ein innsamlar treffer dei att som 80-åringar og ber dei fortelje om ungdomstida?

Det har vore innsamlarar som har prøvd å dokumentere dansen på t.d. «houseparties». Dette kan sjølvsagt bli interessant dokumentasjon, men ein kan samstundes lett hamne i ein «kikkar» posisjon – ein kan rett og slett få dokumentert ein del ting som har lite med dans å gjøre, og som må klausulerast av omsyn til informantane. Men slik hadde det gjerne vore om vi hadde teke med kamera på ein fest seitn på 1800-talet og ? Dokumentasjon av samtida må bli noko anna enn dokumentasjon av det folk kan hugse av fortida. Samstundes må ein skaffe seg løyve frå alle dei involverte. Og det kan vere mange.

Samtidsdokumentasjon er altså ikke uproblematisk og krev samstundes meir ressursar enn heimebesøk til eldre folk. Samstundes kan ein argumentere med at mykje av dagens kultur alt er dokumentert i ulike samanhenger. Vi lever trass alt i eit mediasamfunn. Men dokumentasjon vil alltid vere selektiv. Det er ikke sikkert at ein fjernsynsreportar vil fokusere på det same som ein danseforskar – .

UNGE FOLKEMUSIKKUTØVARAR I DAG OG I MORGON

Typisk for mange av dagens unge folkemusikarar er eit høgt teknisk nivå kombinert med allsidighet. Mange av dei spelar fleire instrument, syng og dansar. I tillegg vil ein god del av dei ha «eit bein innaføre» fleire ulike musikalske genre. Vi har unge lovande folkemusikkutøvarar med bakgrunn både innan rock og klassisk. Vi har dessutan dei som i tillegg til å spele norsk folkemusikk, og spelar folkemusikk frå andre land, og gjerne samarbeider med musikarar frå desse. I det heile er «båsane» blitt mindre tydelege. Stadig fleire unge folkemusikarar spelar saman i grupper, og fleire av desse eksperimenterer med genreblanding.

Ender vi så opp med ein «fruktkompott» der vi ikkje lenger kan skille ut dei einskilde ingrediensane? Det ser ikkje slik ut. For samstundes er det og stadig fleire unge som søker det «autentiske»(og det kan vere dei same som eksperimenterer i andre samanhenger) – dei oppsøker arkiva for å finne fram til dei mest bortgymde feleslåttane eller balladane, dei leiter seg fram til ei eldre tonalitetskjensle og dei reindyrkar den tradisjonelle solistiske song- og spelestilen.

Blant ungdomen finn vi og ei søking etter nye arenaer for song, spel og dans. Ein vil og her ut av «båsane», ein vil synge og spele for folk flest, og i kvardagslege uformelle samanhengar. «Folkemusikk-



Unge felespelarar med lærarar på folkemusikkhelg på Lindum 1999.

pøbber» etter irsk modell dukker opp, då særleg i byane. Her er det nok enklast å presentere folkemusikk i samspel, men ein opplever og at folk er lydhøre for meir stillferdige soloinnslag.

Og kven veit, kanskje vil fleire av oss, i eit samfunn der vi dagleg er omgitt av mye, og tildels sterkt lyd, etterkvart søke attende til den «nakne» tonen? Meneskestemma aleine i eit rom utan noko form for akkompagnement – det kan faktisk vere ei sterkt og til og med litt «eksotisk» oppleveling for mange.

NORSK FOLKEMUSIKK – DET NORSKE FOLKET SIN MUSIKK?

Det ser altså ikkje ut til at den tradisjonelle folkemusikken vil døy ut med det første. Folkemusikken vil kanskje aldri meir bli «folkets» musikk – den musikken og -dansen dei fleste av Norges befolkning kjenner seg mest heime i - men den vil halde fram som ein av fleire oppegåande musikalske genre. Det blir då ei viktig oppgåve å legge til rette for at fleire får høve til å bli kjent med denne musikken, og dermed kunne ha eit


reelt høve til å finne «sin» musikk innanføre det store mangfaldet som kallast norsk folkemusikk.

Utover musikken og dansen sin eigenverdi, har han i tillegg ein særskild posisjon som norsk kulturarv. Slik vil den norske folkemusikken alltid stå i ei særstilling her i landet. Den norske stat må difor kjenne eit eige ansvar for både bevaringa og vidareføringa av denne. Men skal vi nå ut til nye brukargrupper, er det musikken og dansen sin eigenverdi vi må fokusere på.

Etter dei nye planane for grunnskulen, skal både folkemusikken og -dansen sterkare inn i undervisninga. Her ligg ei stor utfordring. Ein må skaffe til veie lærerstoff og skolere lærarane i bruk av dette. Dette er blitt ei viktig oppgåve å gripe fatt i for dei regionale folkemusikkarkiva, lag og organisasjonar og einskild-personar. Her finst mykje kompetanse, og det er å håpe at det blir lagt til rette for lærermiddelproduksjon ulike stader i landet slik at ein tek vare på mangfaldet. Her i Rogaland er slik lærermiddelproduksjon under planlegging under leiing av Folkemusikkarkivet.

KULTURMØTE

I dag ligg det mange stader, også her i Rogaland, til rette for kulturmøte av ulike slag. Til landet vårt kjem folk frå ei rekke ulike land, og dei bringer med seg sin kultur, også innan musikk og dans. Her ligg det mange muligheter til samhandling. Ein kan spele og danse i lag om ein ikkje har eit felles talespråk, og felles musisering kan gi ei sterk kjensle av samhørighet. Dei internasjonale festivalane er dessutan komne for å bli, og her finn mange spennande musikalske møte stad, også utanom offisiell konserttid. Vi bør legge til rette for fleire slike møtestader. Slike møte føreset at vi nordmenn og har noko eige å bidra med. Jo betre vi kjenner vår eigen kultur, jo meir åpne kan vi og vere for andre



Kulturmøte. Brit Guggedal dansar halling etter afrikansk trommespel med brødrene Kouame og Raymond Sereba under Kulturfestivalen i Ryfylke 2000. Brit har i ei årrekke vore sentral i folkedansopplæringa i Suldal.

sine kulturuttrykk. Har vi ikkje noko vi kjenner som vårt eige, blir vi lett skeptiske til dei framande og deira kultur.

SÅ KORLEIS BLIR FRAMTIDA?

Korleis vil det vere når dei unge i dag om 60- 70 år får vitjing av Folkemusikkarkivet? Hugsar dei då kva dei song, spelte og dansa som born og unge ? Vil dei hugse like godt som dei som i dag er i 80-90 åra ?

Samfunnet har endra seg radikalt i løpet av 1900-talet. Vi er konstant omgitt av ulike lydinntrykk. Vi kan høre musikk frå heile verda heime i vår eiga stove. Vi danser ikkje springar til hardingfelemusikk heile kvelden når vi er på dans. Vi går på kurs i arabisk magedans og argentinsk tango, og vi prøver oss på afrikansk trommespel. Dette er moro, vi blir allsidige, lærer kanskje

noko om framande kulturer, men får større problem med å vere «stilreine». Dette går sjølv sagt ut over kvaliteten i det vi driv med, men for mange gjer det kanskje ikkje så mykje? Ein får andre ting i staden – .

På den andre sida – å døme ut frå unge musikarar i dag, ser det ut til at det alltid vil finnast miljø for reindyrking av ulike stilartar. Det vil truleg og alltid finnast dei som ønsker å dyrke talentet sitt til det «fullkomne». Vi måtru at dette gjeld innan den norske folkemusikken og.

Ruth Anne Moen (f.1950) er konservator ved Folkemusikkarkivet for Rogaland, Ryfylkemuseet.

Museet som allmenning i bygdeutviklinga


– Utfordringar ved eit århundreskifte

AV ROY HØIBO

Kulturdepartementet la tidlegare i år fram ei stortingsmelding om arkiv, bibliotek og museum (St.meld. nr. 22 (1999-2000), Kjelder til kunnskap i ei IKT-tid). Meldinga varslar nye krav til musea, men trekker også opp spennande utfordringar for musea i ei framtid som ser annleis ut enn den tida da mange av musea våre blei skipa. Vi har bedt Roy Høibo vurdere våre utvegar på bakgrunn av dei signala Staten gir gjennom stortingsmeldinga, og dei føresetnadjar Ryfylkemuseet har for å svare på desse utfordringane. Forfattaren slår samtidig eit slag for å styrke profilen til Ryfylkemuseet som eit bygdautviklingsmuseum.

Ryfylkemuseet fyller 20 år ved utgangen av dette året. Og det er 65 år sidan forgjengaren, Rogaland Folkemuseum, blei skipa. Det var altså i 1936 at tanken om eit folke-museum for Rogaland oppsto, og ein starta innsamlinga av bygningars og gjenstandar som ein i første omgang hadde planar om å nytte til oppbygging av eit friluftsmuseum ved Mosvatnet i Stavanger. I 1981 førte denne tanken, etter mange omvurderinger, til ny-establering av museet som region-museum for Ryfylke med hovudsete på Sand.

I 1936 var ramma rundt etableringa ei noe romantisk tilnærming til det gamle bondesamfunnet. Men Rogaland Folkemuseum utvikla seg seinare til eit pionermuseum både med omsyn til større breidde i interessa for



Guggedals-loftet var ein av dei første bygningane Rogaland Folkemuseum erverva. Det var ein middelalderbygning frå Bråteit i Suldal. Loftet blei først flytta til Stavanger, men er nå tilbake i Suldal, i bygdetunet på Kolbeintsvæit.

fortida enn det som hadde vore vanleg, og ved å bygge opp museet med desentraliserte samlingar. Da museet blei omgjort til regionmuseum var det på grunnlag av eit organisatorisk grep frå fylkeskommunen som gjorde at Rogaland fekk ein klar og grei museumsstruktur, men utan tilstrekkeleg tilførsel av ressurser for å nå måla i museumsplanen. Ryfylkemuseet har likevel greidd å etterkomma

dei fleste ønskja om deltaking i gjennomføringa av ulike museumstiltak i kommunane.

Ein hovudide i arbeidet til Ryfylkemuseet har vore at museet skal vera ein bidragsytar for å nå dei politiske måla som blir formulerte for utviklinga av regio-




Med utstillinga «Made in Ryfylke» tok Ryfylkemuseet steget inn i bygdeutviklinga. Utstillinga førte til etablering av foreninga Ryfylkeprodukt.

nen. Museet har såleis vore opptatt av bygdeutvikling i vid tyding, og prøvd å finne fram til tiltak der museet kan gi bidrag til ei positiv utvikling av bygdesamfunnet. Dette betyr at museet i stor grad ønskjer å vera samtids- og framtidsorientert, og prøver å setta fortida inn i ein samanheng som gir mening i nåtida. For denne orienteringa, og for den aktiviteten museet får ut av knappe ressurser, fekk museet heidersprisen «Årets museum» i 1999. Utviklinga av museet så langt bør såleis vera retningsgivande for arbeidet også dei første åra i det nye sekulet.

Dette står ikkje i motsetnad til dei nye krava som styresmaktene stiller til musea gjennom den stortingsmeldinga som blei nemnt ovenfor. Tvert i mot. Ryfylkemuseet er mellom dei musea som har dei beste føresetnadane for å svare på utfordringane frå styresmaktene og på dei utfordringane som samfunnsendringane generelt fører med seg.

Det er elles ikkje noe nytt at det blir stilt krav til musea. For oss som hugsar så langt, trur eg det er rett å seia at kulturmeldingane som kom midt på 70-talet, var starten på ei tid da musea blei trukke sterkare inn i



Ryfylkemuseet tok Suldal formannskap med til Nord-Irland for å studere kultur som strategisk virkemiddel i bygdeutviklinga. På bildet ser vi Nils Korsvoll (rådmann), Tormod Skeie, Brian Turner (direktør Down County Museum), Sverre Underbakke, Nils Bjarne Vold, Eldbjørg Sivertsen, Odd Vandvik, Torkel Myklebust (ordførar), og mellom medlemmar frå det irske vertskapet kultursjef Audun Skjelbreid.

samfunnsforma. Og går vi enda lenger tilbake finn vi fleire markerte oppfatningar av kva som har vore viktig for musea.

Det er såleis ikkje noe unikt verken at musea sjølv, eller at publikum, til ulike tider kan oppleve at musea tener ulike formål. Det betyr berre at musea er ein del av eit samfunn som er i stadig endring, og at måla for og arbeidsmåtane i musea vil skifte med ulike behov i samfunnet. Ei kvar tid lagar seg dei musea som det er behov for, og slik sett gir musea kanskje fleire svar på spørsmål knytta til samtidia enn til fortida. Det handlar

altså i større grad om vårt forhold til fortida, enn om fortida i seg sjølv.

Eg er mellom dei som meiner at museumsarbeid også i stor grad dreier seg om framtida. Eit museum som orienterer seg godt i si eiga samtid, kan gi viktige bidrag til strevet med å møte framtida. Ryfylkemuseet har allereide gjort noen forsøk på det, og eg skal komma tilbake til noen mulege grep også i den vidare utviklinga av museet og det distriktet museet skal tene. Men eg vil først skissere eit bakteppe, som vonleg kan gi eit betre forståing av kva eit museum er, og kva føre-

setnadar vi har for å delta i samfunnsforminga. Eg har disponert denne artikkelen slik at eg følgjer eit kronologisk forløp i utviklinga av måla for musea. Men det blir samtidig eit oversyn over ein del av dei utvegane vi i dag har for å velja retning for den vidare utviklinga av musea.

DET NASJONALE MUSEUM

Framveksten av musea, i den forma vi kjenner dei i dag, kom utetter på 1700- og 1800-talet. Her i landet fekk vi det første forsøket på å skipe ei offentleg samling i 1760, da Det kongelige Videnskabernes Selskab i Trondheim blei skipa.

Større betydning fekk den antikvariske samlinga som Selskapet for Norges Vel skipa i 1810. Bakgrunnen var patriotisk. I 1807 hadde regjeringa tatt initiativ til ei oldsaksamling i København. Det skulle norske patriotar ha seg fråbedne, og med ein danskfødt biskop (Fredrik Bech) som drivande kraft, blei det starta innSAMLING AV OLDSAKER SOM SEINARE DANNAR GRUNNLAG FOR UNIVERSITETETS OLDSAKSAMLING I CHRISTIANIA.

Etterkvar fekk vi museum i alle dei større byane. Stavanger fekk sitt museum i 1877. Det spesielle med Stavanger Museum var at oppbygginga av ei etnografisk samling var første post på programmet, deretter kom naturhistoriske samlingar, og endeleg oldskaker, mynter og kunst.

Eit kjenneteikn ved mange av dei tidlege musea var ei emneinndeling av samlingane etter ulike materialtyper. Klassifiseringstankegangen sto sterkt. Å halde saman gjenstandar med like eigenskapar, felles opphav, frå same tidspunkt, og som hørte til same art, var førande prinsipp i behandlinga av museumssamlingane. Dette blir sett i samanheng med den trua ein i opplysningstida hadde på den evna og plikta mennesket hadde til å skape orden og oversyn i tilveret.

Nå kan det sjå ut til at opplysningstidas tru på orden og oversyn gjennom emneinndeling og klassifisering har hatt ei sterk livskraft. Vi som arbeider på musea er aldri lukkelegare enn når vi har fått tinga våre klassifiserte i emne og grupper, og skrivne inn i kompliserte dataprogram som kan sortere tinga ut att på så mange måtar som vi berre har fantasi til å komma på. I formidlingsarbeidet vårt, er det framleis slik at utstillingar basert på utvalde grupper av gjenstandar har stor livskraft.

Men det er også eit anna kjenneteikn ved den tidlege museumsdanninga som har vist seg å ha betydning like til vår tid. Musea var eit virkemiddel for å dyrke fram ein felles identitet i skipinga av nasjonalstatar. Musea spelte såleis ei viktig rolle i nasjonsbygginga, ikkje minst i vårt eige land, der det var eit sterkt behov for å markere det norske etter brotet med Danmark. Dette fekk mange utslag, og framveksten av folkemusea kring århundreskiftet 1800/1900 må ein sjå som eit særleg potent svar på behovet for nasjonal identitetsbygging. Bonden blei henta fram som nasjonal symbolfigur, og aldersverdien tillagt avgjerande vekt i utveljinga av bevaringsobjekt. Bygningar frå mellomalderen blei representative uttrykk for det eigentleg norske.

Oldsaker har spela ei særleg viktig rolle i nasjonsbygginga. Ut frå ein romantisk tankegang var det slik at til lenger tilbake i tida vi kunne følgje historia, jo sikrare kunne vi vera på at norsk var ein eigen nasjonalitet. Ut frå den svake posisjonen som Norge hadde, blei det spesielt påtrengande å gi svar på om nordmennene var eit eige folk, å bevise vår nasjonale identitet i forhold til våre nordiske nabofolk.

Arnfrid Opdal ved Arkeologisk museum i Stavanger har gjort ei interessant analyse av arkeologisk gardsforsking som går inn i denne problematikken. Ho


har særleg granska gardsforskinga til A. W. Brøgger, styrar ved Universitetets Oldsaksamling i Oslo frå 1915 til 1949, og har kome til at det var ein nær samanheng mellom denne forskinga, slik han utførte ho, og ei nasjonal forståing av historie og kultur i ei form for kulturell nasjonalisme. Den nasjonsberande rolla 1800-talets nasjonsbyggjarar tilskreiv bonden og gardssamfunnet, blei inkorporert i arkeologien gjennom Brøggers arbeid.

Eg skal ikkje gå lenger i utdjupinga av den tidlege museumshistoria, men eg trur ho er viktig for å forstå kvifor musea ser slik ut som dei gjer, og kvifor dei arbeider som dei gjer, og at ho gir oss eit bakteppe av kunnskap om bakgrunnen for skipinga av musea og framveksten av dei. Sjølv Haakon Shetelig, ein av dei andre store i norsk museumshistorie, og mangeårig

styrar ved Bergen Museum, skriv i innleiinga til si museumshistorie at «De moderne museer er helt ut skapt av vår tids tankegang og samfunnsforhold, —». Det pålegg oss eit ansvar for å vurdere kva slags tankegang og samfunnsforhold som vi i dag skal tene, og om dei ideane som vi bygger på og dei arbeidsmåtane som vi bruker, er tenlege.

DET LEVANDE MUSEUM

Etter at dei store, tunge museumsinstitusjonane var skipa utetter på 1800-talet, var det at Arthur Hazelius, grunnleggaren av Nordiska Museet, utvikla eit museumskonsept som fekk enorm gjennomslagskraft, ikkje minst i vårt eige land. I 1891 opna han friluftsmuseet Skansen i Stockholm, og her blei publikum så og seja inviterte til å gå direkte inn i ein fortidig røy-




Levande museum på Skansen i Stockholm. Ideen har vist seg å ha ei livskraft langt ut over den tida og den staden han oppsto i.

dom. Her var menneske og levande dyr, tamme så vel som ville, dans og musikk og ei forestilling om ein fortidig idyll som vi hadde forlatt.

Tanken om «det levande museum» utvikla seg raskt til å omfatte meir enn spinning og vefing, og baking etter gamle oppskrifter. Det blei særleg populært å vise fram handverk og arbeidsmåtar som hadde gått ut av bruk.

Og det er ikkje berre i dei nordiske landa ideen om den tredimensjonale fortida i levande live har slått an. Og det er ikkje berre ideen som har vandra, men også namnet. I Szentendre, ein by litt utafor Budapest i Ungarn, er «Skansen» utvikla til det fullkomne. Her er det samla representante hus frå distriktet, det er planta representative kjøkenhagar, interiøra er rekonstruerte til minste detalj, og til og med stabbura er velfylte.

Kikker vi inn døra i eit stabbur på eit middels norsk folkemuseum, finn vi sannsynlegvis grasklypparen, eller stolane som blir brukte til utandørsarrangement,



Frå eit stabbur på «Skansen» utafor Szentendre i Ungarn. Ein kan finne «Skansen» ganske mange stabur i verda etterkvart. Og mange lukkast betre med gjenskapina av fortida enn vi gjer i dei skandinaviske landa, der folkemuseet først oppsto.


eller slikt som ein må lagre, utan at ein riktig veit kor ein skal gjera av det.

Det er likevel få stader i verda ideen om friluftsmuseet fekk så stor gjennomslagskraft som hos oss. Mellom dei tidlege musea her var Norsk Folkemuseum, som blei opna i 1894 og De Sandvigske Samlinger på Maihaugen i Lillehammer som blei offisielt opna i 1904. Her er vakre hussamlingar i konstruert landskap og stor aktivitet heile sommarhalvåret.

Mellom dei tidlege friluftsmusea var også Hallingdal Folkemuseum. Hallingdal Folkemuseum blei opna så tidleg som i 1899, og er særleg kjent for rike samlingar av rosemåla hus og inventar. Nå er vi midt i nasjonalromantikken, og få ting har fått oss til å forstå kor eineståande det er å vera norsk som nettopp rosemålinga og bunadane. Eg skal ikkje ta opp diskusjonen om kor rosemålinga og stoffa og banda og lissene til bunadane kjem i frå, men det er interessant å sjå korleis musea tok utfordringa i ei tid da det var viktig å bygge ein nasjonal identitet som skilte seg frå den danske.

På våre kantar kom vi seint med i denne rørsla. Først i 1936 blei Rogaland folkemuseum, det som nå er Ryfylkemuseet, skipa. Ideen var å bygge eit folkemuseum etter tradisjonell type ute ved Mostvatnet, omlag der som Rogaland kunstmuseum ligg i dag. Det skulle samlast bygningar frå Jæren og Ryfylke, og i tillegg skulle det settast opp bygningar frå Stavanger by. Den første bygningen som blei erverva var eit middelalderloft frå Guggedal i Suldal. Ein bygning som var svært lite representativ for Rogaland, men som var gammal. Denne blei sett opp ved Mosvatnet, saman med eit par andre bygningar, og det var stor opning med gammaldags brudefølgje frå sentrum og ut til museet.

Nå gikk det ikkje så bra med museumstanken ved



Erverv av husmannsplassen Røynevarden til museumsformål var eit pionertiltak da det skjedde i 1948. Det var like framsynt å sørge for ein klausul som sikra at husa kunne bli ståande på sine opphavlege tufter.

Mosvatnet, og bygningane blei etter krigen flytta tilbake til Kolbeinstveit i Suldal. Da hadde museet allereide erverva ein del bygningar i Ryfylke og på Jæren, og det interessante med desse bygningane, og det som var ganske nyskapande i si tid, var at bygningane blei erverva med klausul om at museet skulle ha rett til å ha bygningane stående på sine opphavlege tufter. Dei skulle altså ikkje nødvendigvis flyttast saman på ein ny stad, slik vanleg var for friluftsmusea. Det skulle ikkje konstruerast noe nytt landskap som skulle illudere ei tapt fortid. Kva motiva elles var, veit vi lite om. Det står det ingenting om i dei sparsame protokollane som er etterlate, og det har heller ikkje dukka opp andre kjelder som kan kaste lys over tankane bak den utviklinga Rogaland folkemuseum fekk.

Og så var det ikkje berre det at dei tok vare på husa på staden som var nytt med Rogaland folkemuseum. Pionerane i museet tok også vare på ein husmanns-

plass lenge før andre hadde kome på at husmenn hadde ei fortid det var verd å ta vare på. Og her veit vi at det sosiale perspektivet var klart og tydeleg. Johan Veka har fortalt om det, og det var han som forhandla om kjøp av Røynevarden. Johan Veka og Peder Heskestad, som var dei leiande i styret på den tida, var museums-pionerar av eit format som nok fekk dei medaljane dei skulle ha, men som ikkje mange utafor Rogaland har hørt om.

DET SOSIALDEMOKRATISKE MUSEUM

Eg nemnte kulturmeldingane på 70-talet. Det var altså Korvald-regjeringa si melding «Om organisering og finansiering av kulturarbeid» som kom i 1973, og tilleggsmeldinga frå Bratteli-regjeringa, som kom i 1974. Den kulturpolitikken som blei meisla ut her var ein milepel for musea.

Frå 1975 blei det innført ei tilskottssordning for musea, som i praksis var eit sugerør inn i statskassa for dei fylka som ønskte å styrke museumsstellet sitt. Dette førte til mange nye stillingar ved musea, og ei generell styrking av museumsstellet. Det var også under behandlinga av kulturmeldingane at Arkeologisk avdeling ved Stavanger Museum blei omgjort til sjølvstendig statsmuseum frå 1975, med den grunngvinga at alle dei andre arkeologiske musea allereide var statsmuseum.

Men det var ikkje berre pengar det dreidde seg om i kulturmeldingane. Det dreidde seg meir enn noe anna om eit utvida kulturomgrep, om demokratisering, desentralisering og eigenaktivitet. For musea fekk det den konsekvensen at det ikkje lenger berre skulle dreie seg om bonden. Vi oppdaga at vi hadde ein kyst med eit folk som hadde sin eigen kultur.

Kystkulturen oppsto som omgrep og kampsak, men

har på langt nær oppnådd same status som bondekulturen. I Rogaland, kystfylket framfor noe, har vi 3 museumsfartøy, medan talet på bevarte bygningar er over 300. Til «Brødrene af Sand» blei det nyleg stilt til rådvelde dei midlane som var nødvendige for å restaurere fartøyet, men Ryfylkemuseet har ikkje fått ei krone til drift og vedlikehald av båten, enda kystkultur er eit satsingsområde i museumsplanen for fylket.

Og så var det ei gruppe til som skulle på museum. Det var industriarbeidaren. Og medan kystfolket stort sett har måttå greie seg med fine ord og vakre tankar, har industrisamfunna hatt sterke talsmenn andsynes styresmaktene. Bevaringa av industrianlegg, og etableringa av industristadmuseum har fått god støtte. I Sauda har Ryfylkemuseet hatt glede av å vera med på bevaring av bustadområdet Åbø-byen og etablering av eit industriarbeidarmuseum i ei av bustadane i byanlegget.

Her finn ein rekonstruert røyndom på sitt beste. Men vi har ikkje fått med oss røyken frå fabrikken, som ført til lungebrann og stor dødelighet i Sauda, dei overfylte stovene og skiftarbeidaren som skulle ha ro til å sova medan alle andre var vakne.

Ved sida av at musea nå skulle utvide sitt repertoar til å omfatte grupper som tidlegare var dårlig representerte på musea, kom det etterkvart også sterke krav om at musea burde interessere seg meir for samtida og den nære fortida.

Vi var for alvor i ferd med å forlate nasjonsbygginga og verdiane frå førre hundreåret. Bjartmar Gjerde, som faktisk var kulturminister, eller kyrkje- og undervisningsminister som det heitte den gongen, understreka at «kulturpolitikk er samfunnsforming». Og samfunnsforming betydde nå like vilkår for alle. Det kulturelle demokratiet skulle byggast gjennom distriktsutbyg-



Ryfylkemuseet har følgt to fruktgardar i Hjelmeland gjennom eit heilt år for å dokumentere frukttdyrking og livsform i utkantjordbruksområdet. Bildet er frå Eiane, der to generasjoner samarbeider om gardsbruket. Frå venstre: Gudmund Eiane, Trygve Brandal, Ellen Lovise Eiane og ein «dreng».

ging og desentralisering, men og gjennom nedbryting av sosiale skiljelinjer. Den borgarlege regjeringa var meir opptatt av eigenaktivitet innafor eit utvida kulturomgrep. Kulturmiljøene blei strødd ut over kommunar og institusjonar på ein måte som ikkje berre ga grunnlag for nye stillingar i musea, men også for opprettning av kulturettar og kultursekretærstillingar i kommunane. Kulturpolitikken skulle vera eit middel til å skape eit kvalitativt rikare samfunn.

Musea skulle bidra til dette gjennom å samle og drive med vitskapleg arbeid, det vil vel sei forsking, men først og fremst ved å opprioritere formidlinga.

I bygdene blei samfunnsforming tolka som bygdeutvikling, og mange museum har prøvd å finne sin plass som bidragsytar i dette strevet. Ryfylkemuseet er mellom dei som har kasta seg ut i bygdeutviklinga med stor iver. Mellom dei tiltaka museet har deltatt i er bevaring av genmateriale frå gamle fruktslag og dokumentasjon av frukttdyrking og livsform på eit par frukt-



Museum of Civilisation i Ottawa. Her har inuitane, «The first people», fått beste utstillingsplassen.

gardar i Ryfylke. Gjennom dette arbeidet får museet til ein samtidsdokumentasjon av ei næring som er viktig for Ryfylke. Og resultata av arbeidet er meint brukt i eit formidlingsarbeid som ikkje berre skal vise korleis livet på fruktgarden er, men også vera ei støtte til oppretthalting av livsforma og eit innlegg for matproduksjon i Norge. Museet prøver altså å stille opp på distriktet og næringa si side.

DET SAMFUNNSENGASJERTE MUSEUM

Det var ikkje noen därlege grep regjeringane og stortinget tok på 70-talet. Og føringane var klare og gode. Dei omfatta også omsorg for minoritetar og oppforing til eit sterkare internasjonalt engasjement. Men eg trur det er rett å seia at det tok tid før musea begynte å vende blikket mot samtid, nye grupper og alternative formidlingsformer. Norske museum har ikkje alltid vore i framkant av utviklinga. Men la meg da seia at norske museum har hatt ei sterk fagleg utvikling på 90-talet, og den store internasjonale museumskonferansen

i Stavanger i 1995 var eit viktig bidrag både til å kople det norske museumsmiljøet sterkare til det internasjonale, og til å plassere Rogaland på museumskartet. Den nordiske museumsfestivalen som blir arrangert på Arkeologisk museum i Stavanger, og der Ryfylkemuseet vann førsteprisen i 1998, er også eit bidrag til det. Før vi vender tilbake til det heimlege, skal vi likevel ta ei blikk ut i verda.

I Canada er forholdet mellom folkegruppene vanskelegare enn det er hos oss. Og det er ikkje berre dei fransktalande og dei engelsktalande som har problem med einannan, Canada har også ein minoritetsbefolking kalla inuitar. Da Museum of Civilisation blei opna i Ottawa i 1989 fekk kulturen til inuitana den beste plassen. Det kan også vera verd å merke seg at inuitane i Canada blir kalla the first people, og sentralhallen i Museum of Civilisation er altså via kulturen til dette the first people.



I Mexico finn vi døme på at turismen kan vera eit trugsmål mot naturmiljøet. Det kan føre til at museet finn å måtte gjera eit val mellom ulike interesser.



I Nord-Irland viser Down County Museum at den store tromma til Oransje-ordenen eigentleg er eit folkemusikkinstrument. Ny kunnskap om historia kan vera eit virkemiddel i fredsskapande arbeid.

Reiser vi litt lenger sør, til Mexico, kjem vi til eit land med fantastiske kulturminne og med flotte strender og utrulege korallrev på utsida. Dette er eit av måla for den heftigaste cruisetrafikken i verda. Cruise-skipa ankrar opp på utsida av Cozumel medan turistane er på land og besøker strendene, ser på minna etter Maya-kulturen, kjøper smykker av svart korall i eksklusive sølvsmier og får oppleva den lokale folkloren. Det er strengt regulert kor skipa kan ankre opp, da korallreva er svært sårbare. Men cruisetrafikken er stor, mannskapet har stramt tidsskjema og korallreva lite synlege på overflata. Det fører til at oppankringa i stor grad går føre seg midt i korallreva, til stor skade for naturen.

Museet på Cozumel gikk aktivt inn i denne konflikten. Dei laga ei fin utstilling om korallreva, og kva trugsmål masseturismen førte med seg mot desse. Det førte til at min gode venn og kollega, bestyrar ved museet, Rosalinda Jinich Domingo, måtte forlate stillingen sin. Museet var til for å tene turismen, ikkje for å beskytte naturen.

I Nord-Irland har dei andre problem å stri med. I Downpatrick, ein liten by noen kilometer sør for Belfast, ligg Down County Museum, eit regionmuseum på storleik med regionmusea i Rogaland. Går vi innanfor porten her finn vi ofte mye folk. På St. Patricks Day 17. mars er museet samlingspunkt for feiringa. Og i ein by der dei ulike gruppene i konflikten har kvar sine skular, pubar og forsamlingshus, har dei lukkast i å bygge opp eit museum som dei har saman.

Museet har arbeidd mye for å få dette til. Og dei har gått langt ut over det som er vanleg her til lands for å få det til. På dei store festdagane, som St. Patricks Day og Halloween, inviterer dei gjøglarar og folk som driv med ansiktsmåling og andre aktivitetar inn til seg. Det er eit mangfold av tilbod, der eit hovudmål er nettopp

at museet skal fungere som ein møteplass mellom folk som elles ikkje møtest. Men der det også er eit mål at museet, på bakgrunn av eiga og uavhengig forsking, skal kunne presentere ei alternativ historie til den historia folk frå dei ulike partane har lært i sine eigne skular.

Eit døme på alternativ historie er å fortelja kva rolle «The big Drum» har hatt i den irske folkemusikken. Folk flest som lever i Nord-Irland i dag veit ikkje anna om denne tromma enn at ho blir brukt i opptoga til lojalistane (Oransje-ordenen). På Down County Museum får dei lære at dette er ei tromme som ikkje nødvendigvis er eit symbol for den eine parten i ei bitter konflikt, men at det er ei tromme som hører til eit felleslege for alle irar.

Når historia blir brukt til å bygge myter om eigen nasjonalitet kan det gå riktig ille. Øydelegginga av Jugoslavia er eit skremmande døme på det. Både Sarajevo og store delar av Bosnia-Hercegovina forøvrig er framleis sterkt prega av øydeleggingar etter krigen, og vil truleg vera det i lang tid frametter. Den møysommeleg oppbygde velferdsstaten er rasert, og byjordbruk og byttehandel er igjen blitt eit viktig innslag i økonomien. Folket i det tidlegare Jugoslavia er sorterte etter nasjonalitet, og sjølv innafor Sarajevo by beveger folk seg nødig frå sin eigen bydel og inn i bydelane til andre grupper.

Halvparten av befolkningen blei drivne på flukt før krigen slutta i 1995. Av desse kom 12.000 til Norge. Få har reist tilbake, og dei utgjer i dag ein del av eit Norge som er i ferd med å få sterkare karakter av å vera eit fleirkulturelt samfunn. Framleis er det berre 5,5% av innbyggjarane i Norge som kan reknast som innvandrarar. Medan det går 20 nordmenn på kvar innvandrar, er kvar 5. innbyggjar i Sverige ein innvandrar. Forsök på å

innbille oss at vi er i ferd med å bli framande i vårt eige land, er såleis sterkt overdrive, men det er heller ingen grunn til å oversjå at alt ikkje er som før.

Møtet med dei framande er ei hovudutfordring for vårt samfunn, og for musea, i dei åra som kjem.

DET GLOBALE MUSEUM

Så står vi da med Stortingsmelding nr. 22 frå stortingssesjonen 1999-2000, Kjelder til kunnskap og oppleving, i handa, og skal finne svara på kva nå? Kva er meinингa med eit lite regionmuseum i ei tid prega av globalisering, ei teknisk utvikling hinsides fatteevna til dei fleste av oss, ein økonomisk opptur utan sidestykke i historia, ei rasering av viktige miljøverdiar, ei mangfoldig söking etter meininger i det indre, og ein periode i moderne tid der vi ikkje er heilt sikre på om vi lever i ein aksellererande modernitet eller i eit postmoderne samfunn.

Samfunnsendringane påkallar vonleg eit engasjement hos dei fleste av oss, og om eg har lukkast med å antyde noe om kva historie og museum kan brukast til i ulike samfunnssituasjonar, bør vi som arbeider ved folkemusea vera mellom dei fremste til å reflektere over kva slags utval vi gjer når vi samlar kjeldemateriale, kva slags kunnskap vi produserer, korleis vi formidlar denne kunnskapen og kva han blir brukt til. Det bør ikkje vera likegyldig for oss korleis kunnskapen om historia blir brukt. Det betyr at det er ikkje nok for oss å produsere kunnskap og vise fram resultata, vi må også tenkje nøyne gjennom i kva samanheng vi presenterer forskingsresultata, og kva målet med formidlinga er.

I tillegg til det vi sjølve kan observere av det som går føre seg i samfunnet kring oss, og korleis vi tolkar det, har altså Kulturdepartementet forsøkt å seia noe



Byjordbruk i Sarajevo. I eit globalisert tilverke, der hendingar langt unna raskt får innverknad på vår eigen kvardag, kan det vera ei viktig oppgåve for museet å dokumentere, tolke og formidle annan røyndom enn den nære, og skape møteplassar for andre enn dei som kjenner einannan frå før.

om kva dei meiner skal vera meininga med musea dei nærmaste åra. Det er neppe tvil om at dei grepa departementet varslar gjennom stortingsmeldinga vil få mye å seia for alle museum. Og ikkje berre museum, det er verd å merke seg at stortingsmeldinga gjeld både for arkiv, bibliotek og museum, og at det er eit viktig mål for departementet å samordne aktivitetar i desse tre institusjonstypane.

Departementet startar med å problematisere kulturarvsbegrepet. Dei aviser ikkje at musea skal ta vare på kulturarv, men dei understrekar behovet for å reflektere over kva vi gjer når vi vel ut utvalde element frå forhistoria til å få status som kulturarv. Den kon-

fliktskapane nasjonalismen som vi har sett mellom folk som vi kan kjenne eit slektskap med, bør få oss til å vera svært medvetne om kva funksjon kulturarv og historieforteljing kan ha i samtidia. Spesielt i ei tid da det er viktigare å lære oss å leve mellom folk som tenkjer og trur annleis enn oss, enn å dyrke vårt eige på ein måte som kan virke ekskluderande og fremje intoleranse.

Departementet oppfordrar oss til å ta musea i bruk som arenaer for samfunnsdebatt om desse spørsmåla. Om kulturarv og identitet. Om korleis historia blir brukt, hos andre og hos oss sjølv.

Vi skal avspegle eit historisk og eit kulturelt mangfald, seier departementet. Det er ei ganske anna rolle enn vi er vane med å spele. Vi skal gi folk kunnskapar og kompetanse som kan gjera dei i stand til å fungere i eit globalisert tilverke. Kulturministeren som la fram stortingsmeldinga, Åslaug Haga, understreka at dette skal bygge på det ho kalla kulturell eigentryggleik, men ein positiv eigentryggleik, sa ho, som omfattar kunnskap om og toleranse i forhold til andre folk. Musea skal tilby materiale både til å bygge ein trygg sjølvidentitet og til å gjera oss i stand til å akseptere, forstå og fungere godt i forhold til dei framande.

Og ikkje nok med det. Dei framande sjølve, anten dei er minoritarar i vårt eige land, eller innflyttarar, skal også finne sine historier på museet. Musea er ikkje lenger reiskap i eit nasjonsbyggingsprosjekt. Musea er reiskap i eit internasjonaliseringssprosjekt. Det er ikkje lenger det nasjonale perspektivet som skal vera rettesnora, det er det globale. Også musea skal nå tenkje globalt, og handle lokalt. I forhold til miljøet skal vi bidra til å vise korleis kvar generasjon ikkje er eineståande, men ledd i ei kjede.

Honnørordet for å få dette til er at museet skal spele ei rolle som møtestad. Vi skal vera det som i ei utgreiing om musea som kom før stortingsmeldinga blei kalla dialoginstitusjonar. Museet skal vera ein møtestad mellom det kjente og det ukjente, mellom nordmann og utlending, mellom natur og kultur, mellom fortid og framtid. Og vi kan fortsetta tankerekka med å legge til at musea bør vera møtestader mellom menneske og teknikk, mellom gammal og ung, mellom mann og kvinne, mellom by og land og mellom folk frå ulike sosiale lag i samfunnet. Eg trur og vi må tenkje slik at musea skal vera møtestader mellom ulike kunstformer og mellom populærkultur og finkultur.

Den andre knaggen for museumsverksemda er den


rolla vi skal spele som samfunnsminne. Vi skal samle inn og ta vare på kjelder til kunnskap. Og dette er kanskje den største utfordringa i forhold til dei spørsmålå framtida vil stille. Korleis skal vi greie å ta vare på dei rette kjeldene? Korleis skal vi skaffe oss den kompetansen som gjer at vi tar vare på kjeldeinformasjonane som gir svar på dei spørsmålå generasjonane etter oss vil stille?

Departementet lover musea nye ressurser til å ta i ferde med ein del av dei utfordringane vi ser framfor oss. Dersom Stortinget følgjer opp med nødvendige løyvingar, kan vi sjå for oss ein ny giv for musea, noe på linje med det som skjedde etter at kulturmeldingane kom i 70-åra. Men til skilnad frå den gongen, vil midlane denne gongen i langt større grad bli målstyrkt. Vi kan såleis neppe vente oss særleg stor tilførsel av nye ressurser til generell vekst i museumsstallet, men det kan ligge utveg til å løye viktige oppgåver innafor dei områda som eg har prøvd å refere til ovanfor. Eit av vilkåra er betre samordning og meir samarbeid mellom musea. Departementet meiner samarbeidet er for dårleg og at vi har for mange museum her i landet.

Korleis er så musea, og særleg Ryfylkemuseet budd til å møte desse utfordringa. Faktisk ikkje så dårleg, men Ryfylkemuseet er eit lite museum, og det krevst mye av museet om det skal greie og posisjonere seg i forhold til det som måtte komma når stortingsmeldinga skal settast ut i livet. Det er eit spennande arbeid, men det er krevjande, og det vil stille store krav til prioritering og planlegging, om museet skal lukkast, og ikkje bli sittande att som eit perifert museum med ringe interesse for publikum og det samfunnet museet skal tene.

VEGVAL VED EIT TUSENÅRSSKIFTE

Eg har prøvd å knytte denne artikkelen til ulike perio-



Vaffelservering har sin sjølvsage plass i strevet med å få folk til å komma til museet og utvikle museet til ein møteplass. Men ein skal vera varsam med å tru at demonstrasjon av gamle teknikkar og arbeidsmåtar fungerer som formidling av kunnskap om korleis det var før, og kva det har å seia for oss som lever i dag.

dar i vår eiga, heimlege museumshistorie, med noen sideblikk til problemstillingar andre stader, og gjennom det prøvd å vise at ideane om kva musea skal arbeide med skiftar med skiftande behov i samtida.

Samtidig som eit oversyn over museumshistoria er eit oversyn over dei måla som til ulike tider er lagt til

grunn for museumsarbeidet, er det også eit oversyn over mål som framleis er virksame i museumsstellet. Ideane frå nasjonsbygginga er ikkje døde, ideen om det levande museum er opphav til stadig nye museumsidear, museet som bidragsytar i demokratiseringsprosessen og det samfunnsengasjerte museet er

like aktuelle museumsidear nå som dei var da dei blei lanserte. Tanken om museet som bidragsytar i tilpassinga til eit globalisert tilverke er meir et tillegg enn eit alternativ til tidlegare arbeidsmål.

For oss som skal prøve og manøvrere musea inn i ei framtid som kan synest både uoversiktleg og forvirrande, er utvegane både mange og spennande. Det spennande ligg i at utvegane til å spele ei viktig rolle i samfunnsforminga ser ut til å vera betre enn på lenge.

Til grunn for dei vala vi må gjera ligg ei rekke behov i samfunnet som vi i større eller mindre grad kan bidra til å dekke. Det ligg klare krav frå Staten, den viktigaste bidragsytaren til oppretthalding og utvikling av museumsstellet, og det ligg utvegar og avgrensingar i dei kunnskapar, tradisjonar og ressurser som musea sjølv rår over.

Det kan neppe vera tvil om at det er det museet som kan gi bidrag til oppretthalding og vidareutvikling av demokratiet, som kan skape samfunnsengasjement og utvikling av ein kollektiv refleksjon, og som kan tilby kunnskap og kompetanse i forhold til eit globalisert tilverke, det er det museet som best svarar til dei behova vi i dag opplever som viktige.

Det levande museet er etterkvert blitt ein klisje som treng nærmare forklaring om det skal ha meinings. Eg avviser ikkje folkedans og vafflesal i bygdetunet, og meiner at det kan fungere kjempebra som møtestad for bygdefolk, og som møtestad mellom bygdefolk og turistar. Kan slike tiltak koplast til formidling av nyare forskingsresultat, kan bygdetunet fungere godt som ramme kring utvikling av ein kollektiv sjølvrefleksjon. Men eg trur ein skal vera varsam med å tru at demonstrasjon av gamle teknikkar og arbeidsmåtar i nostalgitiske omgjevnadar nødvendigvis fungerer som formidling av kunnskap om korleis det var i gamle dagar,

og kva det har å seia for oss som lever i dag. Gamle dagar er ei anna verd, og trua på at vi skal kunne gjenkjape ein fortidig røyndom trur eg eg sterkt overdrive.

Det nasjonsbyggande museet er blitt direkte problematisk etter at vi har sett kva dyrking av nasjonale idear kan føre til. Hos oss ligg det neppe føre noen føresetnadar for voldelige konflikter eller interne etniske utreinskingar. Sjølv dei som dyrkar draumen om ein føderal vestlandsregion, fristilt frå sentralmakta i Oslo, ser neppe for seg at alle oss som har foreldre fødde på austlandet skal jagast ut av landsdelen. Hos oss er det i hovudsak samanfall mellom nasjon og stat, og faren ligg først og fremst i dyrking av det norske andsynet det framande.

For musea må det vera viktig å finne ein balanse mellom tolking og formidling av vår historie og våre verdiar på ein måte som kan bidra til å bygge opp ein positiv eigentryggleik, og bruk av musea som møtestader mellom nordmenn og folk med annan kulturbakgrunn.

Eg trur hovudutfordringa ligg her. Det er spørsmål om korleis vi kan bidra til å skape toleranse, førebygge framandfrykt og etniske konflikter, tilføre både våre eigne og andre kompetanse i møte med framande skikkjar, tankar og veremåtar, og utvikle den eigentryggleiken som kulturministeren trudde var nødvendig også i ei seinmoderne tid. Det er spørsmål om korleis vi kan bidra til å forstå vår eiga rolle i eit perspektiv som omfattar meir enn vår eiga tid, og til eit ansvar for miljøet som strekker seg lenger enn til det som er lønnsmælt for oss som lever her og nå.

MED RYFYLKEMUSEET INN I FRAMTIDA

Ryfylkemuseet startar ikkje med blanke ark når det skal inn i framtida. Ryfylkemuseet startar med ansvar

for etter måten store samlingar av bygningar og gjenstandar som det arva etter Rogaland folkemuseum, nyare samlingar av foto- og arkivmateriale og eit driftsansvar for eit museum som etter norsk målestokk er å rekne som mellomstort. Og det startar med ein omfattande portefølje av avtalar, engasjement og påbeynte prosjekt i mange av Ryfylke-kommunane.

Det startar og med eit personale som har sine faglege og personlege føresetnad for å ta i ferde med utfordingane, og som er avgrensa til 5 faste stillingar og dei ressursene det elles er råd å skaffe til vegar for å løyse nye og omframme oppgåver. Museet har, opp gjennom dei åra det har eksistert, lukkast ganske bra med å skaffe slike midlar, men det gir eit utrygt fundament for den jamne drifta. Det er ingenting som tyder på at denne situasjonen vil endre seg. Verken kommunane eller fylkeskommunen gir noen signal om generell auke i tilskotta til musea dei nærmaste åra. Ei eventuell von om ny ressurser må knytast til signala i stortingsmeldinga. Men til dei ressursene som blir signalisert der knyter det seg m.a. vilkår om «konsolidering», utan at vi heilt veit kva det betyr, og om det vil få konsekvensar for museumsstrukturen i Rogaland.

Det er likevel ingen grunn til å fortvile. Ryfylkemuseet blei kåra til «Årets museum» i fjor, og beviste gjennom det at det er eit museum med evner. Det er også eit museum der ein berre så vidt har kome i gang med å utnytte potensialet. Ryfylkemuseet kan bli dobbelt så godt som det var i 1999. Med den veksten vi har i museumsbudsjetta kan det ta ytterlegare 20 år, men i mellomtida kan museet gjennomføre mange viktige enkelttiltak.

Stortingsmeldinga etterlyser kulturell toleransestrening, arenaer for samfunnsdebatt om kulturarv og kulturell identitet, avspegling av eit historisk og kulturelt

mangfald og bidrag til kunnskaps- og kompetanseutvikling i eit globalisert tilver. «Musea skal vera ein arena for kunnskap og forståing, der kvar og ein kan utvikle positive haldningar til både eigne og andre sine røter», står det. Bygda har verdier storsamfunnet har bruk for om vi skal takle den røyndomen auka innvandring fører med seg. Museet kan vera ein katalysator for synleggjering og vidareføring av slike verdiar. Ryfylkemuseet har så vidt starta sitt engasjement i forhold til våre nye sambygdingar. Museet bør og kan følge desse vidare for å studere integreringsprosessen, og gjennom det gi både innvandrarane og dei som bur i bygdene frå før innsikt i kva som skjer når kulturar møtest, og gjennom det bidra til å legge eit grunnlag for ei positiv utvikling av integreringsprosessen og av bygda sjølv.

Musea skal vera dialoginstitusjonar. Det kan vi ta på alvor. Ryfylkemuseet har god røynsle frå samarbeid med kommunar og ulike lag og organisasjonar om arrangement, aktivitetar og publikasjonar som tar opp aktuelle samfunnsspørsmål. Ikkje alltid i ein kulturhistorisk kontekst, men det og når det er nødvendig og naturleg, og alltid på bygda si side. Ryfylkemuseet har som uttalt mål at det skal gi bidrag til ei positiv bygdeutvikling.

Informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) skal løyse dei fleste av dei problema som måtte dukke opp. Og han skal vera eit hovudgrep i arbeidet med å betre «informasjonskvaliteten og tilgangen til informasjon og kunnskap». Ryfylkemuseet har kome eit stykke på veg med bruk av IKT, og har under utvikling et samarbeid med alle Ryfylke-kommunane om IKT i museumskvarden. Det ligg eit stort potensiale i det materialet og dei kunnskapane musea forvaltar for å legge til rette for at både skulane og det alminnelege

publikum kan nytte seg av stoffet på ein heilt annan måte enn det som er muleg i dag. Men her vil det skorte på både kapasitet og pengar. Skal vi kunne svare på utfordinga om å betre kvaliteten og tilgangen på den informasjonen vi kan tilby, er det behov for friske midlar både til tilrettelegging og til investeringar i og drift av teknologien.

Staten har lenge peika på behovet for ei betre kopling mellom natur og kultur i musea. Dette blir gjentatt i stortingsmeldinga. Ryfylkemuseet har slett ikkje dårlege føresetnadar for å møte dette kravet. Noe av det positive med den desentraliserte bygningsmassen museet har ansvaret for, er at han gir gode utvegar til å vise samanhengen mellom busetting og naturgrunnlag. På Hustveit i Sauda ligg museumsbygningane midt i eit område som Staten har kjøpt for å ta vare på ei landskapstype som omfattar vegetasjon like frå sjømålet og opp til høgheia, og som omfattar innmark som ikkje har vore gjenstand for moderne dyrkingsmetodar. Vi samarbeider med miljøvernnavdelinga hos Fylkesmannen og med Sunnhordland og Nord-Rogaland Fri-luftsråd om å pleie og formidle dette eineståande området, og har konkrete planar om betre tilrettelegging av området i samarbeid med Sauda kommune.

I Hjelmeland har vi eit samarbeid med kommunen, forsøksringen, fruktdyrkarlaget og Nordisk Genbank om bevaring og formidling av kunnskap om fruktdyrking og gamle fruktslag. Dette er også eit samtid-dokumentasjonsprosjekt, og det er eit prosjekt der vi ønskjer å dokumentere og formidle kunnskap om livsforma i eit yrke som er under press både økonomisk og kulturelt. Ryfylkemuseet vil stå på matprodusentane og utkanhbøndene si side og gi sitt bidrag til å fremje sjølvmedvet og tru på eiga framtid hos dei som arbeider i næringa, og kunnskap, oppleving og forståing

mellom bygdafolk elles og mellom folk frå sentrale strok.

Vi har og andre engasjement innafor primærnæringane som vi ønskjer å vidareutvikle. Vi har lenge arbeidd for å dokumentere og formidle kunnskap om drivhusnæringa på øyane, vi prøver å få til eit hummar-museum på Kvitsøy, vi har prøvd å følge utviklinga i skogbruket og vi har arbeidd mye med småfehaldet.

Noe av det mest interessante i stortingsmeldinga er den sterke understrekninga av behovet for å dokumentere og vidareføre det som blir kalla handlingsboren kunnskap. Dette er det naturleg for oss å kople saman med eit anna behov det blir gjort greie for i stortingsmeldinga: Behovet for opparbeiding av spesiell hand-verkskompetanse for vedlikehald av verneverdig bygninga ved musea. Det blir peika på behov for utvikling av nettverk mellom museum som arbeider med slike problemstillingar.

Her har Ryfylkemuseet eit godt utgangspunkt. Vi er i avsluttingsfasen av eit prosjekt der vi nettopp har arbeidd med den handlingsborne kunnskapen innafor bygningsfaga, og vi har opparbeidd spisskompetanse innafor dette feltet. Vi har allereie tatt kontaktar for å etablere eit nettverk med andre museum som har arbeidd med liknande problemstillingar. Den styringsgruppa som har vore knytta til prosjektet har gitt uttrykk for ein ambisjon om å etablere eit senter for bygningsvern knytta til Ryfylkemuseet. Skal denne ambisjonen bli følgt opp fullt ut, vil det vera behov for opprettning av ny stilling ved museet. Men same korleis det går, må museet finne utveg til å følge opp det arbeidet som er lagt ned i bygningsverprosjektet.

Eit hovudgrep i stortingsmeldinga er samordning og samarbeid. For Ryfylkemuseet er dette ei særleg utfordring. Vi må utvikle vidare samarbeidet innafor



I eit land som seier dei satsar på kystkulturen har det førebels vore uråd å få midlar til vedlikehald og drift av ei av dei siste Ryfylke-jektene, «Brødrene af Sand».

Ryfylke, og vi må vera aktive i arbeidet med å etablere nettverk med museum andre stader i landet på område som vi prioriterer høgt. Det samarbeidet om konserveringstenester som er utvikla mellom regionmusea i Rogaland og Arkeologisk museum i Stavanger er eit godt grunnlag for vidare utvikling av samarbeidet mellom desse musea. Ryfylkemuseet har dessutan vore eit pionermuseum i utviklinga av samarbeid over landegrensene, og må ta vare på det internasjonale engasjementet og det vennskapssambandet med Down County

Museum i Nord-Irland, som så langt har vore til både inspirasjon og glede for utviklinga av Ryfylkemuseet. Norsk Museumsutvikling støttar vennskapssambandet som eit pilotprosjekt for internasjonale kontaktar for små og mellomstore museum.

Nå er det slik at Ryfylkemuseet allereide er engasjert i samarbeidstiltak i dei fleste av kommunane i Ryfylke. Og det er gjennomført fleire fellestiltak der alle kommunane har vore med. Men det har vore vanskeleg å etablere permanente samarbeidstiltak, samti-

dig som det har vore lettast å finansiere omframme enkelttiltak i dei indre kommunane i regionen (Hjelmeland, Suldal og Sauda). Dette har gitt ei skeiv utvikling av museet i forhold til ansvaret for heile regionen.

Nå er vi i gang med utvikling av eit fellestiltak for registrering og katalogisering av samlingane i regionen. Det kan vera starten på eit meir permanent samarbeid om viktige museumsoppgåver, der ein kan sjå for seg Ryfylkemuseet som koordinator og drivkraft i utviklinga av eit senter for museumstenester i regionen. For museet vil det i tillegg vera viktig at ein i valet av nye oppgåver søker å prioritere tiltak som har heile Ryfylke som utgangspunkt.

RYFYLKEMUSEET – ALLMENNING I BYGDEUTVIKLINGA

Det er ovanfor peika på ein del viktige arbeidsområde der Ryfylkemuseet har utveg til å kunne svare godt på dei utfordringane styresmaktene peikar på i den nye stortingsmeldinga om arkiv, bibliotek og museum. Og det er ikkje tvil om at museet må prioritere slike arbeidsområde dersom det vil nyte godt av dei midlane dei same styresmaktene varslar at kan bli tilført museumsstellet i åra frametter. Men Ryfylkemuseet har også andre engasjement som det vil vera ønskjeleg å utvikle vidare.

Ansvaret for eit arkiv for song, musikk og dans frå Rogaland er lagt til Ryfylkemuseet. Sjølv om det er berre ei stilling knytta til arkivet, og arbeidet med å bygge opp arkivet starta frå bar bakke med små midlar så seint som midt på 1980-talet, kan vi allereie vise til gode resultat. Museet har bygt opp eit omfattande tilfang av materiale, og det er stor aktivitet ved arkivet i form av kurs og annan opplæring, konserter, publikasjonar, foredrag og rettleiing av publikum. Songen,



I Sauda har arbeidet med forståing av industristadkulturen starta med bevaring av ein arbeidarbustad i «Åbø-byen».

musikken og dansen gir Ryfylkemuseet utveg til å utvikle programtilbod som går langt ut over det ein oppfattar som tradisjonelle museumstilbod. I samarbeid med kommunane og lokale utøvarar ligg det føre utvegar til vidareutvikling av folkemusikkarkivet. Og kanskje skal vi ikkje vera redde for å la dei tradisjonelle song-, musikk- og danseformene møte nye uttrykksformer?

Ryfylkemuseet har også tatt på seg ansvaret for å ta vare på og drive eit flytande kulturminne, «Brødrene af Sand», eit av dei siste flytande minna om den viktige fjordafarten gjennom fleire hundre år. «Brødrene af Sand» gir Ryfylkemuseet ein unik utveg til å vera mobile, og til å møte folk der dei bur, eller der dei er samla til stevne. Det er både organisatorisk og økonomisk krevjande å få eit fartøyprosjekt til å lukkast, men «Brødrene af Sand» har hatt så god politisk og folkeleg støtte at det ville vera underleg om vi ikkje skulle greie å nå dei måla museet har hatt for tiltaket. Det er særleg

grunn til å framheva dei bidraga medlemmar i Venneforeninga for «Brødrene af Sand» har ytt for å erververe, restaurere, vedlikehalde og drive fartøyet.

I Sauda har vi samarbeidd med kommunen, fagforeningen og museumslaget om etablering av eit industriarbeidarmuseum. Etter at første steget i utviklinga av museet var ferdig, restaurering og innreiing av ein industriarbeidarbusad i bustadområdet «Åbø-byen», og det var etablert eit lokalhistorisk arkiv der utgangspunktet var materiale frå smelteverket og fagforeningen, har det vore vanskeleg å komma vidare. Men finn ein løysing på dei økonomiske behova, er det mange spennande perspektiv for vidare utvikling av eit industristadengasjement.

Likeeins har Ryfylkemuseet i samarbeid med Suldal kommune arbeidd lenge for å dokumentere og formidle kunnskap om vasskraftutbygging. Draumen om eit eige vassdragsmuseum blei knust av økonomiske realitetar, men målet om gi bidrag til forståing av energiproduksjon med grunnlag i vasskraft står fast. Vi er på leit etter utvegar, og ser at bidrag til debatten om energikjelder og bruken av energi ikkje er blitt mindre aktuell ettersom åra har gått.

Eit museum kviler på to pillarar: Det skal vera eit samfunnsminne, og det skal vera ein møtestad. Ryfylkemuseet har vald å gjera arbeids- og livsformer knytta til primærnæringane, bygningsarven, fjordafarten, songen, musikken og dansen, og dei utfordringane som også bygdene møter andsynes det kulturelle mangfaldet i samfunnet, til satsingsområde. Vi har også eit engasjement knytta til industristaden og energiproduksjonen. Ved hjelp av dei allmenne ressursene museet har hatt til rådvelde, og ved hjelp av romslege omframme tilskott til gjennomføring av særlege tiltak, har museet greidd å bygge opp samlingar og kompetanse knytta til desse satsingsområda.

Vi manglar både tilfredsstillande og tilstrekkeleg areal til å ta vare på samlingane slik vi burde, og har derfor ikkje hatt høve til å bygge opp store samlingar. Og vi har ikkje hatt ressurser til å bygge ut katalogane våre på ein slik måte at samlingane er lett tilgjengelege for andre brukarar. Nå har vi kome så langt at vi i alle fall har fått tomt til, og har prosjektert eit museumsbygg som skal hjelpe oss av med noe av saknet. Vi har god von om at vi skal få tilgang til fjernmagasin i frigjorte fjellhallar på Åmøy, og vi er i ferd med å utvikle eit samarbeid som kan gi von om å nå eit nivå for katalogane, som både kan lette vårt eige arbeid, gi grunnlag for betre samarbruk av museumssamlingane i Ryfylke, og gi publikum betre tilgang til samlingane. Det er såleis von om å sjå lysare tider i møte for det som er grunnlaget for alt museumsarbeid: Dei samlingane som dokumenterer fortida, anten fortida er fjern eller nær.

Den neste store utfordringa vil vera å utvikle publikumstilbodet frå tradisjonell, einvegs formidling, til tovegs kommunikasjon om emne som er viktige for folk som lever i bygdene i dag, anten dei er fødde her, eller har kome her som innflyttarar eller innvandrarar. Skal museet vera ein møtestad, må vi streve etter å finne fram til former for kommunikasjon som gjer at sjølve møtet skaper meinung ut over det ein får med seg ved å ta i mot bodskapen frå museet.

Det er folk som møtest. Dei kjem med sine kjensler og behov, sine spørsmål om livet, si undring over tilverret, si otte for framtida, dei er opptatte av kor dei kjem i frå og kor det ber hen, dei har røter både her og der, og dei lever i ei tid da det meste er flyktig og samanhengane er vanskelege å få tak i. Museet er ein institusjon som har kompetanse i tolking av sosiale og kultuelle forhold, og som har kompetanse innafor pedagogikk, formidlingsteknikk og avvikling av arrangement.

Det er ikkje noe dårlig utgangspunkt for å gjera forsøk på å dekke noen av dei behova folk har. Men skal vi lukkast må vi truleg bli flinkare til å ta utgangspunkt i den tida vi lever i, og kanskje prøve og tolke signala om kva tider som kan komma.

Det er ei stund sidan historikarar og andre kulturgranskarar trudde at dei kunne fråvriste kjeldene objektive sanningar om fortida. I dag er vi klar over at ei kvar historieforståing tar utgangspunkt i vår eigen ståstad. Såleis kan det forteljast mange historier om fortida. Den logiske konsekvensen av det må bli at vi i større grad prøver å forstå vår eiga tid i lys av vårt forhold til fortida, enn i lys av fortida i seg sjølv. Og ikkje berre i forhold til vår eiga fortid, men også i lys av fortida til andre.

Dette opnar for spennande utvegar til å gjera museet til ein breiare arena for kulturskaping og samfunnsforming enn vi har vore vane med. Museet kan setta hendingar og forhold inn i ein samanheng som gir glimt av forståing og grunnlag for refleksjon. Men da må museet ta sjansen på å bruke andre virkemiddel enn berre framsyning av utvalde delar av kulturarven.

Vi må bruke virkemiddel som ikkje berre apellerer til intellektet, men til heile kroppen. Museet må utfør-

dre kjenslene, sansene og motorikken. Vi må våge å vera tabloide. Vi må ta inn i museet uttrykksformer som knyter fortida og nåtida saman.

Samfunnet har mista mange av sine naturlege møteplassar. Måten vi lever på, og transporterer oss sjølve på, gjer at vi ikkje møtest så ofte. Det er viktig både for vår eiga utvikling, og for samfunnet, at vi held opp god kontakt med einnanan. Så må vi laga oss nye møteplassar i staden for dei som er blitt borte. Museet kan vera ein slik møteplass, der refleksjon omkring livet og levemåten i bygdene kan skje på bakgrunn av kunniskap og forsøk på å tolke og forstå det som skjer og har skjett i nær og fjern fortid. Det blir ei annleis rolle enn dei museumsrollene som er skildra ovanfor, men det kan vera ei rolle som svarar til behov i den tida vi lever i nå, og i så måte gjer ikkje museet noe anna enn det alltid har gjort: Det bruker fortida til å fremje den politikken samtida etterspør. Det har alltid dreidd seg meir om kva slags forhold vi har til fortida, kva vi bruker fortida til, enn om fortida i seg sjølv.

Roy Høibo er for tida direktør ved Arkeologisk museum i Stavanger. Han har vore styrar ved Ryfylkemuseet frå 1981, og tar til att i styrarstillinga frå komande årsskifte.

Årsmelding 1999 for Ryfylkemuseet

VEDTATT I STYREMØTE 14. MARS 2000

Under årsmøtet til Norges museumsforbund på Lillehammer i juni blei Ryfylkemuseet utropt til «Årets museum» 1999. Prisen blei delt ut av statssekretæren i kulturdepartementet på vegner av Norsk museumsutvikling. Målet med prisen er at han «skal oppmuntre og framheve gode tiltak til inspirasjon og forbilde». Prisen blir delt ut til eit museum «som viser særleg innsats i forhold til tilgjengelige ressurser og for innsats i et totalkonsept eller for særlig kreative tiltak på smalere områder».

Ryfylkemuseet fekk prisen ut frå ei totalvurdering av arbeidet ved museet. Det var likevel lagt særleg vekt på den funksjonen museet har som møteplass i lokal-samfunnet, og på den rolla museet har spelt i integreringa av innvandrarar i bygdesamfunnet. Det heiter vidare i grunngivinga at museet i alle år har «vist et sterkt samtids- og samfunnsengasjement, og har gjennom praktisk arbeid vist at det både kan og vil gi bidrag til ei positiv bygdeutvikling». Det blei dessutan lagt vekt på det omfattande samarbeidet museet har hatt med kulturkontor, lag og organisasjoner.

Det var ei stor ære og ei stor glede for museet å motta denne utmerkinga. Men det er ikkje den einaste gleda vi kan melde om i 1999. Det største enkelttiltaket i museet si soge blei også slutført i meldingsåret. «Brødrene af Sand» blei sjøsett i Norheimsund 30. mai, og kom heim til Sand 28. august, etter to års restaurering. Arbeidet med bevaring av Ryfylke-jekta «Brødrene af Sand» viste seg å bli eit svært arbeids- og kostnadskrevjande prosjekt, men heimkomsten blei ein

folkefest av eit omfang som viste at tiltaket hadde stor oppslutning mellom folk flest.

Ryfylkemuseet driv ei bygdehistorieforsking og ei bygningsforsking på høgt nivå, og vi har eit aktivt folkemusikkarkiv. Frå alle desse arbeidsområda er det gitt ut fine publikasjonar i meldingsåret. I samarbeid med Suldal husflidslag lukkast vi med å få til ei interessant utstilling om rosemålinga i Ryfylke, og vi har vidareutvikla samarbeidet med reiselivsorganisasjonane om å legge forholda til rette for turistar i Ryfylke.

ORGANISASJONEN

Ryfylkemuseet er organisert som ein stiftelse, der medlemmane i museet, kommunane i Ryfylke, fylkeskommunen og dei tilsette nemner opp medlemmar til styret.

På slutten av året hadde museet 741 medlemmar/abonnementar. Det er ein framgang på 41 frå året før, og det er framgang i heile regionen. Medlemmane fordeler seg slik mellom dei enkelte kommunane i Ryfylke (tal for 1998 i parantes):

Sauda	80	(77)
Suldal	216	(180)
Hjelmeland	70	(66)
Strand	28	(22)
Forsand	9	(9)
Finnøy	80	(68)
Rennesøy	65	(52)
Kvitsøy	7	(5)
Andre	186	(161)

Det blei halde årsmøte for medlemmane 13. april. Det møtte 27 medlemmar. Før dei vanlige årsmøtesakene underheldt Sand Songarlag, og John Jastrey viste lysbilde frå den første turen med «Brødrene» i 1997, frå Oslofjorden til Sand og Hardanger.

Trygve Brandal blei attvald som styremedlem for 2 år. May Britt Jensen frå Rennesøy blei vald som ny vararepresentant. Valnemnda, Aslaug Alstad, Helga Møgedal og Ståle Eggebø, blei attvald.

Styret har dermed hatt denne samansettinga:

Frå medlemmane:

Trygve Brandal, Hjelmeland, leiar
Arnulv Honerød, Sauda, nestleiar
Vararepr. Jan Ringstad før årsmøtet, deretter
May Britt Jensen
Tora-Liv Thorsen

Frå kommunane:

Børge Skeie, Suldal
Marie Grindheim, Sauda
Erling Haaland, Kvitsøy
Vararepr. Arild Winterhus,
Aslaug Astad, Anne Marie Svendsen

Frå fylkeskommunen:

Rolf Egil Teig
Vararepr. Signy Nerheim

Frå dei tilsette:

Gaute Berge Nilsen
Vararepr. Bjørg Jorunn Myhre til 1.3
seinare Sanja Ignjatic

Styret har hatt 2 møte og eitt telefonmøte i år, og har

behandla 13 saker. Begge møta var på Sand, det siste den dagen «Brødrene» kom heim, ferdig restaurert. Når styret har så få møte, er det på grunn av at det er utarbeidd og vedtatt handlingsprogram (som blir rulldert) og ein heil del planar for dei ulike sidene av drifta.

UTVIKLINGA AV MUSEET

I vår kom Rogaland fylkeskommune ut med «Sektorplan for kultur». Dei kallar han kort og handlingsretta, og meiner han skal hjelpe politikarar og administrasjon til å oppnå eit overordna perspektiv. Planen kjem i tillegg til Museumsplan for Rogaland av 1992, ikkje til erstatning av denne. Under avsnittet om musea seiest det likevel at «Museene bør utvikles i samsvar med gjeldende museumsplan **i den grad det kan skaf-fes økonomi**», noko som svekker tiltrua til 92-planen og veker uro.

Handlingsplanen tar til orde for fleire fellestiltak som fotobearvingstenester og konserveringstiltak, noko som må helsast med glede. Det blir foreslått å opprette ei ny stilling i fylkeskommunen som saksbehandlar for museumssaker og ei konservatorstilling som kan ambulere mellom distriktsmusea og gi dei fast tilsette høve til periodar med forsking. Frå vår synsvinkel ville vi ønskje at dei to stillingane Ryfylkemuseet står for tur til å få, ifølgje museumsplanen av -92, blei oppretta før ein oppretta nye stillingar.

Dei to stillingane vi sårt treng er ein handverkar og ein konservator, og behovet er altså erkjent av fylkeskommunen alt i -92.

Det er ei kjend sak at dagens handverkarar flest ikkje beherskar dei tradisjonelle måtane å velje ut materialar og bygge hus på, og dermed manglar kunnskap til å vedlikehalde og reparere gamle hus for musea og for privatfolk. Ryfylkemuseet tok denne

erkjenninga som ei utfordring, og fekk etablert «Prosjekt Bygningsvern i Ryfylke» i 1995. Det er gjort eit stort feltarbeid med registrering, fotografering og intervju, og det er halde diverse kurs og mange foredrag. Prosjektet står no framfor si avslutting. Det konkrete resultatet er til no 5 rapportar om ulike deler av byggeverksemd, dessutan er det meininga å lage ei større bok som 6. og siste rapport.

Museet er opptatt av å vidareføre prosjektet. Utruleg mykje kunnskap er innsamla, og vi er stadig meir blitt merksame på behovet samfunnet har for denne kompetansen. Etter at styringsgruppa for bygningsvernssenteret hadde vedtatt å arbeide for eit permanent senter for bygningsvern knytta til Ryfylkemuseet, blei det den 8. mars halde eit møte med bidragsytarane. Med bakgrunn i denne drøftinga blei det fremja ein søknad til fylkeskommunen om oppretting av ei ny, permanent stilling knytta til museet. Søknaden er følgt opp med ulike samtalar med representantar for dei politiske partia, og etter valet blei det arrangert eit nytt møte i Stavanger med dei nye leiarane for undervisnings- og regionalutviklingsutvala. Ved årsskiftet hadde vi enno ikkje fått svar på søknaden. Det er og halde møte med Suldal kommune om saka.

Ryfylkemuseet flytta i eige hus i 1991. Alt den gongen var huset for lite, og museet har i alle år leigd magasin, verkstad og kontor andre stader.

Reguleringsplanen for det aktuelle området er vedtatt i haust, og museet har fått utarbeidd forprosjekt til nybygg på communal tomt ved sida av noverande administrasjons- og utstillingsbygg. I november og desember gjekk søknader til Norsk kulturråd, fylke og kommune om tilskott til bygget, kalkulert til ca. 16 millionar.

Suldal kommune har vedtatt ein strategisk kultur-

plan for 1998-2001. Ein strategi er å «legge til rette for at Ryfylkemuseet kan få utvikle seg vidare til eit regionalt kompetansesenter og til eit opplevingsenter for fjordkultur og vasskraftutnytting, alt i tilknytting til museet sitt hovudsete i Suldal». Museet har skriftlig gjort greie for på kva måtar vi alt er eit slikt kompetanse- og opplevingssenter og har deretter hatt møte med kommunen i mars, i september og i desember om vidare utvikling. Ein plan for konkrete tiltak vi ville ønskje communal medverknad til er under arbeid.

Ryfylkemuseet sin aktivitet har vore stigande år for år, og i dette året har museet nådd ein topp. Det kan no vere tid for å sikre det som er oppnådd og styrke eksisterande tiltak, framfor å gå i gang med nye prosjekt.

Økonomien har vore bra i museet, men i år må vi tolle eit underskott. Inntektene aukar ikkje i takt med utgiftene, og dette gjer at vi må vere ekstra på vakt for innkjøp og andre utlegg framover.

TILSETTE

Faste stillingar:

Anne Olaug Hiim, kontorfullmektig (vikar), til 23.5

Roy Høibo, førstekonservator/styrar, til 31/10

Sanja Ignjatic, sekretær (80%), frå 25.5

Kjell Johnsen, handverkar

Ruth Anne Moen, konservator folkemusikkarkivet

Bjørg Jorunn Myhre, kontorfullmektig (perm.) til 1.3

Jan Møgedal, sekretær (20%), frå 25.5

Gaute Berge Nilsen, avdelingsleiar

Olaug Nybø, konservator/styrar (vikar), frå 1/10

Mellombels stillingar:

Ernst Berge Drange, konservator bygdebokarbeid

Maria Corazon Dørheim, reinhaldar (timeløna)

Grete Holmboe, medarbeidar bygningsvernprosjektet (50%)

Anne Margrethe Myhre, assistent bygningsvernprosjektet (timeløna)
Oddwar Rønning, registrering og arkiv (timeløna)

Korttidsengasjement:

Velaug Bakka, Ommund Berge, Mads Drange, Ann Kristin Eikeli, Jone Endresen, Bjørn Fremmersvik, Kolbein Fremmersvik, Borgny Hoftun, Kate Nancy Husby, Ingrid Høibo, Karoline Høibo, Lars Jelsa, Wenche Johnsen, Øystein Moe, Sveinung Søyland Moen, Laurentza Wigestrød

I tillegg har nær 20 personar hatt enkeltoppdrag på kurs og med foredrag. 9. klasse ved Sand skule har tatt ein pakkesjau for oss, og Hjelmeland Bondekvinnelag har vaska i Vigatunet.

Tilknytta stillingar:

Åse Jensen, fagkonsulent Hjelmeland, lønna av Hjelmeland kommune

Totalt blir dette ca. 9,5 årsverk.

Venneforeninga til «Brødrene af Sand» har utført ein god del frivillig og ulønna arbeid både før og etter at skuta kom til Sand i august.

KVALITETSSIKRING

For å sikre best muleg kvalitet på det arbeidet som blir utført har museet sett i verk ei rekke tiltak med siktet på kompetanseheving og utvikling av medarbeidarane. Så langt museet finn midlar til det får dei tilsette høve til å delta på ulike kurs, seminar og møte som tar opp relevante problemstillingar. Museet har også oppmunttra til at dei tilsette tar på seg verv som gir utveg til eigenutvikling gjennom deltaking i museums-relevant

arbeid på høgare nivå. Det arbeidet som Norsk Museumsutvikling (NMU) driv er av særleg stor betydning for utvikling av kompetansen ved musea. Ryfylkemuseet har i år deltatt på seminar om samtidsskiften og om den fleirkulturelle utfordringa, i regi av NMU.

Vi har også sett verdi av å delta i internasjonalt arbeid så langt pengane rekk, og har utvikla eit vennskapssamband med Down County Museum i Downpatrick, Nord-Irland. I mai i år hadde vi besøk av ei gruppe museumsstyrarar og konservatorar frå ulike regionmuseum i Nord-Irland.

I samarbeid med Ryfylke HMS-senter er det gjennomført ei arbeidsmiljøundersøking. Resultatet av undersøkinga var samla sett svært positivt. Dei tilsette er fornøgde med arbeidet sitt, med arbeidskameratane og med arbeidsplassane i Nesasjøhuset. Forbedringsområde var faglig oppdatering, faglig fellesskap, arbeidstempoet, fleksitidsordninga, fysisk tungt arbeid, reinhaldsrutinane, ventilasjonen og det å fokusere på det positive.

Sjukefråværet var samla 59 dagar. Av dette var det 2 sjukmeldingar på 2 og 4 veker, resten 12 fråvær på 1-2 dagar. 6 av dei tilsette hadde fråvær, 3 ikkje (9 personar, men 6,5 stilling). Fråværet er på 3,5 %.

Personalmøte blei halde 1. februar.

Det blei gjennomført medarbeidarsamtalar i februar.

Den 8. januar heldt Ryfylkemuseet årsmiddag for dei tilsette med ledsagarar.

Då Ryfylkemuseet fekk prisen som «Årets museum 1999», var det god grunn til å feire, og tilsette, styre og vener blei inviterte til sommarfest i hagen hos styra- ren 11. juni.

Dei tilsette med familiemedlemmar hadde personaltur med «Brødrene af Sand» 5. september. Turen gjekk inn i Hylsfjorden, og rundt 20 menneske var med.

Det årvisse personalseminaret gjekk 6.-7. oktober til Lofthus i Hardanger. På vegen dit stoppa vi på Vestnorsk Industriadmuseum i Tyssedal. Vi møtte der dei fleste av dei tilsette, fekk omvising og orientering om deira utviklingsplanar, og til slutt såg vi eit spennande bildespel om industriutviklinga i Odda/Tyssedal.

På personalseminaret gjekk det meste av tida med til å diskutere handlingsplanen for år 2000, men innimellom blei det tid til å nyte dei vakre omgjevnadane inne og ute, og til å hygge seg i lag.

Reiser og representasjon:

Roy Høibo

januar

Terra Nova, konf. om bygningsvern, Lillehammer

januar

Etnologseminaret 1999, Voss

februar

Museumsleiarmøte, Stavanger

mars

NMU Samdok-konferanse, Lillehammer

juni

NMF årsmøte, Lillehammer

juni

NMU konf. om den fleirkulturelle utfordringa, Oslo

Ruth Anne Moen:

januar

Rådet for folkemusikk og folkedans, Oslo

februar

Forum for folkemusikktilsette, Gol

februar

Seminar og årsmøte, Norsk Folkemusikklag, Gol

mars

Fagseminar for folkemusikkarkiv, Trondheim

juni

Rådet for folkemusikk og folkedans, Oslo

august

Seminar om nordisk dansetypologi, Trondheim

oktober

Rådet for folkemusikk og folkedans

Gaute Berge Nilsen

mars

NMU Samdokseminar, Lillehammer (bet. av arr.)

mai/juni

NMU Samdok foto, Stavanger

juni

NMF årsmøte, Lillehammer

september

Nordisk genbank/NLH seminar gamle fruktslag, Hermansverk (bet. av arr.)

november

NMU Samdokseminar, Oslo

november

Livrustkammaren, Stockholm; hospitere i ferien på eigen kostnad

SAMLINGANE

Bygningane:

Den mest iaugefallande delen av samlingane til Ryfylkemuseet er bygningssamlinga. Museet eig 51 bygningar og har i tillegg drifts- og vedlikehaldsavtale for 4. Talet har ikkje auka sidan i fjar. Bygningane står i hovudsak på sine opphavelige tufter, og representerer såleis både eit viktig potensiale for kunnskap om byggeskikken i Ryfylke og verdfulle innslag i kulturland-

skapet i regionen. Dei viktigaste arbeida som er utført i tilknyting til bygningssamlinga dette året er desse:

Alle anlegga er synfarte og nødvendige strakstiltak utførte. Taket er reparert på Industrimuseet i Sauda, og vasshjulet på Hustveit er sett i stand. I Kvednahola på Vasshus er det gjort mykje arbeid med å rekonstruere vassrenna. På Håland er utført diverse arbeid med bjelkelag, golv og dører.

Ryfylkemuseet ønskjer å utvide den frukthistoriske hagen i Hjelmeland, men i hagen ved Vigatunet er det ikkje meir plass. Det har vore arbeidd med fleire alternative utplantingsstader, men ved slutten av året var det enno ikkje tatt noko avgjerd. Eit stort arbeid er avslutta med å dokumentere fruktdyrking, og dette skal gå inn i eit planlagt bildespel e.l. som skal brukast i formidlinga av fruktdyrkningsnæringa.

Hiim-saga, ein demontert og lagra bygning frå 1896, er etter på tapetet etter at lagereigar har sagt opp avtalen. Museet meiner, no som før, at saga bør settast opp igjen på Einersneset ved Nesasjøhuset, og har bekrefta overfor LMT-utvalet i Suldal kommune at styret har vedtatt at museet, på visse vilkår, skal arbeide for dette saman med Interesseforeninga for Hiim-saga. Utvalet har vore på synfaring, men ved årets utgang har det ikkje skjedd meir i saka.

Gjenstandar:

Museet har i året fått gjenstandar frå Ryfylke Handelsforening, Hjelmeland og frå Tora-Liv Thorsen, Forsand.

Ein gjenstand i særklasse – eller ein «bygning»? – er «Brødrene af Sand». Fartøyet blei sjøsett på Hardanger

Fartøyversenter i Norheimsund 30. mai, og kom heim til Sand 28. august. Deretter har skuta vore på slipp der plasseringa av propellen blei forandra og mindre manglar elles retta opp. Ved utgangen av året har det ikkje lukkast å få tilfredsstilande vinteropplagsplass for skuta, så ho ligg ved museet, der ho er nokså utsett for enkelte vindretningar. Det er søkt om plass i hamna til Sand Båtforening. Styret i båtforeninga hevdar at om «Brødrene» skal ligge i småbåthamna, må der utførast forsterkingar og utbetringar. Om så skal skje blir trulig avgjort når foreninga har årsmøte i januar 2000.

Den eine av dei to robåtane våre er oppussa i år.

Etter at eigarane av Barkeland i 1994 sa opp leigavtalen museum hadde for inventarsamlinga der, har samlinga vore utilgjengelig. I forståing med Rogaland fylkeskommune har Ryfylkemuseet bestemt seg for å flytte inventaret til Håland, der det vil høve godt. Museet har søkt juridisk hjelp for å avklare rettane ein har, og uttalen var eintydig i museet sin favør. Eigarane av Barkeland ser det annleis. Dei meiner at testamentet forbyr flytting av gjenstandane frå Barkeland, sjølv om dei ikkje kan stillast ut der (eigarane ønskjer å disponere romma sjølv). Saka står då slik at Ryfylkemuseet betalar husleige og forsikring for ei gjenstandssamling som er utilgjengelig.

Magasinet museet leiger i Tysdalsverkstaden på Sand held ikkje mål. Plassen er for liten, så ting må stablast slik at ein misser oversikta og ting kan ta skade. Det er ikkje plass til å oppbevare gjenstandar frå miljøavdelingane her utanfor sesongen. Det verste er likevel inneklimaet, som er til stor skade for mange av gjenstandsgruppene. Det mest utsette er tatt inn i arkivet på Nesa-sjøhuset, men her er det også fullt.

For å avhjelpe verste nedbrytinga er det i haust mon-

tert avfuktar i bygningen. Til dette og andre mindre tiltak har vi fått rettleieing av teknisk konservator som arbeider for Rogalandsmusea i ein tre-årig prosjektperiode.

Rogaland fylkeskommune arbeider med å skaffe musea eit stort felles magasin. Tanken er å leige eit nedlagt militærdepot på Åmøy, og forhandlingar og planlegging er komme eit stykke på veg. Ved årets utgang er det enno ikkje tatt avgjerd i saka.

Biblioteket:

Tilveksten i biblioteket vårt er i år på 49 bøker. Dessutan har vi fått 18 årbøker i bytte frå andre museum og historielag mot vår eiga årbok.

Foto, video, film og anna arkivmateriale:

Ryfylkemuseet har ein tilvekst på 7 videokassettar. Det er arkivert 324 svart/kvitt foto, 157 fargebilde og 1 489 dias. 402 svart/kvitt fotos er reproduisert.

Folkemusikkarkivet har produsert 2 videoar med instrumentdokumentasjon, spel og intervju.

Bygningsvernprosjektet har registrert 380 dias i 1999.

Det er tatt imot arkivalia frå Ryfylke Handelsforening, Hjelmeland, og frå Tryggen Larsen, Nesodden.

Ryfylkemuseet har produsert 47 lydkassettar.

Folkemusikkarkivet har lånt inn 18 spoleband med diverse opptak, til kopiering. Det er også lånt inn notar og tekster. Noko feltarbeid er gjort i samband med årets bokutgjeving, m.a. i Vindafjord og Sauda.

Bygningsvernprosjektet har intervjua 12 informantar i 1999. 6 hus er oppmålte i 1999. Det er utarbeidd ein ny dokumentasjonsrapport i 1999.

Folkemusikkarkivet har fått gjort lite registreringsarbeid pga at dataprogrammet braut saman tidlig på

året. Ved årets utgang er det bestilt ny datamaskin; arbeidet kan derfor takast opp igjen.

KUNNSKAPSProduksjon

Bygebokskrivaren hadde permisjon to månader for å skrive soga til Sauda Fabrikkarbeiderforening, «Mænd som ved hvad solidaritet er». Boka kom ut i august. Dette arbeidet var fullt ut finansiert av oppdragsgjevarene.

Elles har arbeidet med Suldal Bygdebok pågått heile året. Sand Gardar og Folk bind III blei levert til trykking i oktober. Arbeidet med Erfjordboka er komme i gang.

Arbeidet ved prosjektet Bygningsvern i Ryfylke har resultert i 2 rapportar i år, «Glas, dører og listverk» (4) og «Taktekking» (5).

FORMIDLING

Miljøavdelingane:

Takka vere tilskott frå Suldal reiselivslag, Sauda turistkontor og Hjelmeland kulturkontor har det vore mogleg å halde ope på Kolbeinstveit, i Skulemuseet på Jelsa, på Hustveit og i Vigatunet meir enn der er grunnlag for i billettinntektene.

Udstillingar:

Udstillinga «Roser frå Ryfylke» blei vist på Nesasjøhuset i tida 13. mars - 30. april. Udstillinga var eit samarbeid med Suldal husflidslag, og gjenstandane var lånte inn frå private samlarar, men også frå museum og institusjonar i regionen. På opningsdagen deltok Knut Buen, kjend rosemålar og felespelar.

Suldal kunstlag har vist 5 ulike utdstillingar i Nesasjøhuset, 2 om våren, 1 sommarutstilling og 2 om hausten.

Det blei sett opp ei instrumentutstilling i Vindafjord-hallen i samband med kurs og seminar i mars.

Vandreutstillinga «Bygningsvern i Ryfylke» som blei opna på kulturferja under kulturfestivalen i Ryfylke i 1998 har i 1999 vore vist i kommunehuset i Hjelmeland, i Torghuset i Strand, i kommunehuset i Suldal, avdeling Garaneset, på aldersheimen Vinjarheim i Suldal og på Sauda vidaregåande skule, avdeling Suldal.

Det samla besøket som er registrert i året er 8 201, og det er ein nedgang på 1 158 frå året før. Nedgangen er på vel 12 % totalt, men fordeler seg ulikt. Mens Hustveit i Sauda og hovudsetet på Sand har auke i besøket, er det Kolbeinstveit og Vigatunet som først og fremst har nedgang, dessutan Jelsa.

Besøket fordeler seg slik (tal for 1998 i parantes):

Industriarbeidarmuseet	80	ikkje reg.
Sinkgruvene	366	(406)
Jonegarden, Hustveit	744	(510)
Nesa-sjøhuset	4 033	(3 387)
Stampa på Kvæstad	ikkje reg.	(63)
Kolbeinstveit	853	(2 501)
Røynevarden	ikkje reg.	ikkje reg.
Skolemuseet på Jelsa og Jelsa kyrkje	1 114	(1 291)
Vigatunet	788	(1 201)
«Brødrene af Sand»	223	

Folkemusikkarkivet har veileda skulelevar i lokalmiljøet og hatt ein praktikant frå Raulandsakademiet i Telemark i 4 veker. Det er undervist i lokale skular og på Skolemøtet for Rogaland, og det er halde kurs under seminar i Skjold/Vats, og i Sandnes i regi av

Sandnes musikkråd. Publikum kjem innom eller ringer og ber om opplysningar og kopi av arkivmateriale.

Ryfylkemuseet har halde kurs i metallkonservering i samarbeid med Eirik Aarebrot ved Senter for konserveringstjenester.

Gaute Berge Nilsen har halde kurs i gjenstandsregistrering i Hjelmeland kommune.

Ryfylkemuseet har gitt råd og rettleiing til private eigarar av verneverdige bygningar i distriktet.

Publikasjonar:

Ryfylkemuseet sitt årsskrift «Folk i Ryfylke» hadde i år «Brødrene af Sand» og fjordafarten som tema. Skriften var uvanleg omfangsrikt og inneholdt 18 større og mindre artiklar i tillegg til redaksjonelt og musealt stoff. Fleire av museet sine tilsette hadde fyldige artiklar her.

Folkemusikkarkivet for Rogaland har gitt ut Ruth Anne Moen (red.) «Den yndigste Rose. Julesalmar frå arkivet». Boka inneheld tekstar, notar og informasjon om informantar/songarar, og ein CD med arkivopptak og nyinnspeilingar er del av boka.

Bygningsvernprosjektet har gitt ut 2 temarapportar i 1999. Rapport nr. 4 om dører, glas og listverk, og rapport nr. 5 om taktekking.

Undervisning, foredrag og kåseri:

Roy Høibo har halde foredrag for årsmøtet i Rogaland Husflidslag om rose måling i Ryfylke, for Ryfylke Vekst om mattradisjonar og for årsmøtet i Sand Meieri om Sand. Han heldt og tale for dagen i Erfjord 17. mai.

Ruth Anne Moen har halde foredrag om folkemusikken i Karmsundregionen på folkemusikkseminaret til Skjold/Vats sogelag, om folkemusikk i Nedstrand og omegn for museumslaget i Nedstrand og på Ryfylkemuseet i samband med besøk av museumskollegaer

frå Nord-Irland. Ho har også halde kåseri ved fleire høve i institusjonar og foreningar.

Gaute Berge Nilsen har halde foredrag for museumskollegaer om L-97 og musea med utgangspunkt i utstillinga «Den lange vegen». Han har halde foredrag for «Reisemål Ryfylke» om «Brødrene» og framtidig bruk av den, og han har halde foredrag for Sand Sanietsforening og for private bedrifter som gjestar Sand og ønskjer å få kunnskap om staden. I november heldt han ei gatevandring i Sand sentrum.

Grete Holmboe har halde foredrag om byggeskikk for rektormøtet i Rogaland, Jelsa museumslag, Tysvær historie- og ættesogelag, museumsstyrarar frå Nord-Irland og for Sand Rotary.

Dei tilsette har vist om i utstillingane i Nesasjøhuset, og fleire har undervist i tilknyting til desse.

Aktivitetar:

Då «Brødrene af Sand» kom heim 28. august, var det folkefest på Sand. Lokale krefter underheldt med song og musikk, her var talar, demonstrasjonar, sal av mat og suvenirar, utstillingar og konsert med Erik Bye; til slutt dans på hotellet. Mange andre veteranbåtar var frammøtte. Dagen etter fekk dei som ville ein tur på fjorden med «Brødrene», og om kvelden var det shanty-konsert på Nesasjøhuset.

Det var folkemusikkhelg på Lindum 24.-26. september, med kurs i song, spel og dans, med kveldsete, konsert og dans for alle laurdagskvelden.

I november var Folkemusikkarkivet med og arrangerde springarkveld på Sand. Dette var ikkje eit kurs, men oppfølging av tidlegare kursdeltakarar og andre som kan dansen etter «naturmetoden».

I Vigatunet var det kyrkjekaffi 6. juni i samarbeid med Hjelmeland kommune og soknerådet. I tillegg til

serveringa var her kåseri og musikk. 18. september var det fruktfest i Hjelmeland kommune. Då var det mottaking i Vigatunet med servering, kåseri og musikk. 6. oktober var her kveldsete der Njål Tjeltveit fortalte om arbeidet sitt med boka om fjellvegar til og i Ryfylke.

I samband med utgjevinga av boka «Den yndigste Rose» blei det halde konserter i Suldal kyrkje og Imsland kyrkje, begge 18.12.

ANNA

Bygdebokforfattar Ernst Berge Drange fekk i desember Tysnes kommune sin kulturpris for 1999. Denne fekk han for dei fire gards- og ættesogene han har skrive og arbeidet han har utført for Lokalhistorisk arkiv i Tysnes på 1980-talet. Sjølv om dette er arbeid han har gjort før han kom til Ryfylkemuseet, finn vi grunn til å ta det med her. For Ryfylkemuseet er det positivt å ha tilsette som har utført arbeid som oppdragsgivar og brukarar verdset høgt!

AVSLUTNING

Ryfylkemuseet takkar mange for samarbeidet i året som gjekk. Det har vore frivillige lag: Suldal kunstlag, Suldal husflidslag og Venneforeninga til Brødrene af Sand, og det har vore institusjonar og instansar som Hardanger Fartøyvernssenter, reiselivslag og kulturkontor. I tillegg ei rekke privatpersonar som hjelper og støttar oss på mange måtar.

Takk til alle!

Rekneskap 1999

RESULTATREKNEKAPEN

	1999	1998
Driftsinntekter	6.774.634	6.957.400
Varekjøp	-205.697	-249.936
Lønn og sos. utgifter	-2.530.666	-2.702.936
Andre kostnader	-4.513.430	-3.757.580
Driftsresultat	-475.159	246.948
Finansinntekter	158.383	116.810
Finanskostnader	-3.701	-3.221
Resultat av finansinntekter/-kostnader	154.682	113.589
Årsoverskott/-underskott	-320.477	360.537
Avsett frie fond		-98901
Bruk av eigenkapital	30,06	146.073
Bruk av eigenkapital	31,12	174.404
Sum disponert/dekka inn	320.477	-261.636 -360.537

BALANSEREKNESKAP

	1999	1998
Eige		
Anleggsmidlar	245.486	0
Kundefordringar	170.339	837.270
Forskott	773	0
Bank, skattetrekk	68.034	83.426
Bank. brukskonto	969.294	2.450.530
Postgiro	113.266	136.654
Kasse	2957	957
Sum omløpsmidlar	1.324.663	3.508.837
Sum eige	1.570.149	3.508.837
Eigenkapital	415.912	736.389
Avsettingar	691.067	2.159.031
Leverandørgjeld	169.149	275.476
Skattetrekk	69.013	83.426
Skuldig arbeidsgjevaravgift	62.259	70.997
Skuldige feriepengar	191.879	198.761
Anna skuld	1.968	835
Mva-oppgjer	-31.098	-16.078
Sum gjeld	463.170	613.417
Sum gjeld og eigenkapital	1.570.149	3.508.837

Ryfylkemuseet mai 2000

Trygve Brandal <i>styreleiar</i>	Arnulv Honerød <i>nestleiar</i>	Marit Jelsa	Arild Winterhus
Malvin Sandanger	Magnar Hapnes	Gaute Berge Nilsen	Olaug Nybø <i>museumsstyrar</i>

Årsberetning for Ryfylkemuseet 1999

ARTEN AV VERKSEMID OG KOR DEN BLIR DRIVEN

Ryfylkemuseet er eit museum som har til formål å ta vare på, arbeide med og gjere kjent materiele om liv og verksemd i Ryfylkeregionen frå tida etter reformasjonen og fram til i dag. Museet legg stor vekst på samfunn- og samtidsengasjement. Hovudsetet er på Sand i Suldal kommune.

FRAMHALD AV DRIFTA

Institusjonen har føresetnader for å drive vidare, og årsrekneskapen for 1999 bygger på dette.

ARBEIDSMILJØ

Det sosiale og fysiske arbeidsmiljøet ved Ryfylkemuseet blir vurdert som godt.

YTRE MILJØ

Drifta av Ryfylkemuseet ureinar ikkje det ytre miljøet.

Trygve Brandal
styreleiar

Arnulv Honerød
nestleiar

Marit Jelsa

Arild Winterhus

Malvin Sandanger

Magnar Hapnes

Gaute Berge Nilsen

Olaug Nybø
museumsstyrar

REVISJONSBERETNING 1999

Vi har revidert årsregnskapet for Ryfylkemuseet for regnskapsåret 1999, som viser underskudd på kr 320.477. Vi har også revidert opplysningene i årsberetningen om årsrekneskapet, forutsetningen om fortsatt drift og forslaget til dekning av underskuddet. Årsregnskapet og årsberetningen er avgitt av selskapets styre og daglig leder. Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold i henhold til revisorlovens krav.

Vi har utført revisjonen i samsvar med revisorloven og god revisjonsskikk. God revisjonsskikk krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper og vesentlige regnskapsestimer, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av årsregnskapet. I den grad det følger av god revisjonsskikk, omfatter revisjon også en gjennomgåelse av selskapets formueforvaltning og regnskaps- og intern kontroll-systemer. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

Vi mener at

- årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir uttrykk for selskapets økonomiske stilling 31. januar 1999 og for resultatet i regnskapsåret i overstemmelse med god regnskapsskikk
- Ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i samsvar med lov
- opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet, forutsetningen om fortsatt drift og forslaget til anvendelse av dekning av underskuddet er konsistente med årsregnskapet og i samsvar med lov og forskrifter




Mette Jensen Moen
fylkesrevisjonssjef

Jan Egil Thorsen

Bøker og hefte frå Ryfylkemuseet

<i>Blant silkebus og bønder</i> av Roy Høibo	78,-
<i>Bygda sitt hjarte</i> av Njål Tjeltveit	170,-
<i>Den lange vegen. Rapport om museet og den fleirkulturelle utfordringa</i> av Roy Høibo	70,-
<i>Den yndigste rose. Julesalmar frå arkivet</i> (med innlagt CD) av Ruth Anne Moen	248,-
<i>Då besta va' ung</i> av Roy Høibo	25,-
<i>Etterkrig-Ryfylke</i> av Njål Tjeltveit	228,-
<i>Folkemusikkformidling</i> av Ruth Anne Moen	120,-
<i>Folkemusikk frå Rogaland</i> av Ruth Anne Moen	10,-
<i>Folk i Ryfylke 2/84-2/88</i>	45,-
<i>Folk i Ryfylke 1989-1992</i>	85,-
<i>Folk i Ryfylke 1993-1997</i>	100,-
<i>Folk i Ryfylke 1998-1999</i>	150,-
<i>Frå torvskurd til tingsal</i> av Lars Hellemo	78,-
<i>Geit og stol – Geitehald i Ryfylke og Nord-Rogaland</i> av Trygve Brandal og Njål Tjeltveit	228,-
<i>Geiterams</i> av Jon Moe	100,-
<i>Jelsa Kyrkje</i> av Roy Høibo	30,-
<i>Kari</i> av Jon Moe	248,-
<i>Ryfylkevegen – Kulturhistorisk vegbok</i> av Roy Høibo og Njål Tjeltveit	30,-
<i>Sau og hei – Sauehald og heiaføring i Ryfylke og på Haugalandet</i> av Trygve Brandal og Njål Tjeltveit	328,-
<i>Soga om Sand</i> av Roy Høibo	300,-
<i>Songar frå Jelsa</i> av Øystein Haga og Ruth Anne Moen	75,-
<i>50 år i opposisjon</i> av Roy Høibo	65,-

Vi har også eit utval av CD/MC med norsk folkemusikk



Ryfylkemuseet har hatt eit fireårig prosjekt om byggeskikk og bygningsvern. I denne perioden er det arbeidd med alle delar av bygningane, frå fundament til tak. Det er lagt stor vekt på å få dokumentert overlevert tradisjonskunnskap om arbeidsmåtar, verktøybruk og materialar.

Etter kvart som dei enkelte delane av prosjektet er gjennomførte, er det trykt rapportar om resultata av arbeidet. Fem slike rapportar er ferdige til nå. Desse er til salgs hos Ryfylkemuseet. Rapportane er trykte som hefte og er rikt illustrerte.

Bygging med stein	kr. 45,-
Konstruksjon i tre	kr. 45,-
Treet som virke	kr. 45,-
Glas, dører og listverk	kr. 65,-
Taktekking	kr. 65,-

I tillegg til utsalsprisen kjem eventuell porto.
Ryfylkemuseet, Nordenden 14, 4230 Sand.
Telefon 52 79 29 50 - Faks 52 79 29 51
E-post ryfymus@robin.no